



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 28.01.2016
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 20.01.16

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 2/16	Protokoll frå førre møte.
PS 3/16	Delegerte saker
PS 4/16	Referatsaker
PS 5/16	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs delar av FV 10 Moltustranda
PS 6/16	Interkommunalt planarbeid for kystsona - val av medlem til arbeids- og koordineringsgruppa
PS 7/16	Kommunereform 2016 - retningsval
PS 8/16	Folkerøysting om kommunereform
PS 9/16	Ekstra busetting av flyktningar i 2016 og 2017
PS 10/16	Gnr. 53 bnr. 1 Eigar: Geir og Marianne Tjervåg - elveforbygging i Tjørvågelva - vedtak distriktsdel til NVE
PS 11/16	Revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinhalsverk IKS - godkjenning
PS 12/16	Val av avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging - prinsippvedtak
PS 13/16	Bulystprosjektet. Sluttrapport.
PS 14/16	Vedtekter for kommunale barnehagar. Forslag om endringar.
PS 15/16	Orientering om tilsyn etter barnehagelova i private barnehagar
PS 16/16	Val til forstandarskapet i Sparebank 1 Søre Sunnmøre 2015-2019
PS 17/16	Val av leiar og nestleiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/16	Øystein Skogstad 45/42 - Løyve til oppføring av tilbygg
DS 2/16	Inger Marie Krogstad og Tommy Sollibakke 26/229 - Løyve til oppføring av einebustad og garasje
DS 3/16	Mellombels bruksløyve 45/162 seksjon nr B
DS 4/16	Ferdigattest garasje/tilbygg - 82/5
DS 5/16	Mørebygg as - 4/288 - tomt B1 hus B - 2 mannsbustad med carport
DS 6/16	Mellombels bruksløyve - 4/293
DS 7/16	Sal av tomt 56/54 i Storeneset
DS 8/16	Ferdigattest - 38/100 mfl
DS 9/16	Mellombels bruksløyve - 31/188 seksjon nr 8
DS 10/16	Ferdigattest - garasjebygg 19/54
DS 11/16	Mellombels bruksløyve 45/163 seksjon nr 1
DS 12/16	Ferdigattest - 45/167
DS 13/16	Arve Kvalsvik - 31/28 - Tilbygg
DS 14/16	Herøy kommune - 38/100 m fl - Endring av tidlegare gitt løyve/bruksendring
DS 15/16	Ferdigattest tilbygg 34/284 seksjon nr 1
DS 16/16	Mørebygg as - 4/288 - tomt B1 hus A - 2 mannsbustad med carportar
DS 17/16	Ferdigattest 60/375
DS 18/16	Rita Sævik - 22/76 - IG grunn, betong og tømrerarbeid
DS 19/16	Herøy kommune 38/19 - Ferdigattest
DS 20/16	Lillenes 62/4 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 21/16	Per Ronald Knutsen 26/128 - Ferdigattest
DS 22/16	Gnr 34 Bnr 165 m. fleire - Frådeling av utbyggingsområde
DS 23/16	Harald Sævik 11/3 - Løyve til sikring og utfylling av sjøeigedom
DS 24/16	Rune Herskedal 4/253 seksjon nr 1 - Løyve til oppføring av tilbygg
DS 25/16	Gnr 38/2 og 259 - Frådeling av næringsområde

DS 26/16	Gnr 62 Bnr 3 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 45
DS 27/16	Ferdigattest - tilbygg - 26/40
DS 28/16	Jarle Berge og Vidar Flusund - 29/ 12 og 353 - Dobbelnaust
DS 29/16	Reidar Blankholm 27/1 - Endringsløyve
DS 30/16	Leon Nerland 7/50 - Ferdigattest
DS 31/16	Christina og Leif Ove Vorren 45/168 - Mellombels bruksløyve
DS 32/16	Mellombels bruksløyve - tilbygg 48/9
DS 33/16	Ferdigattest - 56/44
DS 34/16	Gnr 62 Bnr 26 - Frådeling av naustomtråde
DS 35/16	Mellombels bruksløyve - 11/155
DS 36/16	Tømrer Prosjekt as - 34/166 m fl - 3 stk rekkehus med tilsaman 12 leilegheiter
DS 37/16	Skotholmen as - 11/162 - Igangsettingsløyve byggearbeid
DS 38/16	Eilert Geir Kvalsvik 8/18 - Løyve til rehabilitering av skorstein

Referatsaker

- | | |
|---------|---|
| RS 1/16 | Har kommunen tilstrekkeleg tilbod om sjukeheimplassar i forhold til lovkrav? |
| RS 2/16 | Måløy-Vigra med 2 timars båttur. |
| RS 3/16 | K-sak 183/15. Søknad om fritak frå politisk verv - Geir M. Lande - Suppleringsval |
| RS 4/16 | AMU-sak 21/15. Særutskrift - Handlingsplan inkluderande arbeidsliv (IA) |
| RS 5/16 | K-sak 184/15. Søknad om fritak frå politisk verv - Ecaterina Rasheed - Suppleringsval |

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 2/16 Protokoll frå førre møte.

PS 3/16 Delegerte saker

PS 4/16 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/552
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/16	Formannskapet	19.01.2016
5/16	Kommunestyret	28.01.2016

KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV 10 MOLTUSTRANDA

Møtebehandling:

Planleggar frå Utviklingsavdelinga Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Brev datert 18.01.16 frå Rolf Bjørnar Moltu – Klage på saksbehandling ny trase for Nygjerdevegen, vart delt ut.

KrF, Camilla Storøy kom med slikt tillegg:

Klage datert 18.01.16 vert avvist då den kom inn etter fristen.

Camilla Storøy sitt tillegg vert vedteke mot 1 røyst. Kjell Runde røysta mot.

Ap, Per Kristian Furø kom med slik endring i punkt 3:

«3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det inngå å finne alternative parkeringsløyisingar som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følge av denne reguleringsplanen»

Per Kristian Furø, Reidun Myrvågnes, Kjell Runde og Sofie Arntsen røysta for endring av punkt 3 frå Ap, Per Kristian Furø. Dei 5 resterande formannschaftsmedlemen røysta for tilrådinga frå rådmannen.

Det vart røysta punktvis.

Rådmannen si tilråding vart vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.01.2016

1. Herøy kommunestyre tek klagene frå Hugo Brathaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følgje. Godkjent reguleringsplan i k-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsløse med tilhøyrande frisisiklinjer mellom eigedomane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankart og føresegnar.
- Det blir innarbeidd frisisiklinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slik det går fram av vedlagt revidert plankart.
- Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn – tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsidan Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteken i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagene difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløyser som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre tek klagene frå Hugo Brathaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følgje. Godkjent reguleringsplan i k-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsløse med tilhøyrande frisisiklinjer mellom eigedomane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankart og føresegnar.
- Det blir innarbeidd frisisiklinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slik det går fram av vedlagt revidert plankart.
- Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn – tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsidan Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteken i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagen difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløyser som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

Kristian Driveklepp
Inger og Jogeir Skorpen Hugo Brathaug
Statens Vegvesen Region Midt
Sjøsidan Eiendomsselskap AS v/ Per Helge Dybvik
Utviklingsavdelinga her,

Vedlegg:

- 1 Klage på vedtak
- 2 Merknader til plan-id 201308
- 3 Tilleggsopplysningar til klage
- 4 Klage på vedtak
- 5 Brev frå Statens vegvesen datert 25.02.15
- 6 Fv. 10 - Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda
- 7 Klage på vedtak - Godkjent reguleringsplan for gang- og sykkelveg FV 10 Moltustranda
- 8 Klage gang- og sykkelveg - FV10 gnr 60 bnr 54
- 9 Om gang/sykkelveg
- 10 Klage FV10 gnr 60 bnr 54
- 11 Klage på vedtak
- 12 Saksprotokoll
- 13 Plankart revidert 02.10.2015
- 14 Føresegner revidert 02.10.2015
- 15 Bileter frå synfaring
- 16 Bileter frå synfaring
- 17 Bileter frå synfaring
- 18 Bileter frå synfaring
- 19 Oversiktskart med lokalisering av planområdet M 1:10 000
- 20 Føresegner
- 21 Plankart
- 22 Planomtale
- 23 Til formannskapet vedrørende sak PS195/15.
- 24 Vedk ny trase for Nygjerdvegen
- 25 Klage på vedtak

Saksopplysningar:

Herøy kommune har utarbeidd reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 gjennom Moltustranda. Planområdet er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10, og det er i kommuneplanen frå 2015 vist gang- og sykkelveg langs vegstrekninga. Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for løysingar som skal betre trafikktryggleiken i området, særskilt for mjuke trafikantar, slik at desse skal oppnå ein tryggare ferdsel langs hovudvegen. Strekninga er også skuleveg for barn- og unge. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta vegtrase for Nygjerdvegen, ei vegstrekning som er ein viktig samleveg til dei mest tettbygde delane av bustadområde på Moltustranda.

Kommunestyret i Herøy godkjenner i møte den 30.04.2015 reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda. Det blei i K-sak 44/15 gjort følgjande vedtak:

«Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering».

Vedtak om godkjenning av reguleringsplan har vore kunngjort med 3 vekers klagefrist. Det har kome inn 5 klager på godkjenning av reguleringsplan. Desse er Hugo Brathaug (eigar av gnr 60 bnr 52), Kristian Driveklepp for grunneigar Gunnar Moltumyr (eigar av gnr 60 bnr 54), Jogeir og Inger Skorpen (eigar av gnr 60 bnr 73), Sjøsiden Eiendomsselskap AS v/Per Helge Dybvik (eigar av gnr 60 bnr 132 og 183).

Klagene er framsett skriftleg, grunngjevne og innanfor lovfesta klagefrist på 3 veker. Partane er vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak blir vurdert som oppfylt. Klagene skal på vanleg måte handsamast av formannskap og kommunestyre i første instans, før evt nytt vedtak som gir ny klagerett og oversending av klager til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Før ein går inn på sjølve klagene og handsaming av desse, finn rådmannen det naudsynt med ei oppsummering av planprosessen til no.

Formannskapet hadde saka til handsaming i møte 03.11.2015, der det blei gjennomført synfaring på Moltustranda. I etterkant av synfaring blei administrasjonen beden om å sjå på moglegheitene for å imøtekomme klagene frå Rolf Moltu, Inger og Jogeir Skorpen og Sjøsiden Eigeendom v/Per Helge Dybvik.

Når det gjeld klagen frå grunneigar Rolf Moltu viser rådmannen til at denne har kome etter at den lovfesta klagefristen over forvaltningsvedtaket er ute. Av omsyn til at klagen har kome inn såpass lenge etter tidsfristen var ute, vil det gi uheldig presidents for andre typer klagesaker dersom ein skal ta denne klagen opp til behandling i samband med reguleringsplanen.

Rådmannen rår til at momenta som har kome frå grunneigar Rolf Moltu, blir teke omsyn til ved utbygging, jfr. punkt 4 i tilråding til vedtak. Dette blir gjort på ein slik måte at det vil bli gjort fysiske tiltak (terrengarrondering) i samband med utbygging av den nye vegen, som skal ivareta grunneigar sine interesser knytt til gardsdrift og dyrehald. Det er lagt vekt på at ei løysing skal utformast i samråd med grunneigar.

Klagene frå Jogeir og Inger Skorpen og Per Helge Dybvik er kommentert og gjort greie for i dette saksframlegget. Av omsyn til formålet med planarbeidet, ser ein det som ikkje tilrådeleg å endre reguleringsplanen på dette punktet. Rådmannen vil likevel vise til at det i tilråding til vedtak, punkt 3, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

Når det gjeld brev frå FAU 02.11.2015, så viser ein tilsvarende vurderingar som er gjort i høve klage frå Rolf Moltu. Klagen har kome inn lenge etter at den lovfesta klagefristen er ute, og det vil gi uheldig presidents for andre typer klagesaker dersom ein skal ta denne klagen opp til behandling i samband med reguleringsplanen.

PLANPROSESS MED REGULERINGSPLAN

Utviklingsavdelinga varsla oppstart av planarbeid med ny gang- og sykkelveg for denne vegstrekninga i juni 2013. Arbeidet med reguleringsplan for gangvegen blei sett i samband med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt. Sistnemnde var ein reguleringsplan som blei godkjent i 2015. Ved oppstart av planarbeid for gangvegen blei grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentlege uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Til den tidleg oppstartsfasen og varsling av planarbeidet kom det inn totalt 10 innspel frå offentlege og private partar. Sjøsiden Eiendomsselskap AS, Statens Vegvesen og Inger og Jogeir Skorpen kom med innspel til varsel om oppstart. Desse innspela blei kommentert og gjort greie for av kommunen i planomtalen.

I samband med utarbeiding av planforslaget blei det gjennomført eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule der det kom om lag 23 personar. I dette møtet informerte kommunen innleiingsvis om planarbeidet, og så blei det avslutningsvis opna for at deltakarane kunne kome med innspel og stille spørsmål til planarbeidet. Kommunen har her lagt til rette for medverknad i planarbeidet slik det følgjer av krava til saksbehandling av reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Formannskapet gjorde vedtak i F-sak 144/14 om å legge planforslag ut til offentleg ettersyn. I samband med offentleg ettersyn kom det inn 7 innspel. Statens Vegvesen Region Midt kom i denne fasen med detaljert innspel til planforslaget, der dei påpeika at det måtte gjerast endringa i planforslaget med omsyn til dei krav som gjeld for arealbruk kring slike type veganlegg. Særskilt gjaldt dette areal som inngår som sideanlegg (annan veggrunn – tekniske anlegg) til fylkesvegen som følgje av vegutvidinga og krav til avkøyrslar, friskt og føresegner rundt desse momenta.

Vidare peika vegvesenet på behovet for ei betre saman kopling med den eldre reguleringsplanen Tarberg - Moltumyr. Som følgje av innspelet frå Statens Vegvesen ved offentleg ettersyn, blei administrasjonen nøydd til å gjere endringar i planforslaget dersom ein skulle kome i mål med planarbeidet. Administrasjonen sende difor eit revidert planforslag med innarbeidde endringar på ei avgrensa høyring til dei som blei vurdert å vere råka av desse endringane. Dei omtalte endringane er nærare skildra i K-sak 44/15. Til den avgrensa høyringa kom det mellom anna innspel frå både Sjøsidan Eiendomsselskap AS og Kristian Driveklepp. Desse innspela blei behandla i samband med godkjenning av reguleringsplan i K-sak 44/15, der det går fram korleis desse innspela er vurdert. For meir detaljar og innhald i reguleringsplanen viser rådmannen til dei godkjende plandokumenta som følgjer vedlagt og saksprotokoll med kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil i den påfølgjande delen av saka skildre og kommentere dei 5 klagene punktvis.

1. Klage frå Hugo Brathaug, datert 14.05 og 27.05.2015

Klagar forventar eit skriftleg svar angående motteke brev om godkjent reguleringsplan for gang og sykkelveg FV 10 Moltustranda. Hevder han har sendt inn merknad til planen innan fristen og stiller spørsmål ved kvifor den ikkje er vurdert. Brathaug ber om at merknaden blir vurdert og sendt alle råka instansar som dei andre merknadane til planen. Han viser vidare til saksprotokoll der det blir hevda at avkøyrslar er teikna inn på plankartet til eigedomane gnr 60 bnr 31 og bnr 52 og 54. Han stiller spørsmål ved kvar denne avkøyrsla er lokalisert, og ber om ei forklaring på samankopling av reguleringsplanen med den eksisterande planen for FV10 Tarberg- Moltumyr. Brathaug viser til at det i vedtatt gamal plan ligg gangveg på nordsida av vegen. Han stiller spørsmål ved kvifor ikkje den nye gangvegen kan fortsette på nordsida av vegen forbi busslomma og fram til Myrabakken. Han viser til at her er jorda på nordsida av vegen brukt til veg for pumpestasjon, og meiner at det som er igjen av dette jordstykket ikkje er til noko.

Vidare understreker klagar at han ikkje kan godta dei planane som ligg føre for ny gagnveg. At veg, grøft, gangveg skal ende heilt opp i husveggen er heilt utelukka. Han meiner dette vil medføre ein stor forringelse av eigedomen. Han viser også til at grensene i kartet er forandra. Viser til feil i skylddelingsforretning og at det er gjort kjent med eigarane av eigedom 60/54.

Vurdering av klage:

Det er ikkje praksis i saker som gjeld reguleringsplanar at kommunen informerer kvar enkelt grunneigar eller nabo om kva som skjer i planarbeidet til ei kvar tid. Arbeidet med å utarbeide reguleringsplanar er ein lovbestemt prosess som er regulert etter plan- og bygningslova (PBL). Grunneigarar og naboar blir varsla i eige brev ved oppstart av planarbeid, offentleg ettersyn og godkjenning av reguleringsplan slik dei har krav om. Dersom det er aktuelt med avgrensa høyringar som følgje av endringar i planforslag, blir grunneigarar og naboar som vert råka av desse endringane varsla i eige brev og gitt ein frist for å kome med innspel til planarbeidet. Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke det innspelet som Brathaug viser til.

Når det gjeld klagen frå Brathaug, er det riktig slik han påpeiker, at avkøyrsla til gnr 60 bnr 31, 52 og 54 ikkje er avmerka i reguleringsplan. Denne har ved utarbeiding av planen dessverre ikkje kome med i revidert forslag blei godkjent etter avgrensa høyring. Intensjonen var her at avkøyrsla mellom eigedomane skulle vidareførast og innarbeidast i reguleringsplan. Ein vil ta denne klagen til følgje og innarbeide ei offentleg avkøyrsla med tilhøyrande frisiktslinjer mellom eigedomane gnr. 60 bnr. 52 og 54.

Reguleringsplanen som det her blir klaga over, er samankopla med ein eldre plan (Tarberg-Moltumyr) gjeldande i området ved Brathaug sin eigedom. Her møter senterlinjene til fylkesvegen kvarandre og skaper ein overgang mellom ny og eldre plan. Denne overgangen er naudsynt for å oppnå riktig linjeføring i høve vegkurvatur for ein samla fylkesveg og kan ikkje endrast utan at ein går vesentleg utover planen sitt avgrensingsområde vestover. Dette har ikkje vore tema for dette planarbeidet og ein finn, av omsyn til ovannemnde, ikkje å kunne imøtekomme denne delen av klagen.

Plassering av fortau på sørsida av fylkesvegen er gjort av omsyn til ei heilskaplege vurdering. I denne vurderinga ligg hovudvekta på trafikktrygging og formålet med reguleringsplanen. Ein har vurdert det slik at eit fortau vil ha mest effekt i høve trafikktryggleiken dersom det er lokalisert på den sida av vegen med mest bebyggelse, og tettast inn mot dei som vert potensielle brukarar av dette fortauet. Eit fortau på sørsida av fylkesvegen vil medføre eit samanhengande gangvegssystem frå Moltu skule og vest til eigedom gnr. 60 bnr. 59 når reguleringsplanen blir realisert. Ved eigedom gnr. 60, bnr. 59, vert det lagt til rette for ei kryssing av fylkesvegen for dei mjuke trafikantane. Gangvegen vil her fortsette vidare vestover via planlagt løysing for gangveg i reguleringsplan for Tarberg – Moltumyr. Ei alternativ løysing vil vere å legge fortauet på nordsida av fylkesvegen, men dette er tidlegare vurdert som ei dårlegare løysing. Dette fordi ein då vil ha behov for fleire kryssingspunkt, noko som ein vurderer som negativt og uheldig av omsyn til ferdsel for mjuketrafikantar. Ei slik løysing er ikkje særleg ønskeleg av omsyn til formålet om betra trafikktryggleik langs fylkesvegen – særskilt i høve skuleveg og ferdsel for barn- og unge.

Når det gjeld planlagt forbruk av areal til nytt veganlegg frå eigedom gnr 60 bnr 52, vil dette etter reguleringsplan vere snakk om 41.5 m². Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan veggrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Dette er vurdert som naudsynt del offentleg trafikkareal i nytt veganlegg og for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknytning til fylkesvegen. Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har. Avslutningsvis for klagen vil ein nemne at dei forholda som grunneigar viser til i høve retting av eigedomsgrenser for gnr 60 bnr 52 er noko som må takast opp med kommunen i eiga sak. Dette er ikkje noko som reguleringsplanen vil endre.

2. Klage frå Sjøsidan Eiendomsselskap AS, datert 22.05.2015

Hevdar han manglar informasjon frå kommunen om kva som har skjedd i saka. Har vore i kontakt med kommunen og fått informasjon om at det ikkje vil bli tillate parkering framfor huset på gnr 60 bnr 132 ved utviding av fylkesveg 10. Klagar hevdar at parkeringsplassane har eksistert sidan huset blei bygd i 1954 og at desse blei brukt for kundar til butikken på gateplan. Butikken er no nedlagt og det er no tre leilegheiter i bygget som bruker desse parkeringsplassane. Klagar hevdar vidare at tilkomst til garasje på bnr 183 vil forsvinne slik planane ligg føre. Hevdar det ikkje er innteikna avkøyrsløse til nokon av eigedomane.

Klagar viser til at planane vil føre til tap av parkeringsplassar til leilegheitene og manglande avkøyrsløse til bnr 132, 183 og 44. Han hevdar dette vil sterkt forringe verdien av desse eigedomane. Det blir vist til at gnr 60 bnr 44 driv turismeverksemd og at det til dette er stort behov for parkering sidan der ofte er 4 til 5 bilar, tilhengar og bubilar. For at det skal kunne haldast fram med turisme, hevdar klagar at parkering ikkje kan forringast i det heile tatt. Klagar viser til at han i dag har ein avtale med nabo om ekstra parkering pga mangel på parkering på eige areal. Klagar hevder reguleringsplanen ikkje legg opp til ei fornuftig løysing.

Vurdering av klage:

Det er ikkje praksis i reguleringsplansaker at kommunen informerer kvar enkelt grunneigar eller nabo om kva som skjer i planarbeidet til ei kvar tid. Arbeidet med å utarbeide reguleringsplanar er ein lovbestemt prosess som er regulert etter plan- og bygningslova. Grunneigarar og naboar blir varsla i eige brev ved oppstart av planarbeid, offentlig ettersyn og godkjenning av reguleringsplan. Dersom det er aktuelt med høyring som følgje av endring i planforslag, blir grunneigarar og naboar varsla i brev og gitt ein frist for å kome med innspel til planarbeidet.

Endringar i reguleringsplan etter offentlig ettersyn medførte at ein har vore nøydd til å utvide arealet som er avsett til «anna veggrunn – tekniske anlegg» på nordsida av fylkesvegen til 3.0 meter frå regulert vegkant. Arealbehovet for dette formålet kom i brev frå Statens Vegvesen som fagmyndigheit for fylkesvegar. Arealet skal vere offentlig og inngå i veganlegget. Før reguleringsplanen blei eigengodkjent av kommunestyret, blei grunneigar varsla i eige brev gjennom ei avgrensa høyring. Klagar fekk her moglegheit til å kome med innspel til endringane innanfor ein fastsett tidsfrist, noko som ein har registrert at klagar har nytta seg av ved innsendt brev.

Innspelet som kom frå Sjøsidan Eiendomsselskap har blitt vurdert i samband med sluttbehandling av reguleringsplan. Behandling av innspelet går fram av K-sak 44/15.

Reguleringsplanen som det blir klaga på inneberer ei løysing som vil krevje om lag 40 m² frå eigedom gnr 60 bnr 132 og 9.5 m² frå bnr 183 og 15 m² frå bnr 44. Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan veggrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Arealet er vurdert som naudsynt del av nytt veganlegg for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknytning til fylkesvegen. Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.

Klagar viser i sitt brev til at det vert drive turismeverksemd i området, noko kommunen er kjend med. Denne verksemda ligg i all hovudsak utanfor planområdet og blir soleis ikkje direkte berørt av denne reguleringsplanen. Parkeringsplassar knytt til turismeverksemda er vurderer til å ikkje kome i konflikt med dette planforslaget, då det etter observasjonar og synfaring i området kan sjå ut til at turistane parkerer bilane sine vest for den gamle videokiosken og mellom bygningane på eigedomane gnr 60 bnr 132, 183 og 53. Etter observasjonar kan det også sjå ut som om ein av leilegheitene ved i bygget på gnr 60 bnr 132 også nyttar seg av parkeringsarealet her. Parkeringsarealet knytt til turistverksemda ser ut til å ha sin tilkomst via vegen aust for den gamle videokiosken, som i reguleringsplan er teke omsyn til gjennom offentlig avkøyrsløp o_V9.

Det er riktig slik klagar viser til at reguleringsplanen, slik den var godkjend, vil få negativ innverknad på parkeringsplassane framfor leilegheitsbygget på bnr 132. Av omsyn til formålet med reguleringsplan og behovet for annan veggrunn – tekniske anlegg vil ein reduksjon av formålet annan veggrunn tekniske anlegg frå 3.0 m til 1.0 meter vere i strid med det planen skal ivareta.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan ikkje rådmannen tilrå at klagen frå Sjøsidan Eiendomsselskap AS vert tek til følgje. Parkeringsplassane på nordsida av fylkesvegen kan soleis ikkje oppretthaldast.

Med tilvising til punkt 3 i tilråding til vedtak, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

3. Brev frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 26.05.2015:

Det har vore avklart om brevet frå Statens Vegvesen Region Midt av 26.05.2015 skal oppfattast som ei klage. Svaret er at dette ikkje skal oppfattast som ei klage, men snarare om ei sterk oppmoding til kommunen. Med bakgrunn i dette finn ein det rimeleg å handsame dette brevet.

Vegvesenet viser til at avkøyrslene til private eigedomar frå fylkesvegen er regulert som offentlege køyrevegar. Vegvesenet har tidlegare framheva at avkøyrslene til private eigedomar må regulerast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentlig vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentlig veg. Og når det gjeld avkøyrslar må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar som skal knytast til dei ulike avkøyrslene.

Det blir vist til at avkøyrslar til private eigedomar bør på plankartet regulerast med avkøyrsselspil og visast som illustrasjon. Det må klart og eintydig gå fram av reguleringsføresegnene at avkøyrslene skal ha ei utforming, herunder krav til friskt, i samsvar med vegnormalen – handbok N100. Og vidare bør det gå fram av planen kva eigedomar som er knytt til dei ulike avkøyrslene/avkøyrsselspunktta.

Frisiktsone i kryss/avkøyrslar i direkte tilknytning til fylkesvegen er - etter det vi kan sjå - i all hovudsak i tråd med vegnormalen. Det bør teiknast inn siktzone i krysset mellom o GSV og f V1, jamfør punkt E.2.3 i vegnormalen. Og det bør også regulerast frisksiktzone i kryss/avkøyrslar knytt til det kommunale vegnettet.

I føresegnene § 6 er det teke inn ei setning som lyder slik: «*Areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for Fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida*». Vegvesenet er spørjande til kva som egentleg ligg i nemnde formulering. Endra bruk av areala innanfor planområdet, før planen er realisert, må i høve til tiltak/bruk i strid med regulert arealbruk handterast og avklarast i tråd med regelverket i plan- og bygningslova. Og spørsmål om parkering langs fylkesveg, utanom forhold som er regulert gjennom planen, må vurderast og avklarast i medhald av vegtrafikklova/ trafikkreglane. Etter dette føreset vegvesenet at setninga om parkering langs fylkesvegen vert trekt ut av framlegget til føresegner.

Statens Vegvesen rår framleis til samordning av arealbruken i reguleringsplanframlegga for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfeltet Myrabakken gjennom ein og same plan, fylkesvegstrekinga endrast/gjennomarbeidast i tråd med fylgjande punkt i nemnde uttale: Pkt 7: Profil /pelnummer på fylkesvegen bør leggjast inn på plankartet. Pkt 8: Det bør presiserast at tiltak med legging av rør og kablar på/i vegeigedomen- /anlegg må avklarast gjennom løyve og samtykke frå vegeigar/-haldar.

Vurdering av klage:

Når det gjeld avkøyrslar; har ein vurdert det slik at reguleringsplanen vil vere mest mogleg eintydig – sett i høve arealbruk - dersom avkøyrslar viser i reguleringsplan framfor avkøyrsselspil som pilsymbol. Avkøyrslene vil vere meir eintydig og detaljert enn kva som vert tilfelle for piler som punktsymbol. Slik desse er vist i plan vil dei gi eit mest mogleg eintydig bilete knytt til geometrisk utforming og arealbruk. Dersom ein skal regulere inn avkøyrsselspilar framfor fullverdige avkøyrslar, vil avkøyrsselspilar vere meir unøytaktige i høve forbruk av areal, plassering, utforming, eigarskap etc.

Bruk av pilsymbol vil heller ikkje gi eit like eintydig bilete i plan i høve innteikna frisktsoner. Ved at avkøyrslene er regulert som offentleg areal med tilhøyrande frisktsoner og ligg innanfor den sona frå veg som blir definert som offentleg trafikkareal, vil avkøyrslene kunne nyttast av alle. Areal- og eigarforhold som kjem utanfor det offentleg regulerde trafikkarealet som vist i plan vil vere av privatrettsleg karakter og må avklarast mellom eigarar/rettighetshavarar av eigedomane. Det er vidare knytt føresegner til avkøyrslene både i høve utforming og friskt, noko som er knytt opp mot Statens Vegvesen sin vegnormal handbok N100.

På plankartet er det også teikna inn frisktsoner til dei avkøyrslene som vedkjem fylkesvegen. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje grunnlag for å endre på tidlegare vurdering knytt til avkøyrslar i plan.

I høve den delen av innspelet som gjeld areal til fylling-/skjering og profil/pelnummer til senterline på plankartet, kan ein ikkje sjå at gjeldande nasjonal produktspesifikasjon for reguleringsplanar inneheld teiknereglar som tillater kommunen å ta inn dette i plankartet. Plankartforskrifta opnar ikkje for å ta inn desse opplysningane i eit juridisk bindande plankart. Når det gjeld profilnummer/pelnummer er også dette noko som kan endre seg ved ei seinare detaljprosjektering og ein finn det som mest hensiktsmessig at ei evt prosjektering kan inneha fleksibilitet knytt til desse forholda. Punktet som vegvesenet tek opp om rør og kablar er noko ein vurderer som vert tilstrekkeleg regulert gjennom veglova sine føresegner. Ein føreset at dette blir regulert og forvalta gjennom gravemeldingstenesta som vegvesenet har. Ein finn soleis ikkje grunnlag for å ta dette inn i planforslaget.

Når det gjeld bruken av arealet «annan veggrunn – tekniske anlegg» til parkeringsformål, har ein som ein del av klagebehandlingsa valt å ta ut dette punktet frå føresegnene. Etter avklaringar med Statens Vegvesen vil ei slik formulering bli oppfatta som trafikkregulerande og det vil soleis ikkje vere riktig etter PBL at denne formuleringa skal vere med i reguleringsplan.

4. Klage frå Inger og Jogeir Skorpen, datert 27.05.2015

Klagar viser til at slik det går fram av plankartet vil utviding av køyrebana mot nord medføre at deira parkeringsplassar forsvinn. Dei hevdar dei vil få større problem vinterstid ved snøbrøyting, med snøsørpe og isklumper som ofte endar i både husvegg/vindauge. Klagar viser til at verdiforringelsen av deira eigedom gnr 60 bnr 73 er stor frå før (ang.kloakkutbygging) og vil bli ytterlegare større ved utviding av køyrebana. Dei opplever at ulempene blir større enn trivselen/fordelane ved å bu der. Konsekvensen av dette blir derfor å be om innløyising av deira bustadhus på eigedom gnr 60 bnr 73.

Vurdering av klage:

Rådmannen viser til at formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknytning til fylkesvegen. Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som

moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.

Reguleringsplanen inneberer ei løysing som vil krevje om lag 55 m² frå eigedom gnr 60 bnr 73. Eigedommen har, etter synfaring og bildedokumentasjon, etablert 3 biloppstillingsplassar mellom fasaden til bustadhuset på eigedommen og dagens fylkesveg. Ved utforming av reguleringsplan har ein vore kjend med klagar sine interesser knytt til parkering framfor huset gjennom innspel til oppstart av planarbeid. Det er likevel slik at andre interesser har måtte få sin prioritet. Ved utarbeiding av reguleringsplan har interesser knytt til arealbehovet for ny fylkesveg gått framfor klagar sine interesser knytt til parkering på ein bestemt stad innanfor sin avgrensa eigedom. Det er vurdert at areal til annan veggrunn kan ikkje reduserast til noko mindre enn 1.0 meter i høve arealet sin funksjon. Rådmannen legg vekt på at det innanfor gnr 60 bnr 73 er moglegheiter for parkering andre stader på eigedommen. Klagar har soleis moglegheiter for å flytte parkeringsplassane lenger vekk frå fylkesvegen. Ein har registrert at klagar har oppført garasje lenger nord på tomta (nærare sjøen), og at desse parkeringsplassane har tilkomst frå fylkesvegen via offentlig avkøyrsløp og gjennom den private vegen som går ned til sjøen. Ved interesseavveginga har ein lagt vekt på at grunneigar har alternative parkeringsmoglegheiter innanfor eiga tomt.

Når det gjeld ulemper som grunneigar viser til knytt til bygging av nytt kloakkanlegg, er dette ikkje noko som vedkjem reguleringsplan eller noko som denne planen har moglegheit til å gjere noko med. I forhold til dei ulempene som klagar framhevar knytt til snøbrøyting, ser ein vanskeleg korleis reguleringsplanen kan ha moglegheit til å kunne påverke desse forholda. Dette er ei problemstilling som ein vil rå klagar til å ta opp med Statens Vegvesen som myndigheit for snøbrøyting langs fylkesvegar. Ein vil soleis ikkje gå nærare inn på desse forholda i denne saka.

Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan veggrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på nordsida av fylkesvegen. Arealet er vurdert som naudsynt del av nytt veganlegg for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Når det gjeld eventuell innløyasing, vert det vist til plan- og bygningslova sitt kapittel 15. Grunneigar kan krevje innløyasing og erstatning som følgje av godkjent reguleringsplan. Ev. krav om innløyasing må setjast fram seinast tre år etter kunngjering av planen.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan ikkje rådmannen tilrå at klagen frå Jogeir og Inger Skorpen vert tek til følgje. Parkeringsplassane på nordsida av fylkesvegen kan soleis ikkje oppretthaldast.

Med tilvising til punkt 3 i tilråding til vedtak, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

5. Klage frå Kristian Driveklepp (Gunnar Moltumyr), datert 01.06.2015

Klagar viser til at sjølv om eigedom gnr 60 bnr 54 hovudsakleg ligg utanfor reguleringsområdet, er det eit krav om at eksisterande funksjonar som biloppstillingspass, garasje og generell tilkomst til eigedommen ikkje vert dårlegare

enn dagen situasjon. Klagar viser til at andre avkjørsler på planen er blitt teikna inn og gitt namn (sjå o-V1-13 og f_V1-3), men det er ikkje teikna inn for fleire av eigedomane, deriblant gnr 60 bnr 54. Klagar ber om at ei ny planteikning vert lagt fram der alle avkjørsler er tekne med, også avkjørsla til gnr 60 bnr 54, slik at det ikkje er tvil om at avkjørslene blir ivaretekne.

Vurdering av klage:

Det som vedkjem avkøyrslar er teke til følgje og vert innarbeidd i plan. Reguleringsplan vert endra slik at gnr 60 bnr 52 og 54 får ei felles avkøyrslar som dei kan nytte til fylkesvegen.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan rådmannen tilrå at klagen frå Kristian Driveklepp vert tek til følgje. Avkøyrslar er no vist i reguleringsplan.

Avsluttande vurdering

Med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing viser rådmannen til at formålet med planarbeidet er betring av trafikktryggleiken i området og særskilt trygging av skuleveg for born og unge langs fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Rådmannen viser til at godkjend reguleringsplan blei utforma av Herøy kommune i dialog med Statens Vegvesen som fagmyndigheit for planlegging av fylkesvegar. Reguleringsplan for gangvegen blir sett i samanheng med den godkjende planen for det nye kommunale bustadfelt «Myrabakken» som skal realiserast på Moltustranda. Dei to planane grensar til kvarandre og har tekniske løysingar som må sjåast i samanheng i høve framtidig utvikling.

Statens Vegvesen har som sektormyndigheit for trafikkplanlegging vore aktive og kome med detaljerte fråsegner og brev, der det går fram ei rekkje tekniske krav til utforming av veganlegget. Desse har i all hovudsak blitt teke inn i planen.

Rådmannen viser til at løysingane for nytt veganlegg i godkjend reguleringsplan inneberer ei fortausløyseing på sørsida av fylkesvegen, utviding av vegbane frå ei til to køyrebaner og tilhøyrande areal for annan veggrunn tekniske anlegg på begge sider av fylkesvegen. Løysinga med fortau på sørsida av fylkesvegen er vurdert som ein mindre arealkrevjande løysing enn kva som hadde vore tilfelle for ein fullskala gang- og sykkelveg med grøft mellom køyreareal og gangveg. Fortau som løysing for mjuke trafikantar er soleis valt med bakgrunn i ei heilskapleg vurdering. Her har det vore lagt sterk vekt på lokale forhold som t.d vegtrase, trafikkmengd, topografi, eksistrande bebyggelse, fartsgrense, skuleveg, avkøyrslar, sidevegar, parkeringsforhold m.m.

I planprosessen har vore gjennomført ei avveging av ulike interesser i reguleringsplanen. Rådmannen viser til at formålet med ein ny gang- og sykkelveg har vore vekta i høve dei ulike interessene til grunneigarar og naboar langs fylkesvegen. I løpet av høyringsperiodene har ein motteke innspel der grunneigarar og naboar sin interesser knytt til bruk av sine eigedomar har kome tydelege fram. Ein har vurdert det slik at viktigheita av å få på plass eit grunnlag for ny vegløyseing,

med nytt fortau for mjuketrafikantar, betring av den generelle trafikktryggleiken i området og betre skulevegen for born og unge, har vore overordna andre interesser. Ved godkjenning av reguleringsplanen har omsynet til at dette er skuleveg blitt tungt vekta. Ein har vurdert det slik at ei styrking av barn- og unge sine rettigheter knytt til trygg skuleveg har vore av overordna interesse, og soleis blitt vekta tyngre enn interessene til den enkelte grunneigar/nabo til fylkesvegen.

Dei lokale forholda for denne delen av Moltustranda, med til dømes orientering av bebyggelse tett inn mot fylkesvegen, gjer at bebyggelsen ber karakteristisk av å vere tett utbygd. Bustadhus ligg her plassert tett inn mot vegbana og eignedomane har eit avgrensa areal til uteopphald og parkering mellom bygningsfasadene og fylkesvegen. Særskilt gjer dette seg gjeldande på nordsida av fylkesvegen. Dei lokale tilhøva gjer det krevjande når ein skal planleggje framtidsretta trafikale løysingar med fortau, utviding av vegbane og areal til anna veggrunn – tekniske anlegg. Når ein skal gjere vegplanlegging i eit området med etablert bebyggelse tett inn mot etablert vegtrase, har det vore tenkt i retning av gateutforming som bakgrunn for valte løysingar. Tett bebyggelse inn mot vegareal gir også stor sjangs for at det kan oppstå interessekonflikter knytt til bruken av areala rundt vegen. Noko som har oppstått i dette tilfellet. På den eine sida vil den nye vegløyisinga samla sett krevje meir areal frå tilgrensande eigedomar. Dette fordi at vegbana blir utvida frå ei til to køyrebaner, samt etablering av nytt foratu på sørsida og nytt areal for anna veggrunn – tekniske anlegg på nordsida av fylkesvegen. Dette vil mellom anna medføre at den nye vegløyisinga vil få eit auka arealforbruk horisontalt, som igjen kjem i konflikt med etablerte private interessene knytt til utomhusareal og parkeringsforhold. På den andre sida vil grunneigarar og naboar sine interesser her vere å behalde sine etablerte løysingar knytt til parkering, uteareal og avkøyringsforhold, noko som i enkelte tilfelle kjem i konflikt med formålet til reguleringsplanen som skal danne eit grunnlag for å betre den generelle trafikktryggleiken i området.

Gjennom utforming av reguleringsplan har ein arbeidd med å finn løysingar som, samla sett, minimaliserer inngrepa i private eigedomar langs fylkesvegen innanfor dei rammene som gjeld. Dette har ein lukkast med i mange tilfelle. Men dersom ein skal oppnå målsettinga med planarbeidet, må enkelte grunneigarar langs vegen avstå areal til det nye veganlegget. Dette vil for enkelte grunneigarar medføre ulemper i form av tapt uteareal og parkeringsplasser. Løyisinga med nytt veganlegg vil på den eine sida gi ulemper for nokre av grunneigarane langs vegen i form av at desse må avstå areal, mens den på den andre sida gir fordelar for fleire brukargrupper og ålmenta ved at gangvegen vil bidra til auka trafikktryggleik langs fylkesvegen. For born og unge vil dette kunne innebere ei styrking av deira rettigheter i lokalmiljøet, då gangvegen tilfører eit eige bilfritt areal for denne brukargruppa sin ferdsel langs fylkesvegen, som også er skuleveg. Ein ser også at veganlegget vil kunne få positive effekt knytt til folkehelse, ved at det blir lagt til rette for eit nytt ferdselsareal for turgåarar i området.

Rådmannen vil avslutningsvis vise til at det er kommunestyret som er det øvste planmynde i kommunen, jfr. PBL. § 3-2. Med heimel i plan- og bygningslova § 12-1, avgjer kommunestyret ut frå ei skjønsmessig vurdering kva for områder som skal regulerast og korleis areala skal nyttast i plansamanheng. Denne vurderinga blir gjennomført som ein planprosess med høyring av dei som har interesser i planområdet og av aktuelle fagorgan. I vurderinga vil det ofte vere motstridande interesser som gjer seg gjeldande. Under føresetnad at omsyna er saklege ut frå reguleringsmessige kriterier og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det opp til

kommunestyret å avgjere korleis omsyna / interessene skal vegast i saka. Innafor dei rettslege rammene for lovleg arealbruk, som er sett i PBL§§ 12-5 og 12-6 og moglegheita til å gi nærmare føresegn om utforming og bruk av areal og bygningar etter PBL § 12-7, er det kommunen si skjønnsmessige vurdering kva som er hensiktsmessig arealbruk innanfor eit avgrensa område. Denne skjønnsmessige vurderinga ligg under kommunen, som planmynde, sitt frie skjønn å fastsetje.

Slik rådmannen vurderer det går den skjønnsmessige vurderinga av saka klart og tydeleg fram av kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan i k-sak 44/15. Til dette høyrer det også vurdering av reguleringsplanen sitt planfagleg innhald, løysingar og vurdering av innspel som følgje av planprosessen. Ein vurderer det slik at vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan er grunngeve, innspel er handsama og korrespondanse med offentleg partar er dokumentert. I tillegg til dette har reguleringsplanprosessen, gjennom offentlege høyringar, gitt dei som har interesse i området moglegheit til å kunne medverke i planleggingsarbeidet. I løpet av tidsavgrensa høyringsperiodar har private og offentlege partar fått moglegheit til å gjere sine interesser og synspunkt gjeldande gjennom skriftlege innspel. Alle innspel som har kome til kommunen innanfor tidsfristane har blitt behandla og vurdert i samband med godkjenning av reguleringsplanen.

Når det gjeld punkt 3 og 4 i tilråding til vedtak, så føreset rådmannen at desse punkta er knytt opp mot utbygging/realisering av veganlegget. Desse punkta er ikkje vurdert til å vere i strid med vedtatt reguleringsplan og ein ser punkta som sjølvstendige moment – politisk prinsippvedtak – som utbyggjar skal ta omsyn til ved realisering av reguleringsplan.

Fosnavåg, 21.12.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Hei

Har ved fleire anledninger prøvd å få tak i deg pr telefon.

Forventer å få et skriftlig svar fra deg/dere angående brevet som er mottatt om godkjent reguleringsplan for gang og sykkelveg FV 10 Moltustranda.

Som Dere ser av vedlegg/mailen sendte eg inn ein merknad til planen innen fristen, kvifor vart ikkje den vurdert? Ber om at den blir vurdert og sendt alle berørte innstanser som de andre merknadane til planen.

Ser av saksprotokoll godkjenning av plan der Dere vurderer brev fra Kristian Driveklepp 12.3.15 "Det er teikna inn ei felles avkøyrsla til eigedom gnr 60 bnr 31 og bnr 52 og 54 som vist på plankartet....." Kvar er denne avkøyrsla?

Eg ber også om forklaring på samkoblinga av denne planen og vedtatte reguleringsplan "FV10 Tarberg - Moltumyr" På vedtatt reg plan ligg gang og sykkelveg på nordsida av vegen. Kvifor kan den da ikkje fortsette på nordsida av vegen forbi busslomma og fram til Myrabakken?

Dette er å sjå på som ei klage på den vedtatte planen, og eg ber derfor om ei tilbake melding på mine spørsmål i god tid før fristen går ut den 29.5.15.

Mvh
Hugo Brathaug
95144874

> From: Hugo Tore Brathaug [hugo.brathaug@online.no]
> Sent: 2015-03-09 23:27:27 CET
> To: postmottak@heroy.kommune.no
> Cc: aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no
> Subject: Merknad til Plan - ID 201308
>
> Til Utviklingsavdelinga.
>
> Mvh
> Hugo Brathaug
> 95144874

Moldtustranda 10.03.2015

Merknader til Plan –ID 201308

Viser til samtale med Aleksander Zahl Tarberg angående planforslag frå Myrabakken og vest over.

Eg er eigar av eigendomen 60/52 og kan ikkje godta dei planane som ligg føre. At vei – grøft – gangveg- grøft skal ende heilt opp i min husvegg er heilt utelukka. Det vil verte ein stor foringelse av min eigedom.

Eg kan heller ikkje sjå at der er innteikna avkjørsle som i dag går mellom meg og 60/54.

Slik eg forstår det er der ein reguleringsplan Tarberg - Moltumyr. På denne planen skal gangvegen gå på nordsida av fylkesvegen. Kvifor ikkje da forsette med den på nordsida forbi busslomma og heilt til Myrabakken? Her er allereie jorda, 60/54 på nordsida av vegen blitt brukt til veg (pumpestasjon), så det som er igjen, er da ikkje til noko. Dette ifølge eigaren av omtalt jordstykke. Det billigaste hadde vel vore å fortsett med gangveg på nordsida heil til butikken.

Som ei tilleggsopplysning har eg vorte oppmerksam på at grensene på kartet har blitt forandra. Her er ein merkeleg ”feil” i skylddelings forretning som eg har. Dette har eg gjort kjent med Gunnar Moltumyr m/fam (eigar av 60/52), og dette vil bli ordna.

Mvh
Hugo Brathaug

Hei

Her er vedlegget som eg ref i forige mail

Hugo Brathaug

> From: Hugo Tore Brathaug [hugo.brathaug@online.no]
> Sent: 2015-03-09 23:27:27 CET
> To: postmottak@heroy.kommune.no
> Cc: aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no
> Subject: Merknad til Plan - ID 201308
>
> Til Utviklingsavdelinga.
>
> Mvh
> Hugo Brathaug
> 95144874

Fra: postmottak
Sendt: 22. mai 2015 14:37
Til: Arkiv
Kopi: Jarl Martin Møller; Aleksander Zahl Tarberg
Emne: VS: KLAG. Sak 2013/552

Helsing
HERØY KOMMUNE
postmottak
7008 1300
www.heroy.kommune.no

Fra: Sjøsiden Eiendomsselskap A/S [<mailto:perdyb@tussa.com>]
Sendt: 22. mai 2015 14:32
Til: postmottak
Emne: KLAG. Sak 2013/552

Til
Herøy Kommune
utviklingsavdelingen

Fylkesmannen i
Møre og Romsdal

Bølandet 22.05.2015

KLAGE PÅ VEDTAK

Viser til vedtak ang reguleringsplan for gang og sykkelveg FV 10 Moltustranda.
Har i denne saken sendt inn følgende

1. Innspel datert 13.06.2013.
2. Innspel datert 15.02.2015.
3. Purring på svar, innspel sendt 15.02.2015.

Siden jeg ikke har mottatt etterlyst informasjon i denne saken pr dd, ble det tatt kontakt via telefon med Alesander Zahl Tarberg. Det ble da opplyst fra A. Tarberg at for Gnr 60. Bnr 132. 183. ikke vil bli tillatt parkering forran huset slik det er pr i dag når utviding av FV 10 blir foretatt. Denne parkeringsplassen har eksistert siden huset ble bygt i 1954, og ble brukt til parkering for kunder til butikken som da var i gateplan. Siden butikken ble nedlagt er det beboere til tre leiligheter i bygget som bruker denne. Det er også en garasje (Bnr 183) som må ha tilkomst, som forsvinner slik som planene er skissert. Det er heller ikke inntegnet avkjørsel til noen av eiendommene.

Dette medfører at det ikke vil være parkeringsplasser til leilighetene, og heller ikke avkjørsel til hverken for bnr 132, 183 eller 44, noe som også vil sterkt forringe verdien av disse.

I eiendom bnr 44 drives det med turisme, og det er der stort behov for parkering siden det ofte er 4 til 5 biler, og noen også med hengere. Til tider ankommer de med bobiler.

For at det skal kunne fortsettes med bla turisme, så kan ikke parkeringen forringes i det hele. Jeg har pr i dag en avtale med en nabo eiendommen om ekstra parkering pga mangel på eget areal.

Slik disse planene foreligger, er det vel opplagt for enhver at dette ikke er noen fornuftig løsning.

Ber kommunen / fylkeskommunen om et snarlig møte for og sjå på løsninger.

Mvh
Sjøsiden Eiendomsselskap as
Per Helge Dybvik
Mob 41587522



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	
Ar/saksnr. 13/6798	Dokument
12 MAR 2015	
Ark.kode P	Reg
Ark.kode S	
Avdeling POA	Saksbehandler ASØ

Behandlende eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2013/071720-011

Dykkar referanse:
2013/552

Vår dato:
25.02.2015

Fv 10 - Herøy kommune - Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda - Endringer i planforslaget etter offentlig ettersyn - Avgrensa høyring - Uttale

Viser til skriv av 12.2.2015 frå Herøy kommune.

Statens vegvesen har fylgjande merknader/kommentarar til planframlegget slik det no ligg føre:

1. Avkøyrslene frå fylkesvegen til private eigedomar er regulerte som offentlege køyrevegar. I uttalen herifrå av 11.11.2014 framheva vi: «Avkøyrslene til private eigedomar må regulast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentlig vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentlig veg. Og når det gjeld avkøyrslene må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar/areal (gnr. og bnr.) som skal knytast til dei ulike avkøyrslene». Avkøyrslene til private eigedomar bør på plankartet teiknast/regulast med avkøyrsselspil og visast som illustrasjon. (Ei avkøyrslene kan vere privat sjølv om den ligg på areal som eigedomsmessig gjennom reguleringa er ein del av det offentlege vegarealet.) Det må klart og eintydig framgå av reguleringsføresegnene at avkøyrslene skal ha ei utforming, herunder krav til friskt, i samsvar med vegnormalen – handbok N100. Og vidare bør det framgå av planen kva eigedomar som er knytte til dei ulike avkøyrslene/avkøyrspunkta.
2. Friksiksonene i kryss/avkøyrslene i direkte tilknytning til fylkesvegen er - etter det vi kan sjå - i all hovudsak i tråd med vegnormalen. Det bør teiknast inn siktsoner i krysset mellom o_GSV og f_V1, jamfør punkt E.2.3 i vegnormalen. Og det bør også regulast frisksiktsoner i kryss/avkøyrslene knytte til det kommunale vegnettet.
3. I føresegnene § 6 er det teke inn ei setning som lyder slik: «Areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for Fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida». Vi er spørjande til kva som eigentleg ligg i nemnde formulering. Endra bruk av areala innanfor planområdet, før planen er realisert, må i høve til tiltak/bruk i strid med regulert arealbruk handterast og avklarast i tråd med regelverket i plan- og

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

bygningslova. Og spørsmål om parkering langs fylkesveg, utanom forhold som er regulert gjennom planen, må vurderast og avklarast i medhald av vegtrafikklova/ trafikkreglane. Etter dette føreset vi at setninga om parkering langs fylkesvegen vert trekt ut av framlegget til føresegner.

4. Vi rår framleis til samordning av arealbruken i reguleringsplanframlegga for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfeltet Myrabakken gjennom ein og same plan, jamfør m.a. uttalen herifrå av 11.11.2014. Og elles bør planframlegget for fylkesvegstrekinga endrast/gjennomarbeidast i tråd med fylgjande punkt i nemnde uttale:
- Pkt 7: Profil-/pelnummer på fylkesvegen bør leggst inn på plankartet.
 - Pkt 8: Det bør presiserast at tiltak med legging av rør og kablar på/i vegeigedommen-/anlegg må avklarast gjennom løyve og samtykke frå vegeigar/-haldar.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing


Lisbeth Smørholm
seksjonssjef


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen, Fylkesmannen



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL	
Mottatt:	12 MARS 2015
I nr.	13/4000 dok. 13
Ark	421.4 Saksb. 7CE1
Søk	

Behandlende eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2013/071720-011

Dykkar referanse:
2013/552

Vår dato:
25.02.2015

Fv 10 - Herøy kommune - Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda - Endringar i planforslaget etter offentlig ettersyn - Avgrensa høyring - Uttale

Viser til skriv av 12.2.2015 frå Herøy kommune.

Statens vegvesen har fylgjande merknader/kommentarar til planframlegget slik det no ligg føre:

1. Avkøyrslene frå fylkesvegen til private eigedomar er regulerte som offentlege køyrevegar. I uttalen herifrå av 11.11.2014 framheva vi: «Avkøyrslene til private eigedomar må regulast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentlig vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentlig veg. Og når det gjeld avkøyrslene må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar/areal (gnr. og bnr.) som skal knytast til dei ulike avkøyrslene». Avkøyrslene til private eigedomar bør på plankartet teiknast/regulast med avkøyrslenspil og visast som illustrasjon. (Ei avkøyrslene kan vere privat sjølv om den ligg på areal som eigedomsmessig gjennom reguleringa er ein del av det offentlege vegarealet.) Det må klart og eintydig framgå av reguleringsføresegnene at avkøyrslene skal ha ei utforming, herunder krav til friskt, i samsvar med vegnormalen – handbok N100. Og vidare bør det framgå av planen kva eigedomar som er knytte til dei ulike avkøyrslene/avkøyrslenspunktene.
2. Friksjonene i kryss/avkøyrslene i direkte tilknytning til fylkesvegen er - etter det vi kan sjå - i all hovudsak i tråd med vegnormalen. Det bør teiknast inn siktsoner i krysset mellom o_GSV og f_V1, jamfør punkt E.2.3 i vegnormalen. Og det bør også regulast frisksiktsoner i kryss/avkøyrslene knytt til det kommunale vegnettet.
3. I føresegnene § 6 er det teke inn ei setning som lyder slik: «Areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for Fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida». Vi er spørjande til kva som eigentleg ligg i nemnde formulering. Endra bruk av areala innanfor planområdet, før planen er realisert, må i høve til tiltak/bruk i strid med regulert arealbruk handterast og avklarast i tråd med regelverket i plan- og

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:


bygningslova. Og spørsmål om parkering langs fylkesveg, utanom forhold som er regulert gjennom planen, må vurderast og avklarast i medhald av vegtrafikklova/ trafikkreglane. Etter dette føreset vi at setninga om parkering langs fylkesvegen vert trekt ut av framlegget til føresegner.

4. Vi rår framleis til samordning av arealbruken i reguleringsplanframlegga for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfeltet Myrabakken gjennom ein og same plan, jamfør m.a. uttalen herifrå av 11.11.2014. Og elles bør planframlegget for fylkesvegstrekinga endrast/gjennomarbeidast i tråd med fylgjande punkt i nemnde uttale:
- Pkt 7: Profil-/pelnummer på fylkesvegen bør leggst inn på plankartet.
 - Pkt 8: Det bør presiserast at tiltak med legging av rør og kablar på/i vegeigedomen-/anlegg må avklarast gjennom løyve og samtykke frå vegeigar/-haldar.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing



Lisbeth Smørholm
seksjonssjef



Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen, Fylkesmannen



WV

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr.	Saks.nr. AD
27 MAI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
Jr. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:

Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:

Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:

2013/071720-017

Dykkar referanse:

2013/552

Vår dato:

26.05.2015

Fv. 10 - Herøy kommune - Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda

Viser til brev av 4.5.2015 frå Herøy kommune med melding om kommunestyret i møte 30.4.2015, sak 44/15, har godkjent reguleringsplan for gang- og sykkelveg på Moltustranda.

I rådmannen si saksutgreiing av 23.3.2015 står det slik m.a: «Ein har ikkje motteke uttale frå Statens Vegvesen Region Midt ved avgrensa høyring. Rådmannen føreset soleis at dei ovannemnde justeringane som blei presentert ved avgrensa høyring er akseptert av Statens Vegvesen som tilfredstillande i høve deira brev ved offentlig ettersyn.»

Ved brev av 25.2.2015 vart det frå Vegvesenet si side skrive og sendt uttale til Herøy kommune i samband med den avgrensa høyringa. Uttalen vart sendt herifrå som brevpост. Dokumentasjon/kvittering på sjølve brevsendinga har vi ikkje utover at fylkeskommunen og fylkesmannen har motteke kopi av dokumentet – sjå vedlagde brevkopi registrert 12.3.2015 hjå fylkeskommunen og 12.3.2015 hjå fylkesmannen.

Når det gjeld grunnlaget for den avgrensa høyringa skreiv kommunen i oversendingsbrevet av 12.2.2015 dette m.a: «Herøy kommune har i løpet av høyringsperioden motteke innspel som gjer det naudsynt å endre planforslaget som har vore til ute til høyring. Ein viser særskilt til innspel frå Statens Vegvesen Region Midt som er fagmyndigheit for fylkesvegen i området, der det blir peika på ei rekkje krav som må innarbeidast i planforslaget for at dette skal vere i samsvar med vegvesenet sin vegnormal.»

Vi har erfart eit positivt og konstruktivt samarbeid med kommunen i samband med utarbeidinga av reguleringsplanen, men i siste fase av plan-/vedtaksprosessen vart det diverre ein svikt i og med uttalen vi skreiv ikkje kom med ved slutthandsaminga.

./.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Statens vegvesen rår etter dette Herøy kommune til å gjere endringar/presiseringar i reguleringsplanen for gang- og sykkelveg Moltustranda i tråd med merknadane vi skreiv ved den avgrensa høyringa av planframlegget, sjå vedlagde kopi av brevdokumentet herifrå av 25.2.2015, og då særleg punkta 1, 2 og 3.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing


for Lisbeth Smørholm
seksjonssjef


Hallvard Sæverud

Vedlegg,-

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

⑥

Utviklingsavdelinga,
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
eg. nr. 2013/552	Saksbeh. ART
28 MAI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Moltustranda, 27.05.15

Klage på vedtak – Godkjent reguleringsplan for gang- og sykkelveg FV 10 Moltustranda

Eg er eigar av eigedomen 60/52, og kan ikkje godta den vedtekne reguleringsplan for gang og sykkelveg på FV 10 Moltustranda.

Eg har i dag ca 6m fra mitt hus til grense (murkant). Herfrå er det ca 1,5m til "kvitstripa" på vegen. Når så senterlinja på vegen skal flyttast (mot meg), kor mykje har eg aldri fått svar på, men ut frå heller dårlege kart kan det sjå ut til at "kvitstripa" blir flytta til min murkant, altså ca 1,5m. Når eg ser av planframlegget om normalprofil for gangveg vil det i tillegg gå med 4,75m. Da er ein i praksis nesten heilt i mitt hus.

Når ein så stor del av eigedomen min går med til denne reguleringsplanen, er der ikkje mykje igjen av ei i utgangspunktet lita tomt, og med gangveg heilt inntil huset vil det bli ein stor ulempe og verdiminking av min eigedom.

Slik eg har forstått det, viser planlagt gangveg på nordsida av vegen i den vedtekne reguleringsplanen "FV 10 Tarberg – Moltumyr". Kvifor ikkje da fortsette på nordsida av vegen til den planlagde busslomma, for så og krysse vegen ved Myrabakken? Slik eg ser det, er det opp Myrabakkane skuleelevane går, og med ei utbygging av byggefelt i dette område, vil det vel fortsett bli slik.

På austsida av mi grense har eigaren av 60/54 veg. Her har eg vegrett, og den blir brukt til innkøyrsla av meg. Denne avkøyrsla kan eg ikkje sjå er teikna inn. Dette stilte eigar av 60/52 ved Kristian Driveklepp til innspel til høyring. I saksprotokollen vart det skrive i vurdering "Det er teikna inn ei felles avkøyrsla til eigedom gnr 60 bnr 31 og bnr 52 og 54 som vist på plankart....." Kvar er denne avkøyrsla teikna inn? 60/ 31 ligg ganske langt i frå 52 og 54. Dette har eg også forsøkt og få svar på, men det var heller ikkje mulig.

I saksprotokoll som er tilgjengelig står der under vurdering og konklusjon følgende:
"Rådmannen viser til at planforslaget skal legge til rette for nytt fortau langs fylkeveg 10, frå Moltu skule, forbi Myrabakken og fram til den går saman med plangrensa for vedtatt reguleringsplan «FV10 Tarberg — Moltumyr». Målet er å betre tilhøva for mjuke trafikantar og gi desse ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen gjennom det mest tettbygde området på Moltu. **Ein vurderer det slik at ei løysing med fortau i staden for full gang- og sykkelveg, vil vere den rette løysinga for mjuke trafikantar i dette området.** Dette av omsyn til mellom anna trafikkmengd, **fartsgrense, talet på gåande og syklande**, avkøyrslar m.m. I tillegg er det tett busetnad i området. Sistnemnde gjer det utfordrande å finne gode løysingar som ivaretek mjuke trafikantar, **samstundes som ein ikkje grip for sterkt inn i eksisterande etablerte bustadtomter som grensar til vegen.**"

Kometar til dette:


- Eg har prøvd å få svar på forskjellen på fortau og full gang- og sykkelveg, utan å lykkast med det.
- Fartsgrensa er som ein veit 50km/t. Den blir nok broten kvar dag, og fartsdumpar hadde vore et betre tiltak enn og rette opp
- Når det gjelder gåande er det heilt rett i vurderinga at det er lite gåande på strekninga Myrabakken og vestover.
- Å misse 5m av mine 6 m på nordsida av huset er vel å gripe sterkt inn.

Eg har aldri, ved førespurnad, fått svar om konsekvensar som blir gjeldande for meg ved denne reguleringsplanen.

Den 9.3.2015 sendte eg inn e-post med eit skriv "merknad til planforslag", svarfristen var 13.3.2015. dette skrevet mitt vart aldri vurdert.

Så med dei plankart og elles usvarte spørsmål, kan eg ikkje akseptere denne reguleringsplanen forbi min eigedom.

Hugo Brathaug

Øvre Myklebust 17
6092 FOSNAVÅG

95144874

hugo.brathaug@online.no

Saksnr
2013/552

Klage på reguleringsplan gang og sykkelveg fv10 Moltustranda, for Gnr 60 Bnr 54

Sjølv om gnr/bnr 60/54 hovudsakleg ligg utanfor reguleringsområdet, er det eit krav om at eksisterande funksjonar som biloppstillingspass, garasje og generell tilkomst til eigedomen ikkje vert dårlegare enn dagen situasjon.

Andre avkjørsler på planen har blitt teikna inn og gitt namn (sjå o-V1-13 og f_V1-3), men det er ikkje teikna inn for fleire av eigedomane, deriblant 60/54. Ei ny planteikning må leggest fram der alle avkjørsler er tekne med, også avkjørsla til 60/54, slik at det ikkje er tvil om at avkjørslene blir ivaretekne.

Mvh

Kristian Driveklepp
for Gunnar Moltumyr

Ⓣ AZT

500

Herøy KOMMUNE - UTVIKLINGSAVD.

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Prosj nr.	Saksbeh.
29 MAI 2015	
F. l. nr. og P.	
J. nr.	Dok nr.
Kostsaks nr.	

Moltu 27/5.15

Viser til brev fra Dere, datert 4/5.15, vedrørende godkjent reg.plan for gang/sykkelvei - og utvidelse av køyrebane, FV 10 - Moltu.

Klage på vedtak: Utvidelse av køyrebane mot nord.

Viser også til tidligere henv. til Dere ang. dette!

Slik det framgår av plankart, vil utvidelse av køyrebana mot nord medføre at våre parkeringsplasser forsvinn, og at vi får større problem vinterstid ved snøbrøyting, med snøserpe og isklumper som ofte ender i både husvegg/vinduer.

Verdiforringelsen av vår eiendom (60/73) er stor fra før (ang. kloakkutbygginga), og vil bli ytterlig større ved ~~ut~~utvidelsen av køyrebana. Vi opplever at ulempene for oss blir større enn trivselen/fordelene ved å bu her.

Konsekvensen av dette blir derfor å be om innløsning av vårt bolighus på G 60 Br. 73.


Dette til orientering.

Med helsing

Tlf. 95071901 Fogeir Skorpen
Tlf 48004255 Inger Skorpen

Moltuvegen 372

6076 Moltustranda



Saksnr
2013/552

Klage på reguleringsplan gang og sykkelveg fv10 Moltustranda, for Gnr 60 Bnr 54

Sjølv om gnr/bnr 60/54 hovudsakleg ligg utanfor reguleringsområdet, er det eit krav om at eksisterande funksjonar som biloppstillingspass, garasje og generell tilkomst til eigedomen ikkje vert dårlegare enn dagen situasjon.

Andre avkjørsler på planen har blitt teikna inn og gitt namn (sjå o-V1-13 og f_V1-3), men det er ikkje teikna inn for fleire av eigedomane, deriblant 60/54. Ei ny planteikning må leggest fram der alle avkjørsler er tekne med, også avkjørsla til 60/54, slik at det ikkje er tvil om at avkjørslene blir ivaretekne.

Mvh

Kristian Driveklepp
for Gunnar Moltumyr

importer
Helsing

JARL MARTIN MØLLER
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

Fra: postmottak
Sendt: 1. juni 2015 07:32
Til: Arkiv
Kopi: Jarl Martin Møller
Emne: VS: Saksnr: 2013/552 Gang og sykkelveg FV10 Moltustranda

Helsing
HERØY KOMMUNE
postmottak
7008 1300
www.heroy.kommune.no

Fra: Kristian Driveklepp [<mailto:kristian.driveklepp@gmail.com>]
Sendt: 29. mai 2015 21:21
Til: postmottak
Emne: Saksnr: 2013/552 Gang og sykkelveg FV10 Moltustranda

Hei

Utviklingsavdelinga,saksnr 2013/552

Klage på gang og sykkelveg FV 10 for gnr 60 bnr 54, Gunnar Moltumyr.

Mvh

Kristian Driveklepp
Tlf: 91 77 56 59



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/552
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
71/15	Formannskapet	21.04.2015
44/15	Kommunestyret	30.04.2015

DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG FV10 MOLTUSTRANDA - SLUTTHANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 30.04.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

- 01 – Plankart, sist revidert 12.02.2015
- 02 - Føresegner, sist revidert 12.02.2015
- 03 - Planomtale med vedlegg, sist revidert 12.02.2015
- 04 - F-sak 144/14 – vedtak om offentlig ettersyn
- 05 - Innspel til offentlig ettersyn
 - Innspel frå NVE 20.10.2014 og 02.02.2015
 - Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune 11.11.2014
 - Innspel frå Rolf Bjørnar Moltu 13.11.2014
 - Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 12.11.2014
 - Innspel frå Statens Vegvesen 13.11.2014
 - Innspel frå Landbrukskontoret 20.11.2014
 - Innspel frå Geir Moltubakk 07.01.2015
- 06 - Innspel til avgrensa høyring
 - Innspel frå Sjøsiden Eiendomsselskap 16.02.2015
 - Innspel frå Ørjan Lillestøl 20.02.2015
 - Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 12.03.2015
 - Innspel frå Kristian Driveklepp 12.03.2015
 - Innspel frå Geir Moltubakk 13.03.2015
 - Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune 17.03.2015

Saksopplysningar:

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda. Området er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10 og er i kommuneplanen frå 2004 sett av til gang- og sykkelveg. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta løysing for Nygjerdevegen – som er ein viktig og avgjerande samleveg for det mest sentrale bustadområde på Moltustranda.

Oppstart av arbeid med planlegging av ny gang- og sykkelveg i området blei kunngjort i juni 2013, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentlig uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 10 innspel frå både offentlig og private.

Herøy kommune gjennomførte 12.09.2013 eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule om planarbeid for ny gang- og sykkelveg gjennom bygda. Til dette møte kom det om lag 23 personar. I møtet informerte kommunen om planarbeidet, samstundes som deltakarane fekk stille spørsmål og kome med sin synspunkt knytt til kommunen sitt arbeid. Referat frå møtet følgjer som vedlegg til planomtalen. I samband med varsel om oppstart og utarbeiding av planforslag har det blitt gjennomført ei arkeologisk registrering. Rapport frå dette arbeidet følgjer som vedlegg til planomtalen. Planforslaget for gang- og sykkelveg må sjåast i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt, då desse to planane har samanfallande plangrenser og vert fremja på same tid.

Formannskapet handsama planforslag i F-sak 144/14 og gjorde vedtak om legge planforslaget ut til høyring og offentlig ettersyn i seks veker. Til offentlig ettersyn kom det 7 innspel. Med bakgrunn i innspelet som kom frå Statens Vegvesen Region Midt, blei det vurdert at det måtte gjerast endringar i planforslaget av omsyn til krav

knytt til fylkesvegar.

Endringar etter offentlig ettersyn:

Plankart:

1. Nye juridiske linjer rundt bygg med «Bygg som inngår i plan».
2. Lagt på frisiktsoner i avkøyrslar mot Fylkesvegen etter krav frå Statens Vegvesen.
3. Gitt avkøyrslar namn o_V1-13, f_V1-3
4. Endre formålet «Anna veggrunn – grøntstruktur» til «Anna veggrunn – tekniske anlegg etter krav frå Statens Vegvesen

5. Utvida anna veggrunn til 3.0 meter på nordsida av FV10 etter krav frå Statens Vegvesen.

6. Innskrenka avkøyrslar til 3.0 meter på nordsida av FV10 etter krav frå Statens Vegvesen.

7. Endre grensesnitt mellom planforslag og gjeldande reguleringsplan Tarberg-Moltumyr. Betre samanheng med regulert gangveg.
Forlenga gangveg på sørsida av FV10 frå Myrabakken og vestover. Lagt til «Anna veggrunn – tekniske anlegg».
Endra start på eksisterande Nygjerdeveg til 3.0 meter frå formålsgrense FV10 og sørover er endra til offentleg formål.

8. Endra busslomme med gangveg og areal for busstur og «Anna veggrunn – tekniske anlegg» på nordsida av FV10.

9. Endra plassering av planlagt gangfelt ved Moltu skule.

Føresegner:

Endre § 6 om frisktsoner, avkøyrslar og anna veggrunn. Tekst som er endra er markert med raudt i føresegnene.

Planomtale:

ROS-analyse, utviding av dokument og tekst pga motsegn frå NVE. Markert med raudt i vedlagt planomtale.

Dei ovannemnde endringane har blitt innarbeidd i revidert planforslag av 12.02.2015, som blei sendt på ei avgrensa høyring til råka grunneigarar og naboar og offentleg mynde. Til den avgrensa høyringa kom det 6 innspel til dei endringane som låg føre.

Rådmannen vil nedanfor presentere innspela som har kome til offentleg ettersyn og avgrensa høyring. For detaljar kring planforslaget, viser ein til dei vedlagte plandokumenta og F-sak 144/14.

INNSPEL TIL OFFENTLEG ETTERSYN

01. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 20.10.2014 og 02.02.2015:

NVE viser til at det i skreddatabasen (www.skrednett.no) ligg store deler av planområdet innanfor aktsemdskart snøskred, noko som også er synt til i ROS- analysen. Det er ikkje gjort noko vidare vurderinga av skredfaren i planomtalen.

Jamfør NVE sine retningslinjer 2/2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar* skal den reelle skredfaren vere avklart på reguleringsplannivå. Det betyr at det må gjerast ei nærare vurdering av den reelle skredfaren for dei områda der ein ønskjer å opne for utbygging eller der det er eksisterande busetnad. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse og det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Skredfaren må avklarast for framtidige og eksisterande byggområde. Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før planen kan godkjennast. Dersom det er trong for sikringstiltak, eller at ovanforliggende skog er viktig for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, rår dei til at dei aktuelle områda vert teke inn i planen.

NVE fremjar motsegn (jf. PBL § 5 -4) til reguleringsplan gangveg Moltu. Grunnlaget for motsegna er at det ikkje er utført kartlegging av skredfaren som kan dokumentere at områda FS1 og F1 er tilstrekkelege trygge for skred jamfør tryggjeleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK10) § 7-3.

Vurdering:

På grunn av ein «glipp» fekk ikkje NVE tilsendt ROS-analysen i heile sitt omfang. Herøy kommune sende brev til NVE med fullstendig ROS-analyse og ei ytterlegare vurdering/presisering av dei lokale tilhøva på staden – både i høve skredfare og byggegrunn. I høve risiko og sårbarheit, er det gjort ei utdjuping av dette i planomtalen, ein viser her til avsnitt markert med raud tekst i planomtalen.

NVE har med brev av 02.02.2015 trekt motsegna knytt til skredfare basert på opplysningar og dokumentasjon frå Herøy kommune.

02. Møre og Romsdal fylkeskommune, 11.11.2014:

Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar i samband med prosjektet. Det blei funne ein rest av eit dyrkingslag (ID 178218) innanfor det varsla planområdet. Forslaget som er ute til offentleg ettersyn er likevel justert slik at kulturminnet ikkje fell innanfor planen. Dei har difor ingen merknader til planen.

I tillegg til veg og gangveg, har planen både bustader og forretningsareal. Planen inneber ingen annan tydeleg intensjon enn stadfesting av eksisterande situasjon for desse to arealkategoriane, men kart og føresegner opnar likevel for noko meir. Dette burde vore synleggjort i planomtalen. Framlegget er likevel slik at det frå fylkeskommunen si side kan godkjennast.

Vurdering:

Innspelet vert teke til vitande. Planforslaget er justert noko mot nord etter offentleg ettersyn og sendt på ei avgrensa høyring. Revidert planforslag er slik ein vurderer det, ikkje i konflikt med registrert kulturminne.

03. Rolf Bjørnar Moltu, 13.11.2014:

Brev nr 1:

Han ser fram til att Moltustranda skal få gang og sykkelveg. Han som grunneigar er innstilt på å strekke seg litt for og få dette til. Men det er eit par punkt han vil nemne; I området vest for skulen har han den einaste gode innkøyrse for dei beitemarkane. Så for han er det viktig at denne innkøyrse ikkje blir sperra. På stykket mellom Ryssevik og Nerlid så meiner han at om vegen skal utvidast med 2-3 meter så må det la seg ordne. Men å omregulere halve stykket finner han unødvendig for ei utviding av vegen. Skal ein utvide vegen med 3 meter, så må det vere nok å omregulere den delen. Men som sagt ser han fram til å få betre gang- og sykkelsti på Moltu, så der forventar ha at ein kjem til semje.

Brev nr 2:

Protesterer på den planlagde nye traseen for Nygjerdevegen. Moltu hevdar at ein slik trase vil umogleggjere vidare gardsdrift og dyrehald. Det blir hevda at dette vil få verknader i form av nedlegging av gardsbruk og dei andre gardsbruka som Moltu i dag driftar.

Vurdering:

Brev 1:

På nordsida av vegen er det ikkje regulert meir areal enn kva som er naudsynt for å oppnå formålet med reguleringsplanen. Etter offentleg ettersyn har det blir naudsynt å utvide areal for «anna veggrunn» til eit belte på 3.0 meter, slik at vegløysinga er i samsvar med Statens Vegvesen sine krav til fylkesvegar. Denne justeringa har vore sendt på ei avgrensa høyring.

Brev 2:

Dagens Nygjerdeveg har, slik den i dag ligg føre, ikkje ei tilfredstillande utforming med tanke på framtidig vekst og utvikling av bustadområdet på Moltustranda. Veggen har ikkje tilfredstillande breidde eller stigningsforhold for å vere ein framtidig hovudtilkomst for dei sentrale delane av bustadområdet på Moltu. Veggen har heller ikkje tilfredstillande siktforhold i krysset mellom Nygjerdevegen eller Moltuvegen (fylkesvegen)

Ny trase for Nygjerdevegen er i planforslaget teikna inn aust for tunet til Rolf Bjørnar Moltu. Her er vegen teikna inn med fortau, to køyrefelt og stigningsforhold (1:10) i samsvar med krava i kommunal vegnorm. Det siste som gjeld stigningsforhold er avgjerande for å sikre god beredskap, slik at utrykningskøyretøy kan kome seg opp og fram i terrenget til etablerte og nye bustadfelt. I krysset mot Moltuvegen, vil vegen få vesentleg betre siktforhold enn kva som er tilfelle for dagens situasjon. I sum vil ny løysing medføre ei vesentleg betring av trafikksituasjonen i området.

Rådmannen viser til at ei løysing for ny hovudtilkomst til dei mest sentrale bustadområda på Moltustranda, er svært viktig for vidare vekst og utvikling med nye bustadtomter. Fleire bueiningar i dei øvre og midtre delane av bygda, vil skape meir belastning på eksisterande vegnett og skape eit behov for ein meir framtidsretta tilkomstveg. Rådmannen meiner skissert løysing med Nygjerdevegen vil vere svaret på eit slikt behov. Ny veg vil vere ei berekraftig løysing for ny hovudtilkomst til bustadområda i bygda, auke den generelle trafikksikkerleiken i området og styrke beredskapen gjennom betre framkomst for utrykningskøyretøy.

04. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 12.11.2014:

Fylkesmannen viser til at NVE har motsegn til planen, då det ikkje er gjort ei kartlegging av skredfare for FS1 og F I. Dette må avklarast før planen kan eigengodkjennast. Utover dette ser dei berre positivt på planforslaget, og kan ikkje sjå at det vil medføre konflikter med andre almenne interesser.

Vurdering:

Innspelet vert teke til vitande. NVE har med brev av 02.02.2015 trekt motsegna knytt til skredfare basert på opplysningar og dokumentasjon frå Herøy kommune.

05. Statens Vegvesen Region Midt, 14.11.2014:

Med sikte på ei meir heilskapleg og eintydig regulering i høve til avkøyrsløysingar m.m. bør planområdet utvidast langs sørsida av gs-vegen, slik at planen omfattar meir av tilgrensande arealbruk utanfor regulert vegføremål.

Det inneber at planen bør femne om areal som ligg innanfor reguleringsforslaget for Myrabakken bustadfelt (jf. brev av 17.9.14 frå kommunen). Sett frå Vegvesenet sin ståstad burde reguleringsforslaga gangog sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfelt Myrabakken med fordel ha vore utarbeidd og fremja som ein og same plan.

Langs nordsida av fylkesvegen bør plangrensa justerast slik at det langs fylkesvegen vert regulert ei sone til annan veggrunn i minst 3 m breidde. Og elles bør planavgrensinga justerast og tilpassast slik at tilstrekkeleg areal til skråningsutslag (fylling/skjerjing) vert vist og omfatta av planen.

Der det i planframlegget er nytta arealføremålet *grøntareal* på anna veggrunn på sideareal langs offentlege vegar, bør føremålet endrast til *tekniske anlegg*, i og med areala omfattar grøfteareal, skråningsutslag, areal for plassering av skilt m.m.

Etter det vi kan sjå er ikkje planforslaget heilt tilpassa og samordna med reguleringa i reg.planen Tarberg-Moltumyr. Framlegget må gjennomarbeidast meir på dette punkt, og planen må eventuelt utvidast til å omfatte deler av tilgrensande plan, slik at regulert arealbruk heng i hop og er avklarande der dei to reguleringsplanane grensar til kvarande. Gjennom det vidare planarbeidet bør det i tilknytning til busslomma vurderast og avklarast nærare behovet for leskur med tilhøyrande plattformareal.

I planforslaget er avkøyrslene til private eigedomar regulert som offentleg vegareal. Avkøyrslene til private eigedomar må regulast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentleg vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentleg veg. Og når det gjeld avkøyrslene må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar/areal (gnr. og bnr.) som skal knytast til dei ulike avkøyrslene.

Frisiktsoner i tilknytning til avkøyrslene bør innarbeidast i planen. Og i alle høve bør det i planomtalen gjerast nærare greie for siktkrav i avkøyrslene. Det bør elles i planomtalen gjerast greie for tekniske krav til teknisk utforming av avkøyrslene frå fylkesvegen.

Sett frå vår ståstad er plankartet noko mangelfullt/uklart framstilt i høve til ein del viktig basisinformasjon. Det gjeld m.a.; - eksisterande fylkesveg bør gå tydelegare fram, - profil- /pelnummer på regulert veglinje bør leggjast inn, - eigedomar innanfor og inntil planområdet bør vere påført matrikelnummer.

I planføresegnene — under § 6 — står det m. a. «...I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekabler. » Tiltak med legging av rør og kablar m.m. på/i vegeigedom-/anlegg må i kvart einskild høve avklarast gjennom løyve og samtykke frå aktuell vegeiar/-haldar.

Statens vegvesen føreset etter dette at forslaget til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg på Moltustranda vert meir gjennomarbeidd og endra i tråd merknadane/kommentarane vi har framheve i brevet her, før planforslaget vert lagt fram til slutthandsaming og vedtak etter § 12-12 i plan- og bygningslova.

Vurdering:

Rådmannen viser til at ein må sjå på intensjonen bak dei to reguleringsplanane som blir fremja. Planforslaget for gang- og sykkelvegen og Myrabakken grensar til kvarandre og har til ei viss grad mange felles interesser og utfordringar som skal løysast. Med bakgrunn i intensjonen bak dei to planforslaga, ynskjer ein soleis likevel at dei to planane vert fremja som to saker. Kommune har gjennom dialog

med Statens Vegvesen hatt fokus på avkøyrsselsforholda langs fylkesvegne gjennom arbeid med begge planane. I plan for Myrabakken er det gjort endringar i plandokumenta knytt til avkøyrslar og vurderingar kring dette tema. Ein viser her til ovannemnde opplisting og revidert tekst markert med raudt i føresegnar og planomtale. Ein har ikkje motteke uttale frå Statens Vegvesen Region Midt ved avgrensa høyring. Rådmannen føreset soleis at dei ovannemnde justeringane som blei presentert ved avgrensa høyring er akseptert av Statens Vegvesen som tilfredstillande i høve deira brev ved offentleg ettersyn.

06. Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 20.11.2014:

Landbruk vil peike på at ein må ta omsyn til eksisterande tilkomst til dyrka mark. Det gjeld spesielt tilkomsten vest for skulen.

I tidlegare innspel til reguleringsplanen datert 19.07.2012 peika vi på omsynet til jordvernet. Dei ser at det vert teke i vare når det gjeld gang- og sykkelvegen langs med FV 10.

Det er lagt inn ny tilkomst til Nygjerdevegen – V2 inklusive gang- og sykkelveg, som del av planframlegget. Landbrukskontoret meiner det er ei sers uheldig løysing med omsyn til jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området. Det blir vist til at Landbrukssjefen har vore på synfaring saman med grunneigar Rolf Moltu den 15.10.14. Moltu er ein aktiv gardbrukar som driv med utegangarsau. V2 inklusive gang- og sykkelveg tek dyrka og dyrkbar mark, og delar av tilkomsten mellom fjøs og innmark/ beite. Sjølv om utegangarsauen går på beite i utmarka store delar av året, er dei på innmarka med tilkomst til fjøs vinterstid og i lamingsperioden. Det er krav om at småfe skal ha tilgang til *trygt tilhaldsrom utanom normal beitesesong* (ref. Dyrevelferdslova). Landbrukskontoret vil rå ifrå plassering av ny V2 inklusive gang- og sykkelveg som detaljreguleringa syner. Jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området må takast omsyn til.

Vurdering:

Ny veglinje for Nygjerdevegen er i kommuneplanens arealdel frå 2014 vist på plankartet som framtidig veglinje i eit område som er lagt ut til bustadformål. Dette inneber at kommunestyre i Herøy har bestemt at området skal nyttast til bustadformål framfor LNF-område eller andre typar arealformål. Rådmannen viser til kommentarar/vurderingar til innspel nr 3 over som grunngjeving for ny Nygjerdeveg.

Med bakgrunn i ovannemnde og med tilvising til overordna kommuneplan, ser rådmannen det slik at landbruksinteressene i dette området blir ei særinteresse som ikkje er i samsvar med den arealbruken som kommunestyret har lagt til grunn for området i perioden 2014-2025. Rådmannen er av ei slik oppfatning at ny Nygjerdeveg er så viktig for utvikling av bustadområda på Moltu, at den blir overordna dei eventuelle særinteressene som er i området i dag. Nygjerdevegen er hovudtilkomst for dei sentrale bustadområda på Moltu og det er soleis av overordna interesse at det blir sikra areal til ein ny hovudtilkomstveg. Rådmannen meiner desse interessene må gå framfor evt landbruksinteresser i området. Innspelet frå Landbrukskontoret sitt innspel blir soleis ikkje teke til følgje.

07. Geir Moltubakk, 07.01.2015:

Viser til at det burde vere mogleg å rette opp/flytte vegen mot nord slik at det blir unødvendig å bruke grunn på sørsiden av dagens veg. Vegen går nå i ein sving inn mot Moltubakk sin eigedom. Eventuelle ledninger/kabler kan leggest under gangvegen.

Vurdering:

Rådmannen viser til at reguleringsplanen i svært liten grad vil råde Moltubakk sin eigedom. Det er teke omsyn til dei momenta som Moltubakk påpeiker ved at senterlinja til vegen er flytta lenger mot nord enn kva som er tilfelle for dagens vegtrase. Dette av omsyn til vegkurvatur. Inngrep i Moltubakk sin eigedom er avgrensa til om lag 22 m² med «anna veggrunn – tekniske anlegg» som vert sideareal i form av grøft/skulder/mur i tilknytning til nytt fortau.

I reguleringsføresegnene ligg det føre følgjande formulering: «I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekabler. Det vert tillate med etablering av naudsynte kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknytning til offentleg infrastruktur».

INNSPEL TIL AVGRENSA HØYRING

08. Sjøsidan Eiendomsselskap, 16.02.2015:

Viser til mottatt reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10.

Utfra dei mottatte kart og beskrivelse så er det vanskeleg og sjå klart om tiltaket kjem i konflikt med grensene til eigedom gnr 60. bnr 183, og 132. Det ser også ut til at avkjørsel frå denne eigedomen ikkje er inntegnet. Ber om informasjon om dette.

Vurdering:

Det er teikna inn avkøyrslar til eigedom gnr 60 bnr 31 og bnr 53 som vist på plankartet. Desse ligg innanfor eit belte på 3.0 frå regulert grense for vegareal og vert difor regulert som offentlege.

I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrslar langs fylkesvegen (FV10). Etter krav frå Statens Vegvesen har ein blitt nøydd til å gjere endringar i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn, mellom anna utviding av areal for «anna veggrunn – tekniske anlegg» til 3.0 meter. Revidert planforslag er sendt på ei avgrensa høyring. Arealet «anna veggrunn – tekniske anlegg» vil for enkelte eigedomar medføre konflikt med etablert parkeringsplassar nord for FV10. Det er teke med i føresegnene at areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida. Utover dette må eigedomane som blir råka finne alternative løysingar for sitt parkeringsbehov.

09. Ørjan Lillestøl, 20.02.2015:

Flott at arbeidet med gangveg no er starta. Der er særleg trøngt mellom eigedomane gnr 60 bnr 347 og gnr 60 bnr 148. Det er ikkje plass til å flytte vegen mot nord (mot husa), då dette er parkering/oppstillingsplass for bilar. Det er knapt slik det er. Regner helder ikkje med at det er planen, men det kom ikkje fram i kartet på en god måte, følte derfor for å presisere dette.

Vurdering:

Rådmannen viser til at det er regulert inn ei felles avkøyrslar for desse eigedomane. I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrslar langs fylkesvegen (FV10). Etter krav frå Statens Vegvesen har ein

blitt nøydd til å gjere endringar i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn, mellom anna utviding av areal for «anna veggrunn – tekniske anlegg» til 3.0 meter. Revidert planforslag er sendt på ei avgrensa høyring. Arealet «anna veggrunn – tekniske anlegg» vil for enkelte eigedomar medføre konflikt med etablert parkeringsplassar nord for FV10. Det er teke med i føresegnene at areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida. Utover dette må eigedomane som blir råka finne alternative løysingar for sitt parkeringsbehov.

Rådmannen kan ikkje sjå at planforslaget medfører særskilte vanskar knytt til parkeringstilhøva for bnr 347. For eigedom gnr 60 bnr 148 vil det ved breiddeutviding av fylkesvegen vere ei utfordring knytt til parkering etter reguleringsføresegnene. Ein legg til grunn at bnr 148 har tilkomst til eit areal på vest og nordsida av bygget på eigedomen, og at det i dette området er moglegheiter for å opparbeide parkeringsareal i tilknytning til vegen som fører til garasjedelen i underetasjen.

10. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 12.02.2015:

Ingen merknad

Vurdering:

Teke til vitande.

11. Kristian Driveklepp, 12.03.2015:

På vegne av Gunnar Moltumyr 60/54, vil han kome med merknad til bemerke reguleringsplanforslaget. Han trur dette vil forringe eigedomen og skape ulemper for dei to avkøyrslene til eigedomen. Han trur at ved å flytte senterlinja lenger ned, vil det ikkje komme i konflikt og det vil bli eit meir oversiktleg kryss til Myrabakken med større siktsoner. Det er også mogleg å fylle masser inn til dagens mur, slik at vegskulderen fyller muren og det blir asfaltert helt inn til muren, med kumrister inne langs muren for overvann. Han trur dette vil bli et bedre og rimeligere alternativ for byggherren.

Vurdering:

Det er teikna inn ei felles avkøyrslle til eigedom gnr 60 bnr 31 og bnr 52 og 54 som vist på plankartet. I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrslar langs fylkesvegen (FV10).

Det vert opna for førehandsrøysting 6 veker før valet.

Klagerett vert sett til 1 veke etter valdagen til valstyret.

Valdagen vert sett til måndag 23.5.2016.

Valstyret tilleggst ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek at røysteretten fyl vilkåra for røysterett ved fylkestingval og kommunestyreval (valgloven § 2-2,(1) og (2)). I tillegg har alle som fyl 16 år i løpet av valåret røysterett gitt at dei for øvrig oppfyller vilkåra.

Folkerøystinga er avgrensa til dei som bur innanfor kommunegrensa.

Skjeringsdato for manntal er 1.1.2016.

Det vert oppnemnd 4 røystekrinsar med vallokale på følgjande stadar:

- Møre barne- og ungdomskule
- Stokksund skule
- Einedalen skule
- Kulturhuset

Det vert opna for førehandsrøysting 4 veker før valet.

Klagerett vert sett til 1 veke etter valdagen til valstyret.

Valdagen vert sett til søndag 22.5.2016.

Valstyret tilleggst ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.

Særutskrift:

Saksopplysningar:

Om lokal folkeavstemming

Kommuneloven §39 b fastslår at kommunestyret sjølv kan bestemme at det skal avhaldast rådgjevande lokal folkerøysting.

Kompetansen til å sette i gang ei folkerøysting er lagt til kommunestyret sjølv og denne kompetansen kan ikkje delegerast.

Kommuneloven bygger på eit system med representativt demokrati. Det er derfor ikkje adgang til å halde bindande folkerøystingar. Kommunestyret kan ikkje fråskrive seg sitt rettslege og politiske ansvar for dei vedtak som vert gjort. Ei folkerøysting kan vere nyttig innspel for kommunestyret for å få tilbakemelding frå innbyggjarane i viktige og prinsipielle saker.

Gjennomføring av folkerøysting:

Kommunestyret sjølv vedtek korleis ein vil gjennomføre ei folkerøysting. Under er opplista ein del punkt som kommunestyret må ta stilling til:

Røysterett ved folkerøysting

- Skal nedre aldersgrense settast ved 16år?
- Er folkerøystinga avgrensa til å dei som bur innanfor kommunegrensa?
- Skjeringsdato for manntal?
- Kor mange røystekrinsar skal oppnemnast?
- Skal det vere mogleg å førehandsrøyste?
- Klagerett?
- Tidspunkt for val?

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at røysteretten fyl vilkåra for røysterett ved fylkestingval og kommunestyreval (valgloven § 2-2.(1) og (2)). I tillegg har alle som fyl 16 år i løpet av valåret røysterett gitt at dei for øvrig oppfyller vilkåra.

Folkerøystinga er avgrensa til dei som bur innanfor kommunegrensa.

Skjeringsdato for manntal er 1.1.2016.

Det vert oppnemnd 4 røystekrinsar med vallokale på følgjande stadar:

- Møre barne- og ungdomskule
- Stokksund skule
- Einedalen skule
- Kulturhuset

Det vert opna for førehandsrøysting 4 veker før valet.

Klagerett vert sett til 1 veke etter valdagen til valstyret.

Valdagen vert sett til søndag 22.5.2016.

Valstyret tilleggast ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.

Fosnavåg, 11.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad

Jarl Martin Møller

Rådmann

Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

FSK 190116

F. Sack 14/16

Valdager vent rett til ^{mån den} 23/5 16

De 12 melahl



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

NAV Herøy

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BERLYN	Arkivsaknr:	2013/1318
		Arkiv:	F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/16	Formannskapet	19.01.2016
9/16	Kommunestyret	28.01.2016

EKSTRA BUSETTING AV FLYKTNINGAR I 2016 OG 2017

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiser spørsmål om habilitet då han er eigar av Christineborg som pr. i dag har funksjon som akuttmottak for asylsøkjjarar. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Ann Kathrin Storøy leia møtet. Arnulf Goksøyr vart kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.01.2016

1. Herøy kommune vil ikkje ta i mot ekstra flyktningar i 2016, utover vedtak i K-sak 66/15 om å auke mottak av flyktningar frå 10 til 20 i 2016. Dette gjeld både vaksne, familiar og einslege mindreårige.
2. Herøy kommune vil ta stilling til busetting av flyktningar for 2017 i 2. halvår 2016.

Tilråding:

3. Herøy kommune vil ikkje ta i mot ekstra flyktningar i 2016, utover vedtak i K-sak 66/15 om å auke mottak av flyktningar frå 10 til 20 i 2016. Dette gjeld både vaksne, familiar og einslege mindreårige.

4. Herøy kommune vil ta stilling til busetting av flyktningar for 2017 i 2. halvår 2016.

Særutskrift:
IMDI

Vedlegg:

- 1 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016.
- 2 K-sak 66/15. Busetting av flyktningar 2014-2016

Saksopplysningar:

Herøy kommune vedtok i K-sak 66/15 å auke busetting av flyktningar for 2015 og 2016, frå 10 personar kvart år til 20 personar. I brev frå lmdi av 23.11.2015 blir vi oppmoda om å busette 40 flyktningar i 2016, kor av 10 einslege mindreårige frå 15 år.

I november 2015 gjorde UDI avtale med to ulike private aktørar om å etablere asylmottak i Herøy kommune. Den eine avtalen gjaldt eit akuttmottak med 180 plassar, fordelt på Christineborg Gjestehus (105 plassar) og hybelhuset til North-West Eiendom i Tjørvåg (75 plassar). Avtalen med UDI var for ei periode på 2 månadar, med opsjon på 2+2 månadar til. Den andre avtalen gjeld eit permanent asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar frå 15 år. Avtalen blei gjort med Hero Norge AS, og har ei varigheit på tre år. I skrivande stund er det usikkert om og når det kjem asylsøkjjarar til akuttmottaket

Desse to avtalane vil setje dei kommunale tenestene under press. Alle asylsøkjjarar har rett på helsehjelp. Dei som kjem til akuttmottaket har rett på naudsynt helsehjelp, og det er uklårt i kva grad dei har teke dei naudsynte undersøkingane for mellom anna tuberkulose før dei kjem til kommunen. Dei ordinære asylsøkjjarane, dei einslege mindreårige, har rett på fastlege og anna helsehjelp på lik linje med andre som bur i kommunen. Avdeling for Barn,- familie- og helse veit ikkje på noverande tidspunkt kor mykje ressursar dette vil krevje, om det er behov for å auke ressursane og om tilskot frå UDI vil vere tilstrekkeleg. Det er og rett å nemne at kommunen allereie har ei stor utfordring når det gjeld å rekruttere fastleger.

Asylsøkjjarar i grunnskulealder i akuttmottak har rett på opplæring dersom det er sannsynleg at dei vert her lenger enn 3 månader. I så fall slår retten inn frå første dag Dette i følge Opplæringslova. . I den situasjonen ein har i landet no, varslar Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen at ein i vurderinga må ta høgde for at opphaldet kan strekkje seg lenger enn dette. Det er mangel på ordinære mottak, og det kan derfor ta tid å få flytta asylsøkjjarane frå dei akutte mottaka. Einslege mindreårige i mottak har rett på norskopplæring, samt grunnskuleopplæring , dersom dei ikkje har dette frå før. Dette betyr at alle som vert busett i asylmottaket i Fosnavåg, i alle fall vil ha rett på norskopplæring.

Skuleavdelinga treng å få oversikt over kor mange asylsøkjjarar i dei to mottaka som vil ha rett på opplæring, og deretter vurdere kapasitet, organisering og kompetanse. Ein ser uansett at dette vil by på utfordringar.

Vurdering og konklusjon:

I denne nye og uoversiktlege situasjonen kan ikkje rådmannen sjå at det er forsvarleg å vedta enda ei auke av busetting av flyktningar. I løpet av første halvår 2016 vil kommunen ha ei mykje betre oversikt, både når det gjeld kven som kjem og kva alder dei har, og kva ressursar som trengst. Det vil gje eit grunnlag får ei ny vurdering både med tanke på busetting av vaksne og einslege mindreårige

flyktningar. Det er også viktig å ikkje gløyme at Herøy kommune skal busette 20 flyktningar i 2016, og at dette er ei dobling frå det opphavlege vedtaket.

Fosnavåg, 08.12.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Berit Lyngstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Lyngstad



Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

1515

HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Ber om at brevet vert distribuert til:

Ordførar
Rådmann

DYKKAR REF

VÅR REF
06-01179-20

DATO
23.11.2015

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016

Flyktningkrisa og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg, førar til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet IMDi tidlegare samla har oppmoda kommunane om.

Nasjonalt utval, som er samansett av representantar frå kommune og stat, har oppjustert tidlegare busettingsbehov og fastsatt at det vil være behov for å busette minst 18 000 flyktningar i 2016. Det er ein auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding på 14 000 for 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 21 000 flyktningar, som er ein auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal på 13 200. For meir informasjon om behovet for busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider www.imdi.no/bosettingsbehov.

Det er ein sær stor auke i talet på einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Oppdaterte prognosar viser at det er behov for å busette minst 4 400 einslege mindreårige i 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 7 000 einslege mindreårige. Om lag 20 prosent av de einslege mindreårige er under 15 år. I 2014 vart det busett 536 einslege mindreårige (EM) i Noreg. Berre nokre av kommunane vart oppmoda om å busette EM. Behovet i 2016 er meir enn åttedobla frå fjolåret. IMDi må difor oppmode dei fleste kommunane om å busette einslege mindreårige. Og dei som har busett EM tidligare, må verte oppmoda om å busette mange fleire.

IMDi ber kommunar som ikkje blir bede om å busette dei yngste EM – og likeins kommunar som ikkje i det heile teke er oppmoda om å busette EM – om å vise god vilje til samarbeid når Bufetat skaffar fosterheim i kommunen. Alle kommunar kan også gjere ein aktiv innsats ved å vere formidlar av kontakt mellom moglege fosterfamiliar for EM og Bufetat.

Postadresse:
Postboks 8059
Dep.
0031 OSLO

Besøksadresse:
Kjøpmannsgata
ved nr 32,
Trondheim

Internett:
www.imdi.no

E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å ta imot 40 flyktningar i 2016, kor av 10 er einslege barn og unge.

IMDi ber ikkje kommunen om særskilt å ta imot EM under 15 år. Men behovet er stort og denne gruppa burde raskt få eit tilbod i ein kommune. Om kommunen ser det som mogleg også å busette nokre einslege mindreårige under 15 år, ta kontakt med IMDi om dette.

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å leggje til grunn følgjande førebels plantal for 2017:

- **Minst 42 flyktningar i 2017, kor av minst 15 er einslege barn og unge.**

Det er stor uvisse knytt til kor mange asylsøkarar som kjem til Noreg i 2016 og 2017. IMDi vil i løpet av 2016 oppdatere kommunen på busettingsbehovet for 2017 i det årlege oppmodingsbrevet, og så langt som mogleg gje førebels plantal for 2018 og 2019.

IMDi understreker betydinga av presise vedtak for det talet flyktningar som kommunen skal busette. Vedtak må fattast utan atterhald. Vi ber om at det ikkje fattast vedtak som inkluderer familiesameinte eller som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Skulle det av ulike grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle busettingsplassane, skal plassar som ikkje er vorte brukt overførast til kommande års busetting.

Økonomi og rammevilkår

I statsbudsjettet for 2016 og i tilleggsnummer om auka asyltilstrøyming føreslår regjeringa å auke det særskilde tilskotet med 100 000 kroner per einsleg mindreårige flyktning som vert busett i 2016, og eit ekstratilskot på kr. 50 000 per flyktning som kommunen busett i 2016 utover det talet kommunen ble oppmoda om for 2015. For meir informasjon om dei ulike tilskotsordningane som følgjer med busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider (www.imdi.no).

Kommunar som busetter einslege mindreårige, vil få vanleg integreringstilskot for kvar EM som vert busett. Og i tillegg det særskilde tilskotet ved busetting av EM som i 2015 var kr 191.300 per born. Det særskilde tilskotet får kommunen fram til og med 20 års alder for kvar EM. For komande år føreslår regjeringa altså også å auke dette tilskotet med kr 100.000 for kvar EM i busettingsåret 2016. Busette einslege mindreårige vil også telle med i det samla talet som kan gje ekstratilskot på kr 50.000; sjå over.

Kontakt med IMDi om oppmodinga

Kommunen kan ta kontakt med IMDi i tida fram mot vedtak. Om kommunen ønskjer meir informasjon om oppmodinga eller om busetting av flyktningar generelt, ta gjerne kontakt med IMDi Midt-Norge ved Karin Erland; e-post ker@imdi.no eller telefon 46548025.

For å leggje til rette for ei mest mogleg føreseieleg busetting i 2016, ber vi om tilbakemelding frå kommunen innan 31.12.2015. Vi ber dykk sende vedtaket skriftleg og på e-post til IMDi post@imdi.no med kopi til KS v/Nina Gran nina.gran@ks.no.

Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid!

Venleg helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Rune S Foss
regiondirektør IMDi Midt-Norge

Karin Erland
sakshandsamar

Kopi:
Fylkesmannen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Det kongelige barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement

Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Saksnr
2013/1318

Arkiv
F31

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / BRB

Dato
02.06.2015

K-SAK 66/15. BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2014-2016

Vedlagt fylgjer K-sak 66/15.

Kommunestyret gjorde i møte 28.05.2015 slikt vedtak i saka:

- 1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra kvoteflyktingar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.*
- 2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktingane, jmf utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.*
- 3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.*
- 4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader*

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi: Rådmannen si leiargruppe





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

NAV Herøy

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	BERLYN	Arkivsaknr:	2013/1318
		Arkiv:	F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
102/15	Formannskapet	19.05.2015
66/15	Kommunestyret	28.05.2015

BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2014-2016

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra flyktingar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktingane, jmf utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet 19.05.2015

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra flyktingar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktingane, jmf utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor

mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.

3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

Møtebehandling:

Uttale frå komite for helse og omsorg vart lagt fram i møte.
Det vart halde gruppemøte.

Egil leikanger kom med framlegg om å endre «10 ekstra flyktningar» til «10 ekstra kvoteflyktningar».

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktningane, jmf utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

Formannskapet si tilråding med framlagt endring vart vedteken mot 1 røyst.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra kvoteflyktningar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktningane, jmf utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Særutskrift:

- Likestillings- og inkluderingsdepartementet
- Rådmannen si leiargruppe

Vedlegg:

- Brev frå Barne- og likestillings- og inkluderingsdepartementet

Saksopplysningar:

Herøy kommune vedtok i K-sak 153/09 å busette 10 flyktningar. Ut frå ressurssituasjonen i kommunen og det store talet på arbeidsinnvandrarar blei det vurdert som det eit øvre tak for å kunne gje gode nok tenester. Krigshandlingane i Syria, og dei tragiske dødsfalla i Middelhavet har ført oss i ein ekstraordinær situasjon. Det er eit fleirtal på Stortinget for å ta i mot ekstra flyktningar frå Syria, og statsråd Solveig Horne har bedt kommunane vurdere om dette er realistisk. Avdelingane i Herøy kommune har alle vore positive til å kunne bidra i denne situasjonen. Saksframlegget vil synleggjere under kva føresetnadar avdelingane meiner ein kan ta i mot 10 ekstra flyktningar.

Anmodninga frå IMDi og departementet

IMDi rettar kvart år ein førespurnad til kommunane om å ta i mot flyktningar. Dei siste åra har det også kome ei ekstra anmodning frå lmdi, då det blir busett for få flyktningar i forhold til talet på flyktningar som sit på asylmottak og har fått opphaldsløyve. Anmodninga frå statsråden kjem i tillegg til anmodningane frå IMDi

Opphавеleg anmodning frå lmdi 2015	30
Vedtak Herøy kommune 2015	10
Justert anmodning 2015	38
Tillegg utover IMDi`s anmodning	10
Samlet anmodning 2015	48
Justert anmodning 2016	27
Vedtak Herøy kommune	10
Tillegg utover IMDi`s anmodning	13
Samlet 2016	40

Som tabellen viser har IMDi bedt Herøy kommune ta i mot totalt 38 flyktningar for 2015. No har departementet bedt oss ta i mot 10 ekstra. For 2016 har IMDi bedt oss ta i mot 27 flyktningar, og i tillegg har departementet bedt oss ta i mot 13 flyktningar. Herøy kommune har eit vedtak om å ta i mot 10 flyktningar i 2015 og 2016, totalt 20.

Samla sett er Herøy kommune bedt om å ta i mot 88 flyktningar i 2015 og 2016. Om Herøy kommune seier ja til å ta i mot 10 ekstra flyktningar i 2015 og 13 flyktningar i 2016, vil vi totalt ta i mot 43 flyktningar desse to åra, 45 færre enn det vi er spurde om.

Avdelingane har med utgangspunkt i dei ressursane vi veit vi har og kunnskap om kva som trengs, vurdert saka ut frå å ta i mot 10 ekstra flyktningar i 2015, totalt 20, og 10 ekstra flyktningar i 2016, totalt 20.

Bustad

Den viktigaste og mest krevjande føresetnaden for å busett flyktningar er at vi har nok ledige bustader. Uttale frå Eigedomsavdelinga viser at det kan bli ledige kommunale bustadar i løpet av sommaren. Dette gjeld til dels store leilegheiter med 3-5 soverom.

Hittil i 2015 har NAV busett 3 flyktningar, og skal busette 6-7 til hausten. Det er viktig at vi også har ledige bustadar til dei 10 flyktningane vi allereie har vedtatt å ta i mot. Om det ikkje skulle bli ledigheit i dei kommunale bustadene, må Eigedomsavdelinga vende seg til private huseigarar for å leige seg inn der. Det er ein del meir krevjande enn å bruke kommunale bustadar, og det vil kunne bety at Eigedomsavdelinga treng noko ekstra ressursar.

Integreringstilskot

Kommunane får eit integreringstilskot for kvar flyktning, både vaksne og born, dei fem første åra dei bur i kommunen. Det er nokre forskjellar på tilskota i år 1, mens dei er lik for alle flyktningane år 2-5. I tillegg er det nokre eingongstilskot i år 1.

Tilskotssatsane pr 2015 er slik:

År	Vaksne og born	Einslege vaksne	Barnehagetilskot	Eldretilskot
1	182 000	232 000	24 000	157 500
2	210 000			
3	152 000			
4	82 200			
5	70 000			

Ekstra busetting 2015 og 2016

Tabellen viser kor mykje Herøy kommune vil få overført i integreringstilskot ved å ta i mot 10 flyktningar i 2015 og 10 flyktningar i 2016.

År	2015	Tilskot	2016	Tilskot	Totalt
1-x	10 x 182 000	1 820 000			1 820 000
2-1	10 x 210 000	2 100 000	10 x 182 000	1 820 000	3 920 000
3-2	10 x 152 000	1 520 000	10 x 210 000	2 100 000	3 620 000
4-3	10 x 82 200	820 000	10 x 152 000	1 520 000	2 340 000

5-4	10 x 70 000	700 000	10 x 82 000	820 200	1 520 000
x-5			10 x 70 000	700 000	700 000

Behov for ekstra ressursar

Avdelingane har gjort ei kartlegging av kva ressursar dei treng ved mottak av 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016. Kartlegginga er omtrentleg, då vi ikkje veit kor mange barn og vaksne som kjem, eller kva behov dei har for tenester. Derfor må budsjettet justerast når dette er klart.

Barnehageavdelinga

Det er eit eige barnehagetilskot på kr 24 000. Dette er eit eingongstilskot år 1. Tilskotet er ikkje medrekna i budsjettet over, då vi ikkje veit kor mange born som kjem. I utgangspunktet skal dette tilskotet gå til barnehageavdelinga direkte. Om barnehagane treng meir ressursar til oppfølging, også utover det første året, skal det så langt det lar seg gjere dekkes av det ordinære tilskotet.

Skuleavdelinga – grunnskulen

Grunnskulen har allereie i dag liten kapasitet til ekstra norskundervisning til born av framandspråklege, enten det er born av flyktningar eller arbeidsinnvandrarar. Ekstra mottak av t.d 5 + 5 born vil krevje ei ressursauke på 50 % stilling i grunnskulen, som eit minimum i skuleåret 2015-2016 og 2016-2017.

Skuleavdelinga – Internasjonal skule

Nye flyktningar treng ofte litt meir og litt annleis undervisning enn dei som har vore her ei stund, eller dei som allereie snakke engelsk. Det er hensiktsmessig å starte opp ei nybegynnargruppe på 4 timar undervisning 4 dagar i veka, noko som utgjør ein 68 % lærarressurs.

Flyktningtenesta – Programarbeid

Kva enkelt flyktning skal ha eit eige Introduksjonsprogram. Dette inneber kartlegging og oppfølging, samt planlegging av innhald utanom norskundervisning, og i skuleferiane. Med ekstra mottak av flyktningar må det vurderast om det skal settast av ressursar til stilling som Programrådgjevar, noko ein ikkje har i dag. Ei 50 % ressurs i gjeldande periode vil vere dekkande.

Flyktningtenesta – Introduksjonsløn

Om ei reknar med å busett 10 barn og 10 vaksne, vil det gje lønskostnadar på 10 x 176 740 pr år.

Flyktningtenesta - andre utgifter

I tillegg vil det kome andre laupande utgifter. Sjølve busettinga krev ein del ressursar

til møblar, inventar og anna utstyr dei treng. Det må også påreknast ein del skysskostnadar frå bustad til skule/barnehage.

NAV – økonomisk stønad

Alle flyktningane får økonomisk stønad frå NAV. I første omgang får dei stønad til livsopphald, husleige og straum i månadene til dei begynner på Introduksjonsprogrammet og får Introduksjonsløn. Løna utgjer 2 x grunnbeløpet i Folketrygdlova, pr dato 2 x 88 370. Veldig få av flyktningane klarar seg på denne løna og får supplerande stønad frå NAV. I tillegg dekkjer NAV utgifter til barnehage og SFO. Denne utgifta skal så langt det er råd refunderast frå Integreringstilskotet.

Utgifter til tolketeneste - felles for avdelingane:

Mange av avdelingane har store utgifter til tolketenester. Ekstra utgifter til tolk knytt til flyktningar bør så langt som råd dekkast av integreringstilskotet.

Stipulert budsjett:

Avdeling	Ressursbehov	Stilling	Kostnad år 1	Kostnad år 2	Kostnad år 3
Barnehage	Assistentar og tolk Barnehagetilskot 24 000 pr barn første år		30 000	150 000	150 000
Grunnskule	Norsklærer	68,8 %	350 000	350 000	350 000
Internasjonal skule	Norsklærer	50 %	350 000	350 000	350 000
Flyktningtenesta	Programrådgjevar	50 %		320 000	320 000
Barn-familie-helse	Tolk		50 000	50 000	50 000
Flyktningtenesta	Busetting		150 000	150 000	
NAV Sosial	Sosialhjelp			500 000	300 000
Intro-løn	Løn til deltakarar		5 x 176 740 = 883 700	10x 176 740 = 1 767 400	5 x 176 740= 883 700
Utgifter			1 813 700	3 637 400	2 403 700
Tilskot			1 820 000	3 920 000	3 620 000

Resultat			6 300	282 600	1 216 300
----------	--	--	-------	---------	-----------

Det er viktig å understreke at budsjettet er justert etter tilskotet. Om barnehageavdelinga treng meir ressursar år 1 vil det ikkje vere midlar til det. NAV utbetalar mykje meir i sosialhjelp enn det som er lagt inn i budsjettet, og det er også usikkert om Barn-, familie- og helseavdelinga treng meir. Derfor har avdelingane sagt ja til å ta i mot 10 ekstra flyktningar i 2015 og 2016 under føresetnad at det ekstra integreringstilskotet i si heilheit går til arbeidet med flyktningane. Om ein ser på det ordinære flyktningbudsjettet, vil det vere kostnader der som ikkje er med her. Til dømes gjeld det løn til flyktningkonsulent og miljøterapeut, husleige og andre kontorkostnader, samt leasing og drift av ein bil.

Vurdering og konklusjon:

Oppstillinga ovanfor byggjer på visse føresetnader om mottak og samansetjinga av 10 ekstra flyktningar i to år. Rådmannen legg til grunn at i den økonomiske situasjonen kommunen står oppe i, er det ikkje rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet. Tiltak og tenester må tilpassast denne føresetnaden.

Konsekvensar for folkehelse:

Positiv for flyktningane.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Føresetnad om at auka drift skal tilpassast og dekkast av integreringstilskotet.

Konsekvensar for økonomi:

Føresetnad om at auka drift skal tilpassast og dekkast av integreringstilskotet.

Fosnavåg, 11.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Berit Lyngstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Lyngstad



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/751
		Arkiv:	K54

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/16	Formannskapet	19.01.2016
10/16	Kommunestyret	28.01.2016

GNR. 53 BNR. 1 EIGAR: GEIR OG MARIANNE TJERVÅG - ELVEFORBYGGING I TJØRVÅGELVA - VEDTAK DISTRIKTSDEL TIL NVE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.01.2016

1. Herøy kommunestyre godkjenner avtale med NVE «Kommunevedtak for sikringsanlegg mot flaum og skred – plan for utbetring etter naturskade i Tjørvågelva.» Ordføraren får fullmakt til å underteikne avtalen.
2. Det vert løyv inn til 80.000 kroner eks.mva. til dekning av kommunal distriktsdel til NVE. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.
3. Eigar av anlegget, grunneigar(ar), vert gjort merksam på at dei har ansvaret for drifta av anlegget inkludert utføring og dekking av kostnader til nødvendig ettersyn, drift og eventuell skjøtsel.

Tilråding:

4. Herøy kommunestyre godkjenner avtale med NVE «Kommunevedtak for sikringsanlegg mot flaum og skred – plan for utbetring etter naturskade i Tjørvågelva.» Ordføraren får fullmakt til å underteikne avtalen.

5. Det vert løyv inn til 80.000 kroner eks.mva. til dekning av kommunal distriktsdel til NVE. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.
6. Eigar av anlegget, grunneigar(ar), vert gjort merksam på at dei har ansvaret for drifta av anlegget inkludert utføring og dekking av kostnader til nødvendig ettersyn, drift og eventuell skjøtsel.

Særutskrift:

- Geir og Marianne Tjervåg, Tjervågsvegen 364, 6070 Tjervåg
- NVE Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Vedlegg

1. Oversiktskart datert 02.12.2015
2. Kopi av søknad om bistand til bygging av flaumvollar for Tjørvågelva av 02.06.2010 frå Geir Tjervåg til Søre Sunnmøre Landbrukskontor(SSL)
3. Kopi av oversendingsbrev av 26.06.2012 frå SSL til Norges vassdrags- og energidirektorat(NVE)
4. Kopi av e-post av 16. september 2015 vedlagt mal for kommunevedtak og skisseplan for utbetring etter naturskade i Tjørvågelva

Bakgrunn

Tunet på gnr. 53 bnr. 1 i Tjørvåg har vore utsett for flaum i mange år. Eigar søkte i 2010 om bistand til bygging av flaumvollar i Tjørvågelva. Normal sakshandsaming er at slike søknadar vert handsama av NVE og at kommunen får oversendt førespurnad om å gjere vedtak om betaling av distriktsdel før tiltak vert iverksett. I dette tilfellet har imidlertid NVE gjennomført tiltaket hausten 2015 utan at kommunen har fått oversendt saka for handsaming på førehand. Denne saka gjeld såleis handsaming av spørsmålet om kommunal distriktsdel i etterkant av at tiltaket er gjennomført.

Saksopplysningar

Generelt:

NVE har det overordna ansvaret for statlege forvaltingsoppgåver innan førebygging av flaumskader og skredulykker. Dette inneber å yte hjelp til kommunar og samfunnet elles med kompetanse og ressursar til kartlegging, arealplanoppfølging, sikring, overvaking, varsling og beredskap.

Det er i utgangspunktet kommunane som kan søke om bistand. Dersom grunneigarar eller andre ønskjer bistand må søknad sendast via kommunen, og kommunen må uttale seg til søknaden før den vert sendt NVE. Det må framgå om søknaden gjeld tilskot eller om kommunen ber NVE om å ta på seg oppgåva med planlegging og gjennomføring av tiltaket.

NVE kan dekke inntil 80% av kostnadene ved eit tiltak. Kommunen er ansvarlig for å dekke dei resterende 20%, distriktsandelen. Dersom kommunen ønskjer at grunneigarane eller andre skal dekke distriktsandelen heilt eller delvis, er det kommunen som må ordne dette i form av frivillige avtalar eller pålegg. Naturskadeloven § 24 gir kommunane heimel til å krevje utgifter til sikringstiltak refundert av dei som eig eller festar eigedom innafor det området sikringstiltaket vernar.

Anten NVE tek på seg alt ansvar for planlegging og gjennomføring av eit tiltak eller berre yter bistand i form av tilskot vil kommunen måtte stå som formell tiltakshavar. Derfor må kommunen stå som formell byggherre etter byggherreforskrifta, og ha ansvar for avklaring i forhold til plan- og bygningslova og andre lovverk, og for informasjon til og oppfølging av berørte partar. Kommunen må også ordne rettigheter til å anlegge sikringstiltak på aktuelle eigedomar.

Omsøkt tiltak:

Det vert vist til oversiktskart, vedlegg 1. Eigar av eigedomen sende 02.06.2010 søknad til Søre Sunnmøre Landbrukskontor(SSL) om bistand til bygging av

flaumvollar for Tjørågelva, sjå vedlegg 2. Av ulike årsaker vart ikkje søknaden vidaresendt frå SSL til NVE før 26.06.2012, sjå vedlegg 3. I samband med flaum på Sunnmøre den 19 og 20 august -13 gjekk Tjørågelva over breddene og det var fare for at bustadhuset i gardstunet til Geir Tjøråg skulle bli skada. I 2014 var det 2 flaumar og elvekannten mot bygningane vart øydelagt og låg open utan noko form for steinsetting. Kommunen har følgd opp saka jamleg med tilbakemeldingar og purringar til NVE om prioritering av tiltaket.

14. september 2015 tok NVE telefonisk kontakt med kommunen v/Anleggs- og driftsleiar og opplyste at dei no hadde ledig kapasitet og ville starte opp arbeidet med tiltaket i Tjørågelva innan nokre få dagar. Tiltaket var av ein slik art at det ikkje var naudsynt med særskilde løyve.

16. september 2015 mottok ein e-post frå NVE, sjå vedlegg 4, med mal for kommunevedtak og skisseplan for utbetring etter naturskade i Tjørågelva.

13. oktober 2015 mottok ein melding frå NVE om at tiltaket var gjennomført og at totalkostanden vart lågare enn i kostnadsoverslaget i planen.

Kostnad, finansiering, kommunal distriktsdel og plikter:

I vedlagt skisseplan oversendt frå NVE 16.09.2015 med plandato 14.09.2015 er tiltaket og plan for utføring skildra og kostnadsrekna. **Total prosjektkostnad var rekna til 391.875 kroner eks.mva.** Det er rekna med at NVE dekkjer 80% av kostnaden, medan kommunen dekker distriktsandelen på 20%.

Av vedlagt mal for kommunevedtak(sjå vedlegg 4) oversendt frå NVE 16.09.2015 må ein spesielt merke seg at

- *Kommunen forpliktar seg til å betale ein distriktsdel på 20% av faktiske utgifter. Ut frå kostnadsoverslaget vil det sei om lag 78.000 kroner eks.mva. Kommunen tek sjølv ansvaret om kommunen vil vidareføre innbetalingsplikta for distriktsdelen til grunneigarane som har nytte av tiltaket.*
- *Kommunen forpliktar seg til å gjere eigarane av anlegget merksam på at dei har ansvaret for drifta av anlegget. Dette ansvaret inneber at eigaren må utføre og dekkje kostnader til nødvendig ettersyn, drift og evt. skjøtsel av anlegget.*
- *Kommunen pliktar seg til å føre tilsyn med anlegget. Tilsynsansvaret og oppgåvene som dette inneberer følgjer av Forskrift av 17. juni 2005 nr. 655 om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å betre vassdragsmiljøet.*

Naturskadelova § 24 gir kommunane heimel til å krevje utgifter til sikringstiltak refundert av dei som eig eller festar eigedom innafor det området sikringstiltaket vernar.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune har ikkje hatt særleg store utfordringar med omsyn til flaum. Med dei store nedbørsmengdene ein har hatt siste åra kan dette imidlertid bli eit aukande problem. Så vidt ein kjenner til har tidlegare gjennomførte flaumsikringstiltak i store

trekk vore utført av grunneigarar og NVE utan at kommunen har vore særleg involvert anna enn som plan- og bygningsmyndigheit.

Ein har imidlertid tidlegare gjort vedtak om at kommunen skal betale distriktsdel til NVE på 20% ved etablering av avskjerande grøft ovanfor busetnaden på Moltu. Dette tiltaket er ikkje gjennomført endå og det er ikkje teke stilling til om kommunen skal vidareføre innbetalingsplikta for distriktsandelen til grunneigarane som får nytte av tiltaket.

Slik rådmannen ser det må kommunen vurdere spørsmålet om vidareføring av innbetalingsplikta for distriktsdelen til grunneigarar som har nytte av tiltaket i kvart enkelt tilfelle. M.a. med bakgrunn i kommuneøkonomien og om tiltaka også vil vere med å verne offentleg infrastruktur og andre samfunnsmessige interesser. I denne saka vurderer ein at ein evt. flaum også kunne ha ført til skade på fylkesvegen.

Med bakgrunn i saksutgreiinga og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at kommunen tek på seg å dekke distriktsandelen på 20% i samband med gjennomført tiltak. Vidare føreset rådmannen at eigar av anlegget, grunneigar, vert gjort merksam på at dei m.a. har ansvaret for drifta av anlegget slik det framgår av punkt 2 i vedlagt kommunevedtak for sikringsanlegg mot flaum og skred, sjå vedlegg 4.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Betra beredskap mot flaum.

Konsekvensar for drift:

Ny driftsoppgåve i form av tilsyn som følgjer av Forskrift av 17. juni 2005 nr. 655 om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å betre vassdragsmiljøet. Ein vurderer at kostandene med tilsyn av anlegget ikkje vil ha særleg økonomisk konsekvens for drift.

Fosnavåg, 02.12.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann


Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge




1:2000

02.12.2015



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

Vedlegg 2



Til

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

6080 GURSKØY

Fra

Geir Tjervåg

6070 TJØRVÅG

Søknad om bistand i bygging av flaumvollar for Tjervågelva:

Eg viser med dette til uttalelse fra Tore Hovland sakshandsamar i NVE.
Uttalelsen kom på bakgrunn av synfaring av Tjervågelva 260510 kl.1500.


Tilstades under denne synfaringa var:

Tore Hovland NVE,
eigar av 53/1 Geir Tjervåg, tidlegare eigar av 53/1 Harald Tjervåg,
Oddvar Gjerde og Håkon Eliassen fra kommunens landbrukskontor.

På bakgrunn av denne synfaringa, ber om at kommunen prioriterer denne saken. Dette på bakgrunn i at NVE sin representant munneleg informerte oss som var tilstades under synfaringa, at prognosane i åra framover tilsei 20-30% meir nedbør på våre sine trakter. Dette vil da kunne utløse store skader på eigedomens bustadhus og driftsbygning, i tilfelle elva flaumer over, noko den har gjort ved fleire høve. Eg vil og nemne at Vedahuset er iferd med og "reise" med elva. Elva har greve seg under dette.

Tjervaag 02.06.10.

Geir Tjervåg





NVE - Region Vest
Postboks 53

6801 FØRDE

Telefon: 70 08 60 50
Telefaks: 70 08 60 51
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:

Vår ref: AKL

Dato: 26.06.2012

OVERSENDING AV SØKNAD OM FLAUM- OG EROSIJONSSIKRING MOT TJERVÅGELVA PÅ GNR 53 BNR 1 I HERØY KOMMUNE

Vi oversender med dette søknad frå Geir Tjervåg datert 02.06.2010.

Vedlagd søknaden ligg utskrift frå gardskart med teikning av kvar flaumvollande er planlagd, og kopi av møtereferat frå synfaring av Tjervågelva den 26.05.2010.

Uttale til søknaden:


Tunet og den dyrka marka på garden ligg utsett til med auka nedbørsmengder. Erfaringane frå noverande og tidlegare eigar syner at flaum er og vil verte ein realitet. Område som vert truga av elva er tunet på eigedomen og den dyrka marka rundt. Som grunnlag for å sette verdi på bygningane er det nytta forsikringsverdi. For verdi på areala, tunet og den fylldyrka jorda mellom Tjervågelva og RV 654, er det nytta erfaringstal frå landbrukskontoret.

Våningshuset, verdi på	kr 4 000 000,-
Stabburet, verdi på	kr 56 000,-
Driftsbygningen, verdi på	kr 2 100 000,-

Dyrka mark og tun, anslått verdi kr 75 000,-

Sum verdisetting kr 6 231 000,-

Representantar frå landbrukskontor var med på synfaringa den 25.06.2010 og landbrukskontoret heldt møte med søkjar den 08.06.2010. Vi meiner at sikring av Tjervågelva slik det kjem fram i søknaden er eit naudsynt tiltak som bør prioriterast.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg.

Jon Rune Våge

Vedlegg 4

Fra: Fivelstad Ivar <ifi@nve.no>
Sendt: 16. september 2015 14:23
Til: Jon Rune Våge
Emne: Kommunevedtak tjørvågelva 2015
Vedlegg: Kommunevedtak tjørvågelva 2015.pdf; Tjørvågelva2015.doc

Hei

Vedlagt plan og mal for kommunevedtak for Tjørvågelva.
Planen er også sendt til postmottaket.

Helsing



Ivar Fivelstad
Senioringeniør
Skred og vassdragsavdelinga, Region Vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Postboks 5091, Majorstuen 0301 Oslo
Telefon 09575 Mobil 40 91 86 71
E-post nve@nve.no direkte ifi@nve.no
Web: www.nve.no

Kontoradresse Stranda

Ødegårdsvegen 176
6200 Stranda



Kommunevedtak for sikringsanlegg mot flaum og skred – plan for utbetring etter naturskade i Tjørågelva

NVE har utarbeidd planen i Herøy kommune, datert 15.09.2015. For planen fattar Herøy kommune følgjande vedtak:

1. Kommunen forpliktar seg til å betale ein distriktsdel etter fakturering frå NVE. Distriktsdelen skal dekkje 20% av faktiske utgifter ut frå NVE sitt rekneskap for anlegget, inkl. prisstigning i vente- og anleggstida. I følgje overslaget for kostnadene vil distriktsdelen bli ca. kr 78.000,- eks. mva. NVE kan krevje distriktsdelen betalt inn på førehand. Distriktsdelen vert handsama som avgiftspliktig omsetnad.

Dersom kostnadsoverslaget aukar med meir enn 15 % før igangsetting av tiltaket vil kommunen få høve til å handsame vedtaket om distriktsandel på nytt før igangsettinga.

Kommunen tek sjølv ansvaret om kommunen vil vidareføre innbetalingsplikta for distriktsdelen til grunneigarane som har nytte av tiltaket.

2. Kommunen forpliktar seg til å gjere eigarane av anlegget merksam på at dei har ansvaret for drifta av anlegget. Dette ansvaret inneber at eigaren må utføre og dekkje kostnader til nødvendig ettersyn, drift og eventuell skjøtsel av anlegget.
3. Kommunen pliktar seg til å føre tilsyn med anlegget. Tilsynsansvaret og oppgåvene som dette inneberer følgjer av Forskrift av 17. juni 2005 nr. 655 om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å betre vassdragsmiljøet.
4. Kommunen forpliktar seg til å vere tiltakshavar for tiltaket.
5. Kommunen er ansvarleg for at tiltaket er avklart i høve til reglane i plan- og bygningslova, og dei forskrifter, planføresegnar og vedtak som er fatta med heimel i lova.
6. Kommunen forpliktar seg til å sende nabovarsel og inngå avtalar med aktuelle grunneigarar om tilkomst og bruk av naudsynte areal. Kommunen forpliktar seg vidare til å skaffe opplysningar om vass- og avløpsrør, brønnar, kablar og andre private og offentlege anlegg som kan bli råka av tiltaket, og gi opplysningar om andre tilhøve som kan ha innverknad på gjennomføring av tiltaket.
7. Kommunen gjev NVE fullmakt til å underteikne dokument og avtalar for gjennomføring av tiltaket. Kommunen gjev og NVE fullmakt til å gjere mindre endringar av tiltaket om dette er naudsynt eller ønskjeleg av omsyn til miljø eller andre interesser.

Kommunevedtaket skal signerast av ein kommunal representant som har fullmakt til å forplikte kommunen som omtala i punkta ovanfor, og returnerast til NVE.

.....
Stad, dato

.....
Signatur



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltak i vassdrag

Skisseplan for utbetring etter naturskade i
Tjørnvågelva

Enkelt tiltak

Plandato: 14.09.2015	Saksnr.: 201002746
Revidert:	Vassdragsnr.: 096.3Z
Kommune: Herøy	NVE Region Vest
Fylke: Møre og Romsdal	Postboks 53, 6801 FØRDE
Inngrepsnr.:	Tlf.: 57 83 36 50 Faks: 57 83 36 51





Tiltaksnr:	Vassdragsnr: 097.3Z	Omtale: Skisseplan for utbetring etter naturskade i Tjørågelva	
Sakshandsamar:	Ivar Fivelstad	Adm.eining: RV	Sign.
Ansvarleg:	Siss-May Edvardsen	Adm.eining: RV	Sign.
Saksnr: 201002746	Arkiv: 911-426	Kommune: Herøy	Fylke: Møre og Romsdal

Teikningar	
Teikningstype: Oversynskart	Teikningsnr.:

Omtale av tiltaket:

I samband med flaum på Sunnmøre den 19 og 20 august -13 gjekk Tjørågelva over breddene og det var fare for at bustadhuset i gardstunet til Geir Tjøråg skulle bli skada. I 2014 har det vore 2 flaumar og elvekanten mot bygningane er øydelagt og ligg open utan nokon for steinsetting.

Elva er masseførande og det ligg etter måten mykje lausmasser i elveløpet slik at elva har for liten kapasitet forbi gardstunet. Ovanfor tunet er der også eit søkk i terrenget, slik at når elva går flaumstor renn elva på begge sider av bygningane, slik at elva renn vidare mot fylkesvegen og over i ein bekk som ikkje har kapasitet til å ta unna flaumvatnet.

Registrert naturtype i elveosen av Tjørågelva:

IID BN00010875

Omradenavn Gurskøya: Tjøråg

Naturtype G05

Verdi B

Registreringdato 03.07.1984 00:00:00

Utforming

NaturtypeBeskrivelse Strandeng og strandsump

VerdiBeskrivelse Viktig


MobLandPrioritet G Ikke vurdert

Tjørågosen er naturreservat. Tiltaket ligg oppstrøms dette (ca 70 meter) og vil ikkje kome i nærføring med reservatet.

Elva har laks og ørret lokalitet. Ein må ta omsyn til dette under arbeida.

Utføring

Tradisjonell plastring langs høgre bredde. Det må nyttast kanta stein. I fotlaget må det nyttast stein med $\varnothing > 0,7$ meter. Steinane i fotlaget må plasserast med lengderetninga inn mot bakken. Fotlaget grunnast ned ca 1 meter. Steinane i steinlaget over må så langt det let seg gjere, leggjast slik at slik at dei stør seg i kvarandre. I bakkant av steinane og under fotsteinane, må det vere eit lag med drenerande masse. Hellinga på forbygginga 1:1,5.



Figur 1 Oversiktskart tiltaket



Figur 2 Tjørågelva oppstraums gardstunet

Ovanfor driftsbygninga er det eit søkk i terrenget. Her blir terrenget heva med 0.5-1 meter slik at elva ikkje kan renne ned mot driftsbygning og vidare ned mot bustadhuset.

Økonomi


Tjørågelva

Plastring av elvekant ensidig ca 70 m


	eining	mengde	einingspris	Sum
Rigg	RS	1	70000	70 000,00
Plastring	m2	300	750	225 000,00
Ledevoll	m3	75	150	11 250,00
Tilstelling planering	RS	1	50000	50 000,00
Sum eks.mva				356 250,00
Margin 10%				35 625,00
Prosjektkostnad eks mva				391 875,00

Princippskisse for erosjonssikring

ny plastring



reparasjon i foten av eksisterende mur/plastring



Kommune				Fylke	
Mål	Tegn	Kont	Dato	Målestokk	NVE
			29.01.10	1:50	
Sak				Erstattet for:	Erstattet av:
Skisse for plastring/reparasjon				Tegn nr:	
Tegn					
Hensiksting		Endring		Vesle nr	Formet



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1222
		Arkiv:	M42

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
109/15	Maritim og teknisk komite	08.12.2015
17/16	Formannskapet	19.01.2016
11/16	Kommunestyret	28.01.2016

REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUMMØRE REINHALSVERK IKS - GODKJENNING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.01.2016

Herøy kommunestyre vedtek å godkjenne revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 08.12.2015

Herøy kommunestyre vedtek å godkjenne revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS.

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek å godkjenne revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik
- Anleggs- og driftsavdelinga, her

Vedlegg

1. Kopi av MTK-sak 82/15 av 22.09.2015 med vedlegg – Revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Bakgrunn

Representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) har sendt framlegg til revidert forskrift for selskapet til eigarkommunane for handsaming, jf. vedlagde møtebok og vedtak frå møte 12.05.2015, sak R 09/15.

Denne saka gjeld godkjenning av den reviderte forskrifta.

Saksopplysningar

Etter vedtak i Maritim og teknisk komite i MTK-sak 82/15 av 22.09.2015 har saka vore ute til offentlig ettersyn frå 30.09.2015 til og med 29.10.2015.

Det har ikkje kome merknader til saka.

Vurderingar og konklusjon

Med bakgrunn i MTK-sak 82/15 med vedlagt framlegg til revidert forskrift, saksutgreiinga ovanfor og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at den reviderte forskrifta vert godkjent.

Fosnavåg, 07.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1222
		Arkiv:	M42

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
82/15	Maritim og teknisk komite	22.09.2015

REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS - OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

I medhald av § 37 i forvaltningslova legg Maritim og teknisk komite ut til offentlig ettersyn framlegg til ny forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk i samsvar med vedtaket i representantskapet til SSR, sak R09/15, 12. mai 2015.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Det vert søkt om eit 3- årig prosjekt. Dersom det er behov for å forlengje prosjektet utover prosjektperioden, vil det vere avhengig av at lokale aktørar er villige til å finansiere prosjektet/prosjektet er sjølvfinansierande.

Budsjettplan

Tittel	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Løn og kontotrutgifter	870 000	870 000	870 000			2 610 000
Marknadsføring m.m.	100 000	100 000	50 000			250 000
Prosjektleiing/prosjektansvar	320 000	320 000	320 000			960 000
						SUM 3 820 000

Finansieringsplan

Tittel	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Herøy kommune	320 000	320 000	380 000			1 020 000
Kommunal- og regionaldepartementet	670 000	670 000	560 000			1 900 000
Møre og Romsdal fylke	300 000	300 000	300 000			900 000
						SUM 3 820 000

Geografi

1515-Herøy

Vedlegg

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Budsjett finansiering framdrift 2012.xls	28 160	01.03.2012
Marine Harvest.doc	23 040	01.03.2012

Inkludering og mangfald. Budsjett, finansiering, framdrift, milepæl.

Aktivitet 1	Omfattar	Framdriftsplan	Milepælsplan	Kostnadsart	Kost 2012/2013
Delprosjekt 1	Etablere Regionalt senter for inkludering og mangfald				
Aktivitet 1.1	Prosjektleder i 100 % stilling i 3 år	3. kv 2012: Tilsetting	1. kv 2013 Operativ	Løn m.m.	750
Aktivitet 1.2	Kontor	3. kv 2012: Avklaring	4. kv 2013 Klargjort	Husleige	30
Aktivitet 1.3	Utstyr og inventar	3. kv 2012: Avklaring	4. kv 2012 Klargjort	Investering	50
Aktivitet 1.4	Etablere styringsgruppe	3. kv 2012: Avklaring	3. kv 2012 Operativ	Møtegodtgjøring	40
Delprosjekt 2	Prosess bedrifter og kommunar				
Aktivitet 2.1	Gjere avtaler med aktuelle bedrifter og kommunar	1. kv 2013: Avklaring	2. kv 2013: Operativ	Eige arbeid	0
Aktivitet 2.2	Etablere arbeidsgrupper	1. kv 2013: Avklaring	2. kv 2013: Operativ	Eige arbeid	0
Aktivitet 2.3	Kartlegging av utfordringar	1. kv 2013 Oppstart	3. kv 2013: Kartlagt	Eige arbeid	0
Aktivitet 2.4	Utarbeiding av handlingsplanar	3. kv 2013 Oppstart	1. kv 2014: Planar	Eige arbeid	0
Aktivitet 2.5	Iverksetting av tiltak	3. kv 2013 Oppstart	Løpande i perioden	Kommune, bedrift	0
Delprosjekt 3	Marknadsføring og nettverksbygging				
Aktivitet 3.1	Web-side/facebook og anna informasjonsmaterieil	1. kv 2013: Avklaring	3. kv 2013: På nett	Konsulent	50
Aktivitet 3.2	Nettverksbygging bedrifter og offentlege institusjonar	4. kv 2013: Oppstart	Løpande i perioden	Reiseutgifter m.m.	50
Prosjektleing heile perioden				Herøy kommune	150
Prosjektansvar heile perioden				Herøy kommune	170
Sum aktivitet					320
Finansiering					1290
	Bulystmidlar KRD				
	Herøy kommune				670
	Møre og Romsdal fylke				320
					300
					1290

Finans:

2012/2013

670

320

300

1290

Inkludering og mangfald. Budsjett, finansiering, framdrift, milepæl.

Aktivitet 1		Omfattar	Framdriftsplan	Milepælsplan
Delprosjekt 1		Regionalt senter for inkludering og mangfald		
Aktivitet 1.1		Prosjekteiar i 100 % stilling i 3 år	3. kv 2012: Tilseting	1. kv 2013: Operativ
Aktivitet 1.2		Kontor	3. kv 2012: Avklaring	4. kv 2013: Klargjort
Aktivitet 1.3		Utstyr og inventar	3. kv 2012: Avklaring	4. kv 2012: Klargjort
Aktivitet 1.4		Etablere styringsgruppe	3. kv 2012: Avklaring	3. kv 2012: Operativ
Delprosjekt 2		Prosess bedrifter og kommunar		
Aktivitet 2.1		Gjere avtalar med aktuelle bedrifter og kommunar	1. kv 2013: Avklaring	2. kv 2013: Operativ
Aktivitet 2.2		Etablere arbeidsgrupper	1. kv 2013: Avklaring	2. kv 2013: Operativ
Aktivitet 2.3		Kartlegging av utfordringar	1. kv 2013: Oppstart	3. kv 2013: Kartlagt
Aktivitet 2.4		Utarbeiding av handlingsplanar	3. kv 2013: Oppstart	1. kv 2014: Planar
Aktivitet 2.5		Iverksetting av tiltak	3. kv 2013: Oppstart	Løpande i perioden
Delprosjekt 3		Marknadsføring og nettverksbygging		
Aktivitet 3.1		Web-side/facebook og anna informasjonsmateriell	1. kv 2013: Avklaring	3. kv 2013: På nett
Aktivitet 3.2		Nettverksbygging bedrifter og offentlege institusjonar	4. kv 2013: Oppstart	Løpande i perioden
Prosjekteiing heile perioden				
Prosjektansvar heile perioden				
Sum aktivitet				

Finansiering

Bulystmidlar KRD
Herøy kommune
Møre og Romsdal fylke

Frist:

Sendes til: postmottak@kmd.dep.no

Sluttrapport BOLYST

Til: KMD

Fra: Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein

Dato:

Innledende tekst som sier noe om formålet med rapporteringen...

Kommune:	Herøy og Ulstein
Prosjektnavn:	Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein
Prosjektleder:	Camilla L. Storøy
Leder i styringsgruppen:	Arnulf Goksøyr, ordfører i Herøy
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Gunhild Dahle
Hvilke mål og eventuelle delmål har prosjektet hatt?	Hovudmål: Prosjektet skal bidra til å gjere distriktskommunane meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering i lokalsamfunna. Delmål: 1. Inkludering og integrering av innvandrarak og andre tilflyttarak. Prosjektet skal bidra til at området innan 2015 har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarak og andre tilflyttarak. Innvandrarak og andre tilflyttarak etablerer seg og vert buande i kommunane. 2. Nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar. Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar. 3. Utvikle rutinar og verktøy. Prosjektet skal utvikle rutinar og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.a. utvikling av handlingsplanar.
Hvilke hovedaktiviteter og tiltak er gjennomført i prosjektet?	Fagdagar, fagsamlingar, frukostseminar for folk frå ulike avdelingar i kommunane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar. Ulike typer «kurs», fks foreldrekurs og samfunnskurs med norsktrening for arbeidsinnvandrarakane. Hovudpunkta i prosjektet var: Språk, bustad, kultur. Det har vore mykje fokus på desse, blat anna gjennom det som over er nemnt men også ved å arrangere ei Bustadkonferanse fks.
Hvilke resultater er oppnådd i	Det har vore mykje god vilje og ønskjer om kva prosjektet skal bety, men det har vore mindre med vilje til å faktisk bruke tid på tiltak som

prosjektperioden?	har vore sett i verk. Det er liten tvil om at prosjektet har betydd ein forskjell! Det viktigaste er nok at ein ser haldningsendring. I fleire avdelingar vert det gjort forskjellig på nye måtar og med eit større fokus på desse nye landsmennene våre, og i fleire avdelingar er det meir kunnskap om kulturforståing og fleirkulturell kommunikasjon no enn for 3 år sidan. Prosjektet har også ført til at det no lettare vert etablert kontakt mellom kommunane og mellom avdelingar slik ein kan utveksle ulike problemstillingar og korleis ein løyser dei.
I hvilken grad har prosjektet nådd sine mål? Sett ett kryss	- Resultater og mål er i hovedsak realisert ☒ X - Forventer resultater først innen to år fra nå - Forventer resultater først etter to år eller mer - Forventer ikke vesentlige resultater
Hvilke uventede resultater har prosjektet hatt (positive og/eller negative)?	Ingen
På hvilken måte har prosjektresultatene kommet målgruppene til nytte?	Betra forståing og kommunikasjon! Fleire har funne seg godt til rette i samfunnet vårt. Meir kunnskap om Norge og det norske samfunn.
Hvor, geografisk, har prosjektet hatt sine resultat? (Kryss av)	a) Helt lokalt nedslagsfelt b) Egen kommune c) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. ☒ X
Hvilke målsettinger for distrikts- og regionalpolitikken kan prosjektet bidra til? (Sett kryss ved svaret, max tre kryss)	a) Stabilisere eller øke befolkningen ☒ X b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd) g) Styrke regionale senter h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? ☒ X i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?
Hvilke arbeidsformer og metodikk er brukt i prosjektarbeidet?	Mange ulike måtar har det blitt jobba på, men i hovudsak har desse to blitt brukt: Relasjonsbygging: Det er påvist at relasjonsbygging opnar dører samt at det er teamutviklande. Dette er hovudgrunnen til at dette er hovudmetodikk i dette prosjektet. For å få tilført

	kunnskap har prosjektet hatt opne dører overfor målgruppa gjennom heile perioden. For å ha fått utført tiltak har prosjektet hatt ulike team rundt seg, både offentleg og privat. Prosessleiing: Det har vore viktig for oss å tenkje at dette prosjektet skal vere bærekraftig. Det vil seie at ting som har blitt gjort skal ha vore forankra i organisasjonen slik at organisasjonen er i stand til å føre arbeidet vidare når prosjektet er slutt. Det har langt frå vore lett. Det er viktig med planlegging, og det er viktig med heilskapleg tenking.
På hvilken måte har kommunen/prosjektet fått ny/endret kunnskap om lokalt utviklingsarbeid som følge av prosjektet?	At dette er tema som vi må jobbe med heile tida, og at fokus på innvandring må ligge i botnen saman med andre viktige ting i alt planleggingsarbeid.
Deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet og ekstern kommunikasjon	Har dere deltatt på samlinger i forbindelse med prosjektet? Ja Hvordan har ekstern kommunikasjon bidratt til prosjektresultatet? Har fått ein del god hjelp og råd frå fylket blant andre. Samlingar som distriktssenteret har invitert til har også vore nyttige, og ei samlinga som departementet inviterte til tidleg i prosjektfasen. Har dere delt kunnskap med andre underveis i prosjektperioden? Ja. Både på ulike organiserte samlingar, men andre bulystprosjekt i området, og ulike andre ting. (Fks Sett sjøbein, Vestlandskonferansen, tur til Hjelmeland for å nemne noko)
Hva har forankringen betydd for resultatene?	I Rapporten som de skal få i tillegg til dette skjemaet vil de sjå at vi ikkje er heilt fornøgd med den forankringa, eller mangel på forankring, som har vore. Vi trur på endå meir utretta dersom forankringa hadde vore betre. Fks frå før prosjektet starta opp. Men samstundes har forankring, eller samarbeid med næringsliv og ulike avdelingar i kommunane gjort at ulike tiltak har blitt godt «testa ut» og evaluert.
Hva har bolysttilskuddet betydd for prosjektet?	- Utløsende for igangsetting? Absolutt! - bidratt til at prosjektet er gjennomført i større skala? - Raskere prosjektgjennomføring? - Sterkere kompetanse og kvalitetssikring?
Gi en kort omtale av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	Marine Harvest skal køyre eit lite internt prosjekt med kulturforståing ved å leige inn Bjørn Christian Nørbeck. Ulike avdelingar, særleg barnevern og helsestasjon, vil invitere seg inn i dei største bedriftene å ha informasjonsmøter ein gong i året, og bedriftene må legge til rette for at dette vert muleg. Ulike avdelingar, bedrifter, lag og organisasjonar organiserer seg slik at dei årleg inviterer til informasjonsmøter og ein prat over kaffekoppen . (Fks at biblioteket inviterer til ei samling kvart år i september, idrettslaget kvart år i november, servicetorget kvart år i februar og ei bedrift kvar gong i april- og at dei inviterer andre til å vere der saman med dei på sine samlingar fks NAV, Frivilligsentral, kulturkonulent, norsklærer, ordførar/utvalsleiarar, barnevern. Berre

	fantasien kan sette grenser!) Ei utfordring til kommunane er å halde fram å samarbeide. Kva med at Herøy og Ulstein kvart anna år arrangerer ei fagsamling med kulturforståing som tema og inviterer den andre kommunen? Skape møter/møteplassar mellom innvandrarar, lokalbefolkning og representantar frå ulike organisasjonar/næringsliv/avdelingar i kommunen. Media må halde fram med å fortelje dei gode historiene. Oppslaga og reportasjane i media som har kome som følgje av prosjektet, har i seg sjølv vore med på å betre haldningane i regionen vår. Dette arbeidet må halde fram.
Overføringsverdi / hva kan andre lære av deres prosjekt?	Anbefalar å lese rapporten i si heilheit samt vedlegga. Ulike arrangement der fokus på kulturforståing er noko det viktigaste og «lettaste». Fagdagar, fagsamlingar og frukostseminar av ulik art og med ulike tema. Men også informasjonssamlingar i form av foreldrekurs og samfunnskurs er svært viktig for å auke forståinga over for kvarandre. Dei ulike «prosjekt i prosjektet» kan også gi gode innspel på ferdige konsept andre bør prøve ut.
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	

«Å bli sett, tatt vare på og være sammen med noen er avgjørende for om innvanderene slår rot i et nytt lokalsamfunn. Samordning for tiltak og politikkområder øker sjansen for å lykkes med integreringen» Mona Handeland, Distriktssenteret

Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein 2012-2015

Rapporten som du no har framføre deg, har til hensikt å gje deg eit bilete av det som har skjedd som eit resultat av Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein.

Prosjektet var eit fellesprosjekt mellom Herøy og Ulstein, og med det private næringslivet. Mange har møtt kvarandre på tvers av avdelingar, arbeidsområde, kommunar, frivillig-, offentleg og privat verksemd. Dette har i seg sjølv vore ein gevinst! Ein har fått innblikk i kvarandre sin arbeidskvardag, utfordringar og måtar å løyse desse på.

Vi har blant anna arrangert arbeidsdagar i oppstarten og avslutninga av prosjektet. Dette for å involvere flest muleg. Begge desse samlingane var vi saman på tvers av ulike einingar, og vart lagt opp til mykje arbeid både sjølvstendig og i grupper. Alle som var der måtte bidra, og det var rom for alle sin kreativitet og meiningar. Arbeidsdagen i starten gav oss motivasjon til vidare å bidra inn i prosjektet, og dei som var der fekk eit visst eigarskap til prosjektet. Dei som var samla på arbeidsdagen i sluttfasen fekk dele av sine erfaringar gjort undervegs, kva forventingar som har blitt innfridd og ikkje innfridd, samt ein fekk dele av tankar rundt vegen vidare og kven som kan bidra med kva vidare.

Rapporten prøver å vere realistisk, å ikkje ta til inntekt noko meir enn det vi meiner vi har dekning for, men det er vanskeleg å vite om endringar som har funne stad, hadde funne stad sjølv om prosjektet ikkje var gåande.

Til slutt i rapporten prøver vi å seie litt om nytteverdien av prosjektet. Dette er vanskeleg, for svaret er ulikt alt etter kven du spør, og det er mange å spørje! Det mest interessante er å sjå at vi kan sjå ein del endra haldningar. Det er svært gledeleg! Vi prøvar oss også på å oppsummere vegen vidare samt nokre utfordringar til forpliktande samarbeid.

Erfaringar og utfordringar

Arbeidet med prosjektet har vist oss mange utfordringar, men dei viktigaste utfordringane for integreringa av arbeidsinnvandrarar er:

- Språk. Då gjeld det både språkopplæringa, korleis den er organisert, kor lett/vanskeleg det er å gjere seg nytte av den, tilrettelegging for å kunne lære seg norsk. Men det gjeld også språket vi brukar i offentlege papir, i organisasjonane våre og med all informasjon som nye landsmenn er mottakarar av. Å forstå er viktig, og det er vanskeleg.
- Det offentlege. Her er det også fleirdelt kva som ligg i den utfordringa. Det eine er at det tok lang tid å bygge tillitsfulle relasjonar med arbeidsinnvandrarane slik det vart nyttige relasjonar inn i arbeidet. Dette har sin grunn i skepsis til staten og det offentlege som

mange av dei har med i bagasjen. Vanskeleg å forstå vårt system, og vår oppbygging av det offentlege systemet. Dette løyste vi gjennom ulike kurs der det vart gitt meir kunnskap om systemet vårt. Her kan barnevern nemnast spesielt som eit utfordrande område. Og det siste er fjerning av offentlege etatar i distrikta frå statleg hald som har gjort det vanskelegare for næringslivet vårt og arbeidsinnvandrane våre å bli ein del av vårt samfunn.

- Kulturforståing. Det å forstå kvifor vi gjer som vi gjer, både vi (norske) om dei (Innvandrarane) og dei om oss er vanskeleg. Det er frå utetid i barnehagane sjølvom det regnar, om born vert tatt frå foreldra dersom dei går ut med bosset, retten om språkopplæring, uteliv, arbeidsrettar, respekt og talemåte overfor sjefar og mykje meir.

Dei mest vellukka tiltak i prosjektet her vore:

- Ulike arrangement med fokus på kulturforståing. Fagdagar, fagsamlingar og frukostseminar for å nemne noko. Nokre har vore spesielt retta for nokre yrkesgrupper/avdelingar, andre har vore opne for alle som kjenner at temaet for samlinga har vore viktig. (Vedlegg opplegg på nokre av samlingane)
- Samfunnskurs med munnleg norsk trening vart arrangert i Herøy, fire samlingar for påmelde. Dette kurset har det kome utelukkande positiv respons på. (I Ulstein var det få påmelde så vi køyrde berre to samlingar)
- Ressursgruppa av arbeidsinnvandrarar. Desse har vore ein stor ressurs, og dei vil halde fram med å vere ein ressurs for samfunnet vårt inn i framtida.

Dei viktigaste utfordringane vidare er:

- Framhald av fokus på tilrettelegging for nye landsmenn
- Framhald av samarbeid mellom kommunane og mellom offentleg, privat og frivillig verksemd.
- Språkopplæringa. Kven skal ta kostnadane? Når vi veit at norsk er nøkkelen til Norge burde staten ta ein større kostand med at alle som kjem får lære noko norsk. Språkbruken bør alle halde fram å ha eit fokus på. Gjerne omsett noko viktig informasjon ti dei største morskårsgruppene. Dette sikrar at informasjonen vert rett forstått.
- Tidsbruken som arbeidstakarar og arbeidsgivarar må bruke for å oppsøke offentlege etatar, fks skattekontor. Noko som før var gjort i nærmiljøet på under halvparten av tida.

Kort bakgrunn for prosjektet

Bakgrunnen for søknaden på Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein som no har blitt gjennomført gjennom tre år, var at Herøy kommune og nabokommunane på Sunnmøre hadde store utfordringar når det gjaldt å rekruttere og behalde arbeidskraft samt å inkludere innvandrarar og andre tilflyttarar.

Det vart søkt om midlar til 100 % stilling som prosjektleiar for å prøve ut nye tiltak for å inkludere innvandrarar og andre tilflyttarar i lokalsamfunnet. Kommunen hadde store utfordringar i forhold til å legge til rette for at tilflyttarane, særleg dei frå utlandet, skulle verte inkluderte og integrerte i lokalsamfunnet. I søknaden stod det at ei sentral oppgåve for prosjektet skulle vere å knyte kontakt med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien, det offentlege tenesteapparatet, frivillige lag og organisasjonar for å kartlegge utfordringane, legge til rette for tiltak, teste ut nye tiltak og drive nytenking i forhold til integrering og inkludering.

Folketalet i Herøy kommune auka frå 8383 i 2009, til 8533 i 2010 og til 8728 i 2011. Frå 2011 til utgangen av 2014 har folketalet auka med 207 personar til 8934. Samanlikna med 4. kvartal 2011 var det i 4. kvartal 2014 166 fleire sysselsatte utlendingar busett i Herøy. Mykje av veksten i folketalet skuldast difor arbeidsinnvandring. Folketalet i Ulstein kommune auka frå 7461 i 2009, til 7751 i 2010 og til 7828 i 2011. Frå 2011 til utgangen av 2014 har folketalet auka med 464 personar til 8292. Samanlikna med 4. kvartal 2011 var det i 4. kvartal 2014 241 fleire sysselsatte utlendingar busett i Ulstein. Mykje av veksten i folketalet skuldast difor arbeidsinnvandring.

Mangfaldet i Herøy og Ulstein består av mange ulike nasjonalitetar, etnisk tilhørsle, utdanningsbakgrunn og grunnen til at ein har innvandra til Noreg. Ulik årsak til innvandring gir ulike rettar og plikter. Dette er ofte vanskeleg å forstå. Akkurat dette prosjektet har valt å fokusere på arbeidsinnvandrarane. Dei fleste innvandrarane som kjem til Norge, kjem i sin mest produktive alder. Dette gjer dei attraktive for oss. Dei gir oss befolkningsvekst som vi ønskjer oss, og dei er stabil arbeidskraft.

Introduksjonslova gir kommunane eit overordna ansvar for å koordinere ulike etatar sin innsats/ansvar overfor flyktningane. Ei liknande ansvars plassering fins ikkje for arbeidsinnvandrarar og familieinnvandrarar. Dette er årsaka til ulik behandling. Det er sannsynleg at ein går glipp av viktige ressursar på grunn av mangel på system for å fange opp innvandrarar som introduksjonslova ikkje hjelper. Det kan sjølvsagt vere at ulike og uklare rettar og svake strukturar fører til at ein blir ståande på sida av det norske samfunnet utan mulegheiter for å vere ein fullverdig deltakar.

Mål for prosjektet

Hovudmål: Prosjektet skal bidra til å gjere distriktskommunane meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering i lokalsamfunna.

Delmål:

1. Inkludering og integrering av innvandrarar og andre tilflyttarar. Prosjektet skal bidra til at området innan 2015 har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarar og andre tilflyttarar. Innvandrarar og andre tilflyttarar etablerer seg og vert buande i kommunane.
2. Nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar. Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar.
3. Utvikle rutinar og verktøy. Prosjektet skal utvikle rutinar og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.a. utvikling av handlingsplanar.

Organisering

Prosjektleiaren har vore tilsett på heiltid og hatt det daglege ansvaret for prosjektet. Camilla Storøy har hatt denne stillinga i heile prosjektperioden.

Prosjektet har hatt ei eiga styringsgruppe. Styringsgruppa har bestått av Arnulf Goksøyr (Ordførar i Herøy og leiar av styringsgruppa), Jan Berset (Ordførar i Ulstein. På siste møtet Knut Erik Engh), Olaug Andreassen (politikar i Herøy, nestleiar av styringsgruppa) Magne Gurskevik (Kleven Maritime), Mariann Flusund (Marine Harvest), Eivind Vartdal Ryste (Frå Møre og Romsdal Fylke først, så vart det bytte) Gunhild Dahle (Møre og Romsdal fylke), Finn Ove Båtevik (Møreforsking), Olaus-Jon Kopperstad (Prosjekteigar, Herøy kommune), Camilla Storøy (prosjektleiar). Det er styringsgruppa som til slutt har gjort nokre val om kvar vegen går, kvar satsingane skal gjerast og kva avgrensingar som måtte gjerast. Det har handla om både strategi, arbeidsmengd og økonomi. Dette har til tider vore vanskelege val, men heilt nødvendige. Det har vore uråd å nå alle som først vart definert som ei målgruppe, og nokre forslag på tiltak har vore heilt nødvendig å plukke vekk. Styringsgruppa har hatt møte 7 gongar.

I tillegg har det vore oppretta ei ressursgruppe med arbeidsinnvandrarar som har vore her mellom 4 og 9 år. Dei kjem frå Russland, Polen, Litauen og Latvia. I starten var der også med ei frå Tyskland, men ho flytta heim. Det har vore gjennomført 6 slike møter. Målet med denne gruppa har vore å drøfte og utforme tiltaka som har blitt prøvd ut, i nært samarbeid med målgruppa.

Det har også vore to samlingar med nokre arbeidsinnvandrarressursar i Ulstein. Dette har vore ein frå Russland, ein frå Filippinane og ein frå Frankrike. Dei har gitt nyttige og konstruktive innspel. Han frå Frankrike var innleiar på eine fagdagen som var, i september 2014.

Arbeidsgrupper prøvde vi oss på heilt i starten av prosjektet. Det vart bestemt dei skulle vere på tvers av kommunane, bortsett frå den eine. 1) Ei gruppe skulle sjå på dette med språkopplæring. Her var det representantar frå dei kommunale vaksenopplæringane, frå Marine Harvest og Kleven samt ein arbeidsinnvandrar. Vi hadde eitt møte der det vart klarlagt kva tilbod som fins, kva ønskjer ein har og dei ulike rettane som er å forhalde seg til. 2) Ei gruppe såg på det med bustad. Her var til stades ein frå kvar av kommunane. Det kom fram at kommunane har hatt ganske ulik praksis på dette med tilrettelegging av bustad for «vanskelegstilte», korleis vi definerer det og tildeling av startlån. No har det kome felles retningslinjer for tildeling av startlån, og vi arrangerte ei «Bustadkonferanse» i oktober 2014 saman med Møre og Romsdal fylke for å sette fokus på denne utfordringa. 3) Ei gruppe hadde fokus på kultur. Her var det ei gruppe i kvar kommune, og det var ulik samansetting i dei to kommunane. I Ulstein var to tilsette på kulturkontoret og ei frå Frivillegssentralen saman. Der var to møter. Vi var igjennom aktuelle tiltak som kunne startast opp, og det vart jobba ein del med tilrettelegging av informasjon om ulike tilbod slik dei skulle verte meir tilgjengelege. I Herøy var folk frå Frivillegssentralen, Bergsøy Idrettslag, Utviklingsavdelinga i Herøy kommune, biblioteket og eit par arbeidsinnvandrarar samla. Dette resulterte i blant anna at ulike aktørar møtte på kurssamlingar både på foreldrekurs og samfunnskurs året som følgte. Nettopp for å få møte dei nye som har kome hit samt gje informasjon med mulegheit for å svare på spørsmål dei måtte ha.

Ei form for arbeidsgrupper har det også vore gjennom samlingar på tvers av avdelingar og kommunar. Vi har hatt eitt møte der barnehageavdelingane og skuleavdelingane i dei to kommunane var saman, eitt møte der kulturavdelingane, frivillegssentralane og bibliotekleiarane i dei to kommunane var saman samt eitt møte der NAV, barnevern, helsestasjon, jordmor og helseleiarar frå dei to kommunane var saman. Det at mange har møtt kvarandre på tvers av avdelingar og kommunane meiner vi i seg sjølv har vore ein gevinst. Ved å få innblikk i

kvarandre sin arbeidskvardag og utfordringar har ein fått lære av kvarandre og gitt kvarandre nyttige innspel.

Aktivitetar og bidragsytarar i prosjektet

«Prosjektleiaren skal samarbeide med kommunen, bedrifta, representantar for innvandraranne, lag og organisasjonar om tiltak for inkludering og integrering i lokalsamfunnet.» Gjennom dei arrangerte aktivitetane og tiltaka som er nemnt under, viser at det har skjedd eit betydeleg samarbeid mellom både kommuneorganisasjonen, bedrifta og frivillige lag og organisasjonar.

- Alle utanlandske foreldre i skulane i Herøy vart inviterte til «kulturforståingskurs for foreldre». Dette vart gjennomført med to samlingar våren 2014 og to samlingar hausten 2014. Det vart ikkje gjennomført i Ulstein då Asylmottaket der arrangerte noko liknande for den største gruppa der. (Vedlegg)
- Gjennom annonsering og artiklar i lokalavisene i Herøy og Ulstein samt på kommunane sine heimesider og facebooksider vart alle som var interessert i det, invitert til å melde seg på samfunnskurs med norsktrening. I Herøy vart det god påmelding, og det vart 25 påmelde til dette kurset. Det vart køyrt fire samlingar. I Ulstein var det berre 8 påmelde, så vi kunne ikkje ha same tidkrevjande opplegg der. Men vi hadde to samlingar der også, ei på rådhuset og ei på biblioteket. (vedlegg)
- Ulike fagsamlingar og frukostseminar har blitt arrangert. Folk er relativt flinke til å uttrykke ønskjer og behov, men ikkje like flinke til å prioritere å kome. Desse samlingane har hatt ulike aktuelle tema. Hovudsakleg for å auke kulturforståinga. Dette gjeld også norske og tilsette i både kommuneorganisasjonen og næringslivet. Det kan nemnast frukostseminar med blant andre: Bjørn Christian Nørbeck (Kulturfolk), Ole Helge Haugen, Kirsti Hasselø (Møre og Romsdal fylkeskommune), Kristian Tronstad (NIBR). To fagdagar med Sigurd Haus (SIK, senter for interkulturell kommunikasjon i Stavanger), ein fagdag for tilsette i barnevern og helsestasjon med Sharam Shaygani, Mehdi Farshbaf, Jørn Holm Hansen og Sigurd Haus, og fagdagen «Ett barn, to språk, fleire muligheter» for tilsette i barnehage, skule og helsestasjon med Gunhild Thunem, Mariann Skålvold, Yulia Rodina. (Vedlegg på nokre av desse samlingane)
- Det har vore to arbeidsdagar. Ein i oppstarten og ein i avsluttinga av prosjektet. Her var det invitert inn folk frå både kommunane, frivillige lag og organisasjonar samt frå næringslivet. På første samlinga var det nærmare 50 tilstades, på den siste ca 30. Begge samlingane har vore leia av prosessleiar Tryge Sivertsen. Og på den siste samlinga bidrog også Alin Radulescu, arbeidsinnvandrar frå Romania og utdanna psykolog, med eit svært interessant og nyttig innlegg.
- Det vart arrangert opne møter i både Herøy og Ulstein i oppstarten av prosjektet.

- Samlingar/dialogmøter med ulike avdelingar i dei to kommunane vart gjennomført våren 2015 (samt arbeidsdagen) for å sette på planen kva dei ulike avdelingane skal gjere etter prosjektet sin slutt.

- Bustad er eit sentralt tema, og det vart arrangert ei bustadkonferanse oktober 2014 der vi sette fokus på viktige tema, samt auka fokus på samarbeid offentleg/privat. Dette var eit samarbeid mellom Bulystprosjektet, kommunane og fylkeskommunen.
- Våren 2015 utlyste vi at gode prosjekt mellom kommunane kunne søkje om midlar i Bulystprosjektet. Dermed oppstod «prosjekt i prosjektet», eit vellukka prosjekt! Barnehagane i Herøy og Ulstein laga saman til eit opplegg rundt kompetanseheving for alle tilsette i barnehagane i Herøy og Ulstein. Ein kurs kveld for alle tilsette og ein kurskveld for alle pedagogane. Anne-Kari Remøy frå Høgskulen i Volda var kurshaldar, og kurset har auka kompetansen samt gitt barnehagane handfaste tips. Skuleavdelinga i Ulstein har køyrt eit opplegg med Birgitte Fondevik frå Høgskulen i Volda. HO har vore inne i skulane for å observere, køyrt kurs for alle tilsette i Ulsteinskulen samt gitt konkrete tips inn i ulike situasjonar. Helsestasjonen i Ulstein har utarbeidd eit opplegg for heimebesøk av heimeverande innvandrarakar, samt eit brev som forklarar kva helsestasjonen er og kva den kan bidra med. Dette kan nyttast av alle. Kyrkja i Herøy har laga ein film med presentasjon av ulike aktivitetar i kyrkja, fks Open barnehage. Dette er med på å få ned terskelen på å kome samt lettare få ut lett forståeleg informasjon om tilbodet. (Vedlegg)
- Vi arrangerte «Lysfest» i den nye lysløypa på Heid advent 2013. Dette var i samarbeid med Saniteten, grendalag, dugnadsgjengen på Heid og Marine Harvest. Eit utruleg koseleg arrangement som samla i overkant av 150 stk! Alle dei 150 faklane som vart spona av Marine Harvest vart vertfall brukte, og nokre utan. Vi arrangerer det same no i avsluttinga av prosjektet.
- Samlingar om kulturforståing ved Høgskulen i Volda, blant anna med Hildegunn Valen Kleive, og på «Internasjonal veke».
- Iryna Jensen frå Ukraina utfordra oss til å vere med på eit prosjekt «Verdas barn for fred» våren 2015. Det var interessant, og nokre lærarakar i kommunen tok utfordringa på strak arm. Det resulterte i at ein pakke med teikningar og forteljingar frå born i Herøy vart sendt til Ukraina, og vi fekk ein pakke tilbake. Det heile vart vist fram i ei flott utstilling på biblioteket.

- Vi har hatt fokus på språkbruk i dokument, på heimesider og velkomstbrev. Mykje informasjon er tilpassa og det har blitt betre tilrettelagt og lettare å finne. Ein god del informasjon har blitt omsett til engelsk og dei største morsmålsgruppene, blant anna skriv om kontaktmøte og hårlus som skulane har delt ut. Elles er vi gjort merksame på at folkehelseinstituttet har ei nettside med svært mykje god informasjon på mange ulike språk. Denne side har blitt betre og betre og er god å bruke.
- Språkkafe på biblioteket starta opp hausten 2015. Her har det vore godt oppmøte, mellom 20 og 30 stk. Ein fin møteplass for folk frå både Norge og andre land, med både noko program eller oppsett tema men også god tid til prat, diskusjon og speling. Dette vil halde fram. Kanskje Ulstein kan få til det same?
- Prosjektet har ved fleire anledningar vore i media. (Nokre oppslag ligg ved)

Utfordring 1: Språk og manglande norskkunnskapar hos arbeidsinnvandrarar

Situasjonsforståing:

Mange tek ikkje norskopplæring, av ulike grunnar. Fks kan det vere at dei må ta kostnaden sjølv, bedriftene dei jobbar i legg ikkje til rette for slik opplæring, ikkje varierende nok tilbod på tidspunkt, manglande motivasjon hos den enkelte. Dette gir ein risiko for at mange blir ståande på sida av det norske samfunnet utan mulegheiter for å vere ein fullverdig deltakar.

Tiltak i bulystprosjektet:

- Fokus på språkbruk i dokument, på heimesider og velkomstbrev. Mykje informasjon er tilpassa og det har blitt betre tilrettelagt og lettare å finne. Ein god del informasjon har blitt omsett til engelsk og dei største morsmålsgruppene.
- Synleggjort nettsida til folkehelseinstituttet med svært mykje god informasjon på mange ulike språk.
- Målretta info på fleire språk på kommunane sine heimesider
- Tilbod om samfunnskurs med norsktrening. Annonsert gjennom lokalaviser, heimesider og facebooksider.
- Språkkafe på biblioteket i Herøy.

Vurdering av tiltaka:

Tiltaka har vore gode og målretta. Eg meiner også at dette med språkbruken, den vil ein halde fram med å vere bevisste på. Også tilrettelegging av informasjon på morsmålet

trur eg vi vil bruke i større grad for å sikre rett forståing. Språkkafeen har blitt svært godt motatt i oppstarten, og dette tilbudet vil halde fram. Samfunnskurset med norsktrening var eit vellukka prosjekt med berre positive tilbakemeldingar. Dette utfordrar eg ulike partar om å ta ansvar for i framtida.

Behov for vidare oppfølging/vegen vidare:

- Særleg servicetorga må ha eit overordna overblikk på språkbruken i ulike dokument og på heimesider og facebook. Alle avdelingar må tenkje over om det er informasjon som bør omsettast til ulike morsmål, eller dele ut allereie eksisterande informasjon.
- Biblioteket held fram med å arrangere språkkafe. Ulike partar som vert spurt om å bidra bør strekke seg langt for å kunne prioritere å stille med sin kunnskap.

Utfordring 2: Forholdet til det offentlege.

Situasjonsforståing: Mange slit med å forhalde seg til «det offentlege Norge», av ulike grunnar og på ulike måtar. Å bygge tillitsfulle relasjonar er vanskeleg, vanskeleg å forstå oppbygginga av vårt system, tidkrevjande å møte opp på nokre av dei offentlege etatane. Særleg forståinga for vårt barnevern har vore ei stor utfordring og teke mykje tid.

Tiltak i bulystprosjektet:

- Barnevernet har vore inne på Marine Harvest tre gongar i løpet av eitt år for å ha informasjon til ei gruppe foreldre.
- «Foreldrekurs» med ulike tema; skule/SFO/PPT, barnehage, barnevern, helsestasjon/jordmor, servicetorg og NAV blant anna. Desse nemnte avdelingane var inne for å gi informasjon.
- «Foreldrekurs» for alle utanlandske foreldre i Herøyskulen. Fire samlingar med ulike tema over fire kveldar. SFO, PPT, morsmålsopplæring, barnevern, skulehelseteneste, helsestasjon, kulturskule, bibliotek, frivilligsentral, idrettslag, fritidsaktivitetar, grensesetting var nokre av tema vi hadde. Vi hadde besøk av ei helsesyster, barnevern, idrettslag og kulturskule kvar sin kveld.
- Samfunnskurset med norsktrening var med på å gi viktig informasjon om systemet vårt samt at vi var på besøk nokre stader og vi fekk møte representantar som ein kunne snakke med.
- Ein god del informasjon retta mot dei med born har blitt omsett til dei største morsmålsgruppene.
- Fagdag særleg tilrettelagd for barnevern/helsestasjon og PPT i september 2015
- Fleire av fagsamlingane har vore retta mot dette.
- Etter at Bulystprosjektet fekk tydeleggjort dei store utfordringane fks flytting av skattekontor og politi gjorde med situasjonen i kommunane på Ytre søre

Sunnmøre, gjekk ordførarane i desse kommunane ut i media samt sende brev til statleg hald. Vi fekk sett søkjelyset på denne problematikken.

Vurdering av tiltaka:

Tiltaka har vore gode og målretta. Det har kome gode tilbakemeldingar på alle dei ulike kursa som har vore, på samlingane barnevernet hadde på MH og på informasjon som har blitt tilrettelagd. Det har klart gitt betre forståing for vårt system. Det er mange som seier at dei vil halde fram med å møte denne gruppa for å gi viktig informasjon. Det er framleis ein del frustrasjon rundt tidsbruk som går med for å oppsøke offentlege kontor som er langt vekk. Det er vanskeleg nok med kontor som er i kommunane. (Vedlegg)

Behov for vidare oppfølging/vegen vidare:

- Vi håper ulike avdelingar vil ta ansvar for å skape møtepunkt mellom arbeidsinnvandrarar og seg sjølv for å gi informasjon og gi rom for dialog i åra framover. Vi utfordrar dykk alle til å tenkje over kva de kan gjere for å få til det.
- Staten må heilt klart vurdere konsekvensane av dei vala dei tek, og vurdere om dei skal desentralisere viktige funksjonar igjen.

Utfordring 3: Kulturforståing.

Situasjonsforståing: Generelt har det vist seg utfordrande å forstå kvifor vi gjer som vi gjer, både vi (norske) om dei (Innvandrarane) og dei om oss, er vanskeleg. Det går på alt frå barneoppdragelse, forhold til arbeidsgjevar til det offentlege tenesteapparatet vårt.

Tiltak i bulystprosjektet:

- Arrangert fagdagar, fagsamlingar og frukostseminar med ulike tema som har auka kunnskapen vår på dette emnet.
- Arrangert ulike kurs for å auke kunnskapen om Norge
- Har tilrettelagt for møtepunkt mellom arbeidsinnvandrarar og offentlege etatar slik ein kan skape rom for å stille spørsmål og dialog.

Vurdering av tiltaka:

Tiltaka har vore gode og målretta. Nokre kunne vore gjennomført på kortare tid enn det som vart brukt medan andre kunne hatt noko meir tid.

Behov for vidare oppfølging/vegen vidare:

Vi håpar at barnehage, skule og helsestasjon kan samarbeide om å arrangere samlingar som «Ett barn, to språk, fleire muligheter» i framtida. Det same håper vi at barnevern i desse kommunane kan arrangere fagsamlingar som set kulturforståing på agendaen også i åra som kjem. Vi ser kva slike samlingar har betydd, og viktigheita er stor!

Vegen vidare:

Vi har heilt sidan før oppstart vore svært opptatt av at prosjektet ikkje skulle vere avhengig av ein prosjektleiar. Derfor har prosjektleiar vore i tett dialog og samarbeid med styringsgruppa eller einskildpersonar i styringsgruppa, tilsette på fleire nivå i organisasjonane, politisk, i bedrifter og frivillige lag og organisasjonar. Det har vore mykje god vilje og ønskjer om kva prosjektet skal bety, men det har vore mindre med vilje til å faktisk bruke tid på tiltak som har vore sett i verk. Det er liten tvil om at prosjektet har betydd ein forskjell! For nokre einskildpersonar har dette vore svært viktig, på nokre områder ser ein endringar. Det viktigaste er at ein ser haldningsendring. I nokre avdelingar vert det gjort forskjellig på nye måtar og med eit større fokus på desse nye landsmennene våre. Men dessverre er det slik at nokre ikkje har sett verdien, og vil helst klare seg sjølv. Vi er ikkje heilt fornøgde med blant anna å få til involvering leiarane. Muleg dette ikkje var sterkt nok fokus på i «forprosjektet» og i startfasa av prosjektet. Vart denne delen litt for tilfeldig? Dette viser at forankring i leiarskap, både administrativt og politisk samt ein systematisk tanke bak eit prosjekt bør vere på plass før oppstarten av sjølve prosjektet.

«Å tenkje saman» eller « jobbe saman» har vore omgrep som prosjektleiar har vore opptatt av, det har blitt opplevd noko vanskeleg å få gehør for. Men alle har vore samde om at det høyrer fint og rett ut. Men det er noko usikkert kven som har ansvar for kva. Er det kommunen som har ansvar for alt? Er det bedrifta som har dei utanlandske arbeidarane som har ansvar for alt? Er det staten? Samfunnsansvar har vi alle. Eit inntrykk kan vere at ingen har vore veldig på offensiven, det er mykje «dei har ansvar for å gjere det» om dei andre... Er dette ansvarsfråskriving? Eg vil gjenta at samfunnsansvar har vi vel alle!?

Så ofte det har vore muleg har vi prøvd å snakke om aktuelle tema i prosjektet med ulike grupper og i media. Dette for at alle i lokalsamfunnet har skulle få mulegheita til å få med seg viktigheita av at også det vesle vi gjer som «vanleg» innbyggjar kan utgjere ein forskjell. Haldningane våre er viktige, og det gjeld alle innbyggjarar.

Konkrete utfordringar/forpliktande samarbeid:

Marine Harvest, køyre eit lite internt prosjekt med kulturforståing ved å leige inn Bjørn Christian Nørbeck.

Ulike avdelingar, særleg barnevern og helsestasjon, bør invitere seg inn i dei største bedriftene å ha informasjonsmøter ein gong i året, og bedriftene må legge til rette for at dette vert muleg.

Det er sterkt ønskjeleg at ulike avdelingar, bedrifter, lag og organisasjonar organiserer seg slik at dei årleg inviterer til informasjonsmøter og ein prat over kaffekoppen. (Fks at biblioteket inviterer til ei samling kvart år i september, idrettslaget kvart år i november, servicetorget kvart år i februar og ei bedrift kvar gong i april- og at dei inviterer andre til å vere der saman med dei på sine samlingar fks NAV, Frivilligsentral, kulturkonulent, norsklærar, ordførar/utvalsleiarar, barnevern. Berre fantasien kan sette grenser!) Kanskje dette kan kallast for «Tilflyttardag», men som temasamlingar/ samarbeid på tvers.

Ei utfordring til kommunane er å halde fram å samarbeide. Kva med at Herøy og Ulstein kvart anna år arrangerer ei fagsamling med kulturforståing som tema og inviterer den andre kommunen? Generelt gir samarbeid rundt fagsamlingar det muleg å arrangere fleire til same kostnad, så eg håper at mange avdelingar ser nytten og verdien av å gjere det.

Skape møter/møteplassar mellom innvandrarar, lokalbefolkning og representantar frå ulike organisasjonar/næringsliv/avdelingar i kommunen

Staten må heilt klart tenkje over kvar dei plasserer viktige avdelingar. Dei må også vurdere kva dei kan gjere av tiltak for å tilretteleggje for at fleire får lære seg norsk.

Media må halde fram med å fortelje dei gode historiene. Vi trur at fleire av dei oppslaga og reportasjane i media som har kome som følgje av prosjektet, i seg sjølv har vore med på å betre haldningane i regionen vår. Dette arbeidet må halde fram.

Dette har Bulystprosjektet betydd for meg!

«Bulystprosjektet har gitt meg mulegheit til å delta på seminar der eg får oppdatert kunnskap om språk og kultur som styrkar meg i møte med våre nye landsmenn. Prosjektet har gitt barnehagetilsette mulegheit til auke kompetansen i høve kulturforståing og språkutvikling. OG det er så bra at det har blitt innkjøpt verktøy som vil hjelpe barnehagepersonalet i møte med minoritetsspråklege barn som skal lære norsk.»

Laila Solhaug, barnehageleiar Herøy kommune

«Bulystprosjektet har mellom anna betydd at vi har fått informasjon på kurs om utfordringar som vi som fagfolk står overfor og utfordringar som dei som kjem til oss står overfor. Korleis samarbeide, møte andre kulturar og ikkje minst fått fokus på området felles forståing og ansvar som vi har for barna. Eg meiner vi som skal vere hjelparar treng meir kompetanse på dette området, og det har vi fått ein god del av gjennom Bulystprosjektet.»

Lilly Åse Skogen, Barneverntenesta i Herøy

«Fagdagen for tilsette innan barnevern gav nyttige perspektiv på nokre av dei utfordringane arbeidsinnvandringa gir, for det offentlege hjelpeapparatet, men også for eit lokalsamfunn. Det var også nyttig å få presentert dei meir psykologiske sidene ved migrasjon/integrasjon, og kva utfordringar dette gir for individet. Eg ser absolutt behov for meir kunnskap om slike prosessar og kulturforståing i vår teneste. Og så skulle eg, som eit resultat av min kjennskap til Bulystprosjektet, gjerne sett at det blir eit meir formalisert samarbeid mellom dei som rekrutterer arbeidsinnvandrarar og det offentlege apparatet. Skulle ønske prosjektet fekk halde fram eit par år til!»

Brynhild Solvang, den interkommunale barneverntenesta

«For meg har det vore både interessant og meningsfullt å vere deltakar i styringsgruppa og på den måten ha fått vere med på styre utviklinga i prosjektet, ei oppgåve som tidvis har vore krevjande både for styringsgruppa og prosjektleiinga. Korvidt resultatet står i forhold til forventningane vil sikkert tida vise tydelegare. Dessutan har jo vanskelegare konjunkturar for tida vore med på å "forstyrre" sjølve grunnlaget for prosjektet. Men det var heilt naturleg for meg å anbefale eigen kommune om å delta aktivt i prosjektet, der målsettinga for vår del var å legge tilhøva for våre nye innbyggjarar så godt til rette, både i arbeid og fritid, at desse familiane ville velje å slå seg ned i regionen, og soleis vere med på utvikle våre lokalsamfunn vidare.»

Jan Berset, tidlegare ordførar i Ulstein

«Prosjektet har over tid skapt endra basis for å få til gode haldningar, det har skapt større forståing for kva arbeidsinnvandring er, og det har vore med å bryte ned og dempe fordommar både hos folk flest, i det offentlege, på arbeidsplassar og i sosiale samanhengar. Og prosjektet har også nådd fram til og har skapt grunnlag for betre integrering hos mange arbeidsinnvandrarar og familiane deira. I tillegg har det vorte gjennomført mange praktiske tiltak som har vore nyttige og som har nådd fram dit ein ønskte. Resultata av alt dette er vanskelege å måle, og erfaringane er at tid og alminnelege kvardagserfaringar i seg sjølv gjer at det farlege og skremmande med alt nytt og annaleis forduftar, og når dette skjer samtidig med eit så god handtert prosjekt, får det gode og varande resultat. Og det har vore ein utvilsam styrke for prosjektet at vi har hatt ein engasjert, initiativrik, målretta og ikkje minst uthaldande prosjektleiar gjennom heile prosjektet si levetid.»

Magne Gurskevik, Kleven

«Dette prosjektet har for meg, hjelpt meg å lære meir om Norge og om Herøy kommune. Eg har fått snakke med mange flinke norske, og eg har fått møte mange nye og flinke utanlandske. Det har vore ei bra integrering av folk frå utlandet til det norske livet.»

Rima frå Litauen

«Det har vært en rekke hyggelige og informative møter hvor man kan få nyttig informasjon om kommunen og sosiale tjenester samt bli kjent med andre innvandrere og nordmenn og sist men ikke minst - blitt enda bedre kjent med det norske samfunn og bedre integrert til det.»

Neringa frå Litauen

NOTAT

Til: Rådmannen
Frå: Skuleleiar

EVALUERING AV PILOTPROSJEKT «INNFØRINGSGRUPPE FOR MINORITETSSPRÅKLEGE ELEVAR»

Prosjektet starta 20.august 2015. Viser til tidlegare innsendt søknad om midlar, der bakgrunnen for prosjektet var definert. Det skulle vere eit tilbod for minoritetsspråklege elevar som var i ungdomsskulealder når dei kom og skulle starte på grunnskule/norskopplæring. Vi såg raskt at tilbodet kunne omfatte også elevar på mellomtrinnet (5.-7.trinn), sidan behovet for intensiv norskopplæring vart stort også der. Det vart tilsett lærar med høg kompetanse innanfor fagområdet. Stillinga vart kombinert med undervisning i norsk for minoritetsspråklege vaksne.

Elevar i innføringsgruppa har kome frå Ytre Herøy ungdomsskule, Bergsøy skule og Einedalen skule. Undervisninga har blitt gitt i klasserom ved YHU.

Oversikt over elevar i innføringsgruppa (pr.des.2015):

- Ytre Herøy ungdomsskule:
 - 9.trinn: 2 elevar frå Serbia og Litauen
 - 10.trinn: 1 elev frå Syria
- Bergsøy skule (Borga):
 - 5.trinn: 2 elevar frå Syria og 1 elev frå Serbia
 - 6.trinn: 1 elev frå Serbia
 - 7.trinn: 1 elev frå Syria og 1 elev frå Serbia
- Einedalen skule:
 - 5.trinn: 1 elev frå Tsjekkia

Dei fleste elevane bur på Bergsøya, dei andre har fått busskort og skuleskyss. Nokre av elevane starta i august, andre har kome til etter kvart som dei har flytta hit i løpet av hausten.

Undervisning og læring

Elevane har fått undervisning i innføringsgruppa 12 t pr.veke, resten er dei elevar i ordinær klasse på eigen skule.

I innføringsgruppa arbeider ein etter "Læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar". Det er ein overgangsplan med tre nivå, og elevane som går i innføringsgruppa ligg på nivå 1 eller 2. Det vert ikkje sett karakterar i faget grunnleggjande norsk. Elevane har rett på særskilt norskopplæring til dei er ferdig med nivå 3 i læreplanen og kan fylgje ordinær læreplan i norsk.

Det er nødvendig med eit godt samarbeid mellom lærar i norsk og kontaktlærar på den skulen eleven høyrer til. Vi har erfart at dette ikkje alltid har fungert godt nok.

Det at elevane er fordelt på 5.-10.trinn har gått veldig fint i sjølve undervisninga. Elevane har sjølvsagt ulike interesser og er på ulike nivå i livet, men samtidig har dei det felles at dei er nye i Noreg og treng å lære norsk. Det er mykje det same dei treng å lære i starten, uavhengig av alder. Progresjonen har ofte meir å gjere med om dei har mykje eller liten skulebakgrunn frå heimlandet. Tilpassing og deling i grupper internt i gruppa, både etter nivå og alder, har gått fint for å tilpasse undervisninga. Elevane har stort sett fungert godt i

gruppa, uavhengig av alder, bakgrunn og morsmål. Det har vore noko meir utfordrande med ulik alder i friminutta og i det sosiale. Dei yngste vil gjerne ha meir leik, noko som er vanskeleg å legge til rette på uteområdet rundt YHU.

Det å ha tilbodet nært knytt opp mot Internasjonal skule har hatt ein kompetansemessig god effekt. Dette pga fagmiljø, struktur og tilgang til materiell.

I innføringsgruppa får elevane oppleve meistring frå første skuledag. Dette er viktig for at dei ikkje skal miste motivasjonen og gi opp. Det er lettare å legge til rette for tilpassing i denne gruppa, enn i eit klasserom med ordinær undervisning, særleg på ungdomstrinnet der fagspråket er meir komplisert og det vert stilt høge krav til elevane. I innføringsgruppa får elevane lære saman med andre elevar som er i same situasjon, og då får dei sjå at dei ikkje er åleine om å vere ny i Herøy og å ikkje kunne språket.

Vurdering av om tilbodet bør halde fram.

Utifrå dei erfaringane ein har gjort til no, meiner alle partar at tilbodet bør halde fram. Sidan dette har vore nybrottsarbeid, har ein også erfart og sett område som bør justerast i det ein går vidare.

Dette gjeld særleg rutinar for tettare kontakt mellom lærar i innføringsgruppa, kontaktlærar på skulen og heimane. Den tette kontakten er også viktig for at elevar i større grad skal få delta i aktivitetar som vil betre den sosiale integreringa inn mot elevar i eigen klasse. Dette kan vere deltaking i idrettsaktivitetar og praktiske-estetiske fag elles.

For neste skuleår, er det eit ønskje å auke timetalet, særleg i starten, slik at elevane får eit norsktilbod kvar dag. Dette vil vere eit spørsmål om ressursar og prioritering, samt ei vurdering utifrå mottak av flyktningar i denne aldersgruppa og statleg tilskot til opplæring av desse.

Så veit vi at gode norskkunnskapar er fundamentet for ei god integrering i lokalsamfunnet og høve til seinare utdanning og arbeid. Grunnlaget vert lagt i grunnskulealder, og vi må finne den beste og mest effektive måten å drive denne undervisninga på.

Konklusjon

Konklusjonen er at elevane som har delteke i dette tilbodet, har fått ei betre og meir systematisk norskopplæring enn det som elles hadde vore muleg. Dette sidan ein har samla ressursane, i staden for å spreie dei utover fleire skular, samt at ein gjennom dette også har samla undervisningsansvaret på ein lærar, med spesialkompetanse på området.

28.desember 2015
Sølvi Lillebø Remøy



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Barnehageavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2012/1859
		Arkiv:	B40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/16	Komite for oppvekst	27.01.2016
14/16	Kommunestyret	28.01.2016

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR. FORSLAG OM ENDRINGAR.

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner vedtekter for kommunale barnehagar med dei endringar som rådmannen foreslår: (alle endringar har «nytt punkt» eller «rådmannen foreslår å stryke punktet» skrive føre endringsteksta) Endringsforslaga finn ein i §§ 6 f, 7 a, d, 8 a, b, d, 10 b, e, 11d, 14, 15, 16 og 17

Særutskrift: Dei kommunale barnehagane

Saksopplysningar:

Vedtektene for kommunale barnehagar vart sist endra i 2012. Den gongen var endringane for å vere i samsvar med gjeldande lovverk og kommunal organisering. Det er no behov for nokre endringar for å vere i samsvar med Lov om barnehagar og kommunale vedtak (eks opningstid) og gjeldande praksis som ikkje har blitt vedtektsfesta tidlegare. For at vedtektene skal vere i samsvar med Lov om barnehagar og kommunale vedtak, må det ny tekst til i høve forskrift om foreldrebetaling, utestenging, prosedyrer for opptak (ankeplassar eller ikkje), registrering i enhetsregisteret, bemanning, teieplikt, opplysningsplikt, tilsyn. Alt dette har vore praktisert, men ikkje kome klart fram av vedtektene. Foreldre tek imot plass i barnehage på dei vilkår som vedtektene seier noko om, og det er viktig at foreldre får opplysningar for kva reglar kommunen har. Når ein har ei sak om endring, tek ein og med ei presisering på punkt som har vore uklære. (10b og e)

Vedtekter med endringsforslag:

§1 RETNINGSLINER

- a) Herøy kommune tek sikte på at:
Barnehagane skal drivast etter dei retningslinjer som er vedtekne i kommunestyret og dei krav som gjeld i lovverket.
- b) Drifta må vere i samsvar med dei avgjerder og retningslinjer som går fram av Barnehagelova og føresegnene til denne (rammeplanen), og med den fastsette årsplan for drifta.

§2 FORMÅL

a) Barnehagane skal gi barna eit godt miljø med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne, og slik fremme læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Ein skal legge vekt på å utvikle det einskilde barnet sin personlegdom, hjelpe barnet med å utvikle evne til toleranse og til å ha omsorg for andre, og gi høve til utfolding gjennom leik og aktivitet.

b) Saman med heimen skal dei tilsette hjelpe til med å gi barna eit miljø som sikrar dei individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, utfolding, læring og etisk rettleiing som fremmar demokrati og likestilling. Barna skal ha rett til medverknad tilpassa deira alder og føresetnader.

§3 EIGARTILHØVE OG FORVALTNING

- a) Herøy kommune eig og driv barnehagane. Komite for oppvekst har forvaltnings- og tilsynsansvar
- b) Administrasjonen ligg til barnehageavdelinga v/barnehageleiar

- c) Styrar har det pedagogiske og administrative ansvaret for alle barna som er i barnehagen i opningstida.
- d) Styrar utarbeider nødvendige kommentarar til vedtektene som vert handsama av Samarbeidsutvalet og lagt fram for Komite for oppvekst.
- e) Vedtektene og kommentarar skal gjerast kjende for føresette.
- f) Barnehagane skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i samsvar med §§ 4 og 5 i Lov 2005-06-17 med føreseger. I barnehagar med fleire avdelingar, er det to representantar frå foreldra, to representantar frå dei tilsette og to representantar frå eigar. I ein avdelings barnehagane er det ein representant frå foreldra, dei tilsette og frå eigar. Styrar vert enten velt inn som representant for dei tilsette eller møter som sekretær for utvalet med møte- og talerett.

§4 DELEGERING AV MYNDE

- a) Opptak av barn i barnehagen vert delegert til rådmannen
- b) Kommunal klagenemnd er ankeinstans
- c) Komite for oppvekst gis mynde til godkjenning av:
 - barnehagane
 - kommentar til vedtektene

§5 OPPTAK

- a) Søknad om opptak skal skje på fastsett elektronisk skjema, vedlagt nødvendig dokumentasjon. Hovudopptaket med plasstildeling frå august vert gjort i løpet av mars månad etter kunngjering i pressa. Eventuell klagebehandling skal vere ferdig i løpet av mai månad.
- b) Barn som har fått plass i barnehage beheld denne til dei byrjar på skule. Dersom ikkje anna tilråding ligg føre, får dei med delt plass 1. prioritet til heil plass ved ledig kapasitet.
- c) Etter særskilt vurdering og tilråding frå sakkunnig, kan barn gå 1. skuleår i barnehage.
- d) Opptaket er bindande frå den dagen ein takkar ja til plassen og til ein seier opp plassen. Oppseiing må vere skriftleg med minimum ein månads oppseiingstid. Oppseiingstida byrjar alltid den 1. i månaden etter oppseiingsdato. Det er ikkje høve til å sei opp plassen i tida 1. april til 1. august (siste frist for å sei opp plassen blir difor 1. mars). Dersom eit barn skal slutte etter 1. april, må barnehageavgift betalast ut barnehageåret sjølv om barnet ikkje nyttar tilbodet. Juli månad er betalingsfri.
- e) Kommunen kan legge ned / endre drifta av ein barnehage med tre månaders varsel.

§6 KRITERIE FOR OPPTAK

Dersom det er fleire søkjarar enn plassar ved barnehagane, skal følgjande moment takast med i vurderinga

- a) Barn busett i Herøy kommune vert prioritert til å få barnehageplass framfor barn som er busett i andre kommune.
- b) Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal ligge føre sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.
Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og tredje ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det er innført rett til barnehageplass for alle som søker innan fristen for hovudopptaket og fyller eitt år innan 31. august det året. Barn med rett til plass skal prioriterast framføre barn utan rett til plass. Barn med funksjonshemming og barn det er fatta vedtak etter Lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og tredje ledd skal prioriterast sjølv om dei ikkje har rett til plass etter fødselsdatokriteriet.
- c)
 - Særlege ting ved barnet si utvikling
 - Sjukdom i heimen
 - Vanskelege familietilhøve
 - Barn av nøkkelpersonale i barnehagen
 - Einsleg forsyttar i arbeid eller under utdanning
 - Begge føresette i arbeid
 - Dårlig eller farleg leikemiljø
 - Lang avstand til leikekamerater / lite nettverk
 - Sysken til barn som allereie har plass i barnehagen komande barnehageår
- d) Det må takast omsyn til alder, kjønn og mengda av dokumenterte problem i barnegruppa, slik at ein kan oppnå ei gruppesamansetjing som gir høve til individuell utvikling og gjensidig stimulering for barna i gruppa. Ei slik vurdering kan bety å ha tilstrekkeleg mange barn i same aldersgruppe/kjønn.
- e) Når det ikkje er grunnlag for prioritering etter barnehagelova eller opptakskriteria for kommunale barnehagar, og søkjarar elles står likt, vert det gjort loddtrekning.
- f) Ved hovudopptaket vert til saman tre plassar ved barnehagane halde ope til klagefristen er ute.

Pkt f.:

Rådmannen foreslår å stryke pkt f. Søkjarar blir svært frustrerte over å motta ein ankeplass. Uvissa dei må leve i fram til brev om endeleg plass er unødvendig så lenge barnehagedekninga er såpass god i Herøy. Det har ikkje vore klage på barnehageopptaket dei siste åra, og det er svært lenge sidan nokon klage har fått medhald. Skulle ei klage bli tatt til fylgje, held vi lova ved å sette den som klagar øvst på ventelista. Ordninga med ankeplassar er difor unødvendig.

- g) Ved ledig plass gjennom året, skal styrar vurdere ut frå opptakskriteria kven barn på ventelista som skal få tilbod om plass.

§7 OPNINGSTID

- a) Opphaldstid i barnehagane er innanfor tidsrommet 07.30-16.30, eller etter avtale med personalet 07.00-16.45. Denne forskyvinga kan berre gjerast om bemanninga er tilfredsstillande resten av dagen. Styrar avgjer dette.

Nytt punkt a) Opphaldstid i barnehagane er innanfor tidsrommet 06.45-17.00.

- b) Eventuell forskyving eller utviding av opningstid utover dette vert vedtatt av Komite for oppvekst etter framlegg frå den einskilde barnehage. Dersom forskyving/utviding av opningstid fører til store økonomiske meirutgifter, skal saka handsamast av kommunestyret.

- c) Barnehagane er opne måndag - fredag kvar veke. Dei er stengde laurdag og søndag, og på helge- og høgtidsdagar. Barnehagane er og stengde;

- frå og med onsdag i påskeveka, og til og med 2. påskedag
- frå og med julaftan til og med 1. nyårsdag
- fem planleggingsdagar per år

- d) Barna skal i løpet av driftsåret ha fire veker ferie, av desse minst tre veker samanhengande . Foreldrebetaling vert berekna for elleve månader.

Nytt pkt d) Barna skal i løpet av driftsåret ha fire veker ferie, av desse minst tre veker samanhengande i løpet av sommarmånadane.

e)

Ein avdelings barnehagane vert stengde i fire veker for ferieavvikling. Dersom større barnehagar skal halde opent i ferien, må det minst vere 5 barn som har behov for å vere i barnehagen kvar dag. Barnehagane kan samarbeide om å halde opent dersom ein vurderer det som ei tilfredsstillande løysing for barna det gjeld. Ein avdelings barnehagane kan og vurdere om dei vil vere med på ei slik ordning. Styrarane avgjer om ei slik løysing er tilfredsstillande.

§8 FORELDREBETALING

- a) Betalingssatsane er dei som kommunestyret til ei kvar tid fastset. Det vert i samsvar med forskrift om foreldrebetaling gitt 30% syskenmoderasjon for andre barn, og 50% syskenmoderasjon for øvrige barn i same familie (som bur i lag).

Nytt pkt a) Betalingssatsane skal vere i samsvar med sentralt bestemt maksimalpris samt kommunestyret si fastsetting av deltidsbetaling. Det vert i samsvar med forskrift om foreldrebetaling gitt 30% syskenmoderasjon for andre barn og 50% syskenmoderasjon for øvrige barn i same familie som bur i lag. Familiar med lav inntekt kan søke kommunen om redusert foreldrebetaling.

- b) Det vert krevd full betaling sjølv om barnet er fråverande grunna sjukdom/

andre årsaker. Dispensasjon kan gjevast etter søknad i kvart einskilt tilfelle.

Nytt tillegg til pkt b): Det vert ikkje gjeve fråtrekk for dei dagane barnehagen er stengd.

- c) Det vert rekna som overtid når opphaldstida for ein dag overstig opningstida. Det vert krevd overtidsbetaling når barna vert henta etter stenetid.
- d) Innbetalingskort vert sendt dei føresette før barnet tek til i barnehagen. Barnehageavgifta skal betalast på forskot. Betalingsfrist den 15. i kvar månad. Manglande betaling fører til utestenging. Skuldig barnehageavgift må vere betalt før barnet/familien igjen kan få tildelt ein barnehageplass.
Nytt pkt d) Faktura vert sendt dei føresette før barnet tek til i barnehagen. Barnehageavgifta skal betalast på forskot. Betalingsfrist er den 16. i kvar månad. Manglande betaling fører til utestenging. Resten av punktet vert stroke, då det er lovstridig. (barnet har rett til plass ved neste opptak)

§9 AREALUTNYTTING

Arealutnyttinga vert sett til:

- a) Heildagstilbod for barn over tre år: 4 m²
- b) Heildagstilbod for barn under tre år: 5,33m²

§10 HELSE OG HYGENISKE TILHØVE

- a) Helsetilsyn og kontroll av hygieniske tilhøve ved verksemdene vert utført etter initiativ frå helseavdelinga.
- b) Barn som er sjuke må ikkje møte opp. Med sjuke barn meiner ein barn som har feber, omgangssjuke, utslett eller andre smittsame sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan vere ute eller må ha ro. Dersom det er alvorleg smittsam sjukdom i heimen, må barnet heller ikkje møte. Ved fråver skal heimen melde frå til styrar eller pedagogisk leiar snarast råd.
Nytt tillegg til pkt b) Barnehagane fylgjer helsedirektoratet si vegleiarande norm for handtering av sjukdom.
- c) Styrar melder frå til helsestasjon, helseavdeling, barnevern dersom det er grunn til bekymring for barnet/barna si utvikling.
- d) Når det gjeld barn med funksjonshemming eller som står i fare for å utvikle funksjonshemming, skal styrar i samråd med føresette ta initiativ til nødvendig kontakt med helsestasjon eller den pedagogisk psykologiske rådgivingstenesta, eventuelt andre sakkunnige instansar.
- e) Leiar fører kartotek for kvart einskilt barn der viktige data om barnet er registrert. Det vert ført protokoll over fråver.

Nytt pkt e) Barnehagen har mappe for kvart einskild barn der leiar registrerer viktige data om barnet.
Det vert ført protokoll over fråver.

§11 ANSVAR

- a) Barnehagane har ansvar for barnet i den tildelte opphaldstida.
- b) Herøy kommune teiknar kollektiv ulykkesforsikring for barna.
- c) Kvar barnehage skal utarbeide eit internkontrollsystem. Barnehagen skal til ei kvar tid kunne dokumentere kva internkontrollsystem den har.
- d) **Nytt punkt:** Den einskilde kommunale barnehage er registrert i einheitsregisteret.

§12 MAT – KLEDE

- a) Barna får ete under tilsyn i ordna måltid. Lunsjmåltidet vert laga til i barnehagen.
- b) Utgifter barnehagen har til frukt, mjølk og mat til dei ordinære måltida kjem i tillegg til barnehagekontigenten, og vert fakturert saman med denne.
- c) Barna må vere reine og ha reine klede tilpassa ver og årstid. Dei må ha klede til inne- og utebruk. Eitt ekstra klesskift må ligge i barnehagen.
- d) Barnehagen tek ikkje ansvar for kle / egedelar som ikkje er merka.

§13 ÅRSPLANAR

Ved kvar barnehage skal det utarbeidast årsplan for drifta. Samarbeidsutvalet ved barnehagen skal med utgangspunkt i nasjonal og lokal rammeplan fastsette ein årsplan for det pedagogiske innhaldet. Årsplanen vert sendt ut til alle foreldre og til barnehageleiar. Den vert og lagt ut på Herøy kommune si heimeside www.heroy.kommune.no

§14 BEMANNING

Nytt punkt:

Rettleiande norm for bemanning i barnehagen:

Det skal vere minst ein pedagogisk leiar per 14-18 barn når barna er over 3 år.

Dersom barna er under 3 år skal det vere minst ein pedagogisk leiar per 7-9 barn.

Ved utvida barnegrupper vil pedagogisk bemanning bli auka for å sikre ei samla pedagogisk bemanning i samsvar med lovverket.

Rettleiande norm for totalbemanning er eitt årsverk per 6 barn over tre år og 3 barn under 3 år.

Dei som skal arbeide i barnehage, må legge fram godkjend politiattest.

§ 15 TEIEPLIKT

Nytt punkt:

For all barnehageverksemd gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§13 til §13f. Alle tilsette skal skrive under erklæring om teieplikt før dei tek til i jobben.

§16 Opplysningsplikt

Nytt punkt:

Barnehagepersonalet skal gi sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta bistand i klientsaker, jfr. § 21 i Lov om barnehagar. §22 i Lov om barnehagar understrekar at heile personalet har meldeplikt over for barnevernstenesta i samband med mistanke om barnemishandling og alvorleg omsorgssvikt.

§17 TILSYN

Nytt punkt:

Kommunen sitt barnehagetilbod, godkjenningsansvar og tilsynsansvar er fastsett i §§ 8,10 og 16 i Lov om barnehagar.

Kommunen skal føre tilsyn med både kommunale og private barnehagar.

Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve i den enkelte barnehage. Dersom fristen for å etterkome pålegget ikkje vert halden, eller om tilhøva ikkje let seg rette opp, kan kommunen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda. Eit slikt vedtak skal sendast fylkesmannen til orientering. Vedtak om retting og stenging kan påklagast til fylkesmannen.

§14 ENDRING AV VEDTEKTENE

Kommunestyret godkjenner vedtektene for dei kommunale barnehagane etter framlegg frå komite for oppvekst.

Vurdering og konklusjon:

Vedtekter for kommunale barnehagar med endringar er i samsvar med Lov om barnehagar og gjeldande praksis i barnehagane.

Fosnavåg, 04.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Barnehageavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2012/257
		Arkiv:	A11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/16	Komite for oppvekst	27.01.2016
15/16	Kommunestyret	28.01.2016

ORIENTERING OM TILSYN ETTER BARNEHAGELOVA I PRIVATE BARNEHAGAR

Tilråding:

Orientering om tilsyn i private barnehagar vert teken til vitande.

Særutskrift: Huldal barnehage, Sirlihaugen barnehage, Gnist barnehager Myklebust, Troll-myra barnehage, Troll-lia barnehage

Uprenta vedlegg:

1. Sjekkliste
2. Plan for tilsyn
3. Tilsynsrapport Huldal barnehage
4. Tilsynsrapport Sirlihaugen barnehage
5. Tilsynsrapport Troll-myra barnehage
6. Tilsynsrapport Grønmyr barnehage Myklebust
7. Tilsynsrapport Troll-lia barnehage

Saksopplysningar:

Lov om barnehagar pålegg kommunen å føre tilsyn med både private og kommunale barnehagar, d.v.s kommunen har plikt og rett til innsyn i all barnehageverksemd.

Kommunen brukar plan for tilsyn/skjema for tilsynsbesøk som vart godkjend i F-sak 332/2007 samt sjekkliste/intervjuskjema som er utarbeidd i barnehagenettverket i Sjustjerna.

Det er delegert til barnehageleiar å utøve tilsyn i både kommunale og private barnehagar. For å sikre mest muleg objektivitet ved tilsynet samarbeider kommunene i barnehagenettverket Sjustjerna om gjennomføring av tilsyn. På denne måten er det alltid to med barnehagefagleg kompetanse som er til stades på tilsynet.

Det vart hausten 2014 og våren 2015 gjennomført tilsynsbesøk i dei private barnehagane Huldal barnehage, Sirlihaugen barnehage, Gnist barnehager Myklebust, Troll-myra barnehage og Troll-lia barnehage.

Barnehagane fekk varsel om tilsynsbesøk med foreslått tidspunkt i god tid, samt skjema som peikar på tema ein ville ta opp og drøfte. I varslingsbrevet vart det peika på at ein gjerne ville møte både styrar, pedagogisk leiar, assistent og representant frå foreldra. I tillegg vart det varsla om at kommunen ville nytte intervjumetode med ein person i gongen. Dette for å få eit betre grunnlag for å vurdere om det er samsvar mellom planar og faktiske handlingar.

I tillegg til intervju på varsla lovparagrafer vart fylgjande hovudpunkt tatt opp med styrar under tilsynsbesøket:

Barnehagen sitt internkontrollsystem, samarbeidsutvalet sin funksjon, bemanning, opplysning om barnegruppene, barnehagen sitt innhald, årsplan og rammeplan.

Varsla tema som vart tatt opp ved intervjumetoda var:

1. § 1 i Lov om barnehagar, «Formål»
2. § 4 i Lov om barnehagar, «Foreldreråd og samarbeidsutvalg»
3. § 17 i Lov om barnehagar, «Styrer»
4. § 18 i Lov om barnehagar, «Barnehagens øvrige personale»

Avvik

(avvik dreier seg om at krav som er gjeve i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte)

Ingen av barnehagane fekk avvik på varsla lovparagrafar.

Merknad

(merknad er forhold som ikkje er i strid med krav i lova, men der tilsynsorganet finn grunn til å påpeike ting som bør endrast på)

Huldal barnehage:

Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.

Andre forhold:

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:
Årsplan
Huldal barnehage arbeider etter årsplan 2014/15 og informasjonsdokument 2013-2017
Visjonen til barnehagen er: Det skal vere stort å vere liten i Huldal barnehage med slagordet «Raushet og glede – vaksne tilstede!»
Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Planane er gode og har med alle område som er forventa frå tilsynsmyndigheita. Barnehagen gjer og eit godt arbeid med å evaluere det pedagogiske innhaldet. Det var godt samsvar mellom planar og det som vart sagt i intervju.
3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov
4. Internkontroll: Vi viser til forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges».
Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.
Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen to gongar i året. I tillegg har barnehagen til no hatt ekstern kontroll av leikeapparata ca. annakvart år.
5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

- §1 «Formål» – alle som vart intervjuar viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.
- §4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjuar viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval, og at dette fungerte slik som det skal etter intensjonen i lova.
- §17 «Styrer» Huldal barnehage har 100% styrarstilling der 60% er avsett til administrasjon. Resten av stillinga, 40% er knytt til pedagogisk leiarfunksjon på avdeling. Styrar har godkjent utdanning.
- §18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i faste stillingar har godkjent utdanning. Pedagognormen er over rettleiande norm, dvs 1 ped. leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Grunnbemanning er 6 barn over 3 år og 3 barn under tre år pr årsverk.

Huldal barnehage er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Huldal barnehage er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjuar stadfeste. Han var svært godt nøgd med barnehagen. Han peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Det beste med barnehagen var godt kvalifisert personale og at det var ein liten

barnehage som det var lett å ha oversikt/bli kjent i. Dette gjer at foreldre føler seg trygge på at barna har det godt i barnehagen. Barna viser trivsel og glede i barnehagekvardagen.

Sirlihaugen barnehage:

Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.

Barnehagen fekk to merknader ein forventar barnehagen tek tak i med ein gong og ved neste årsplan.

Merknad/ Andre forhold:

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.

2. Innhaldet i barnehagen:

Årsplan

Sirlihaugen barnehage arbeider etter årsplan 2014/15 og verksemdsplan for 2012 - 2016

Visjonen til barnehagen er: « Sirlihaugen barnehage, ein trygg , god start».

Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Barnehagen gjer eit godt arbeid med å evaluere det pedagogiske innhaldet.

Merknad1: «Tilsynet oppmodar om at barnehagen i årsplanen seier noko om korleis ein arbeider med likestilling og forebygging av mobbing i barnehagen»

3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov

4. Internkontroll:

Merknad 2: Tilsynet fann på synfaringa i barnehagen vaskemiddel som ikkje var oppbevart på tilfredsstillande trygg måte. Dette skal oppbevarast innelåst. Vi viser til forskrift om «miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges». Barnehagen har gode rutiner på dette området, men desse må skjerpast umiddelbart.

Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.

Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen to gongar i året. I tillegg har barnehagen ekstern kontroll av leikeapparata annakvart år.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad

Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

- §1 «Formål» – alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.
- §4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.
- §17 «Styrer» Sirlihaugen barnehage har 100% styrarstilling der heile stillinga er administrativ. Styrar har godkjent utdanning.
- §18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i faste stillingar har godkjent utdanning. Pedagognormen er over rettleiande norm, dvs 1 ped. leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Sirlihaugen har ein pedagog med godkjent utdanning i tillegg. Totalt har dei 4 årsverk pedagogiske leiarar og 1 årsverk pedagog. Grunnbemanning viser ca 5,3 barn over 3 år per årsverk tilsett personale.

Sirlihaugen barnehage er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Sirlihaugen barnehage er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldreprerentanten som vart intervjuast stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Ho opplevde god stabilitet og kompetanse blant dei tilsette, noko som førte til at foreldre følte seg særst trygge på å ha barna i denne barnehagen. Barna viste trivsel og glede i barnehagekvardagen.

Gnist barnehager Myklebust

Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.

Barnehagen fekk to merknader ein forventar barnehagen tek tak i med ein gong og ved neste årsplan.

Merknad/ Andre forhold:

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:

Årsplan

Gnist barnehager Myklebust arbeider etter årsplan 2014/15.

Visjonen til barnehagen er: « Med respekt for barn, føresette og tilsette utviklar vi landets beste barnehagar». Verdiane til barnehagen er: « Kompetent, engasjert, effektiv, nytenkende». Barnehagen sender ut månadsplan til foreldra. Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan, og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Barnehagen gjer eit godt arbeid med å evaluere det pedagogiske innhaldet.

Merknad 1: Tilsynet oppmodar om at barnehagen i årsplanen seier litt meir om korleis ein arbeider med likestilling i barnehagen. Personalet viste at dei i praksis har bevisstheit om å ha fokus på likestilling, men har ikkje synleggjort dette i årsplanen.

3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov

4. Internkontroll:

Merknad 2: Tilsynet fann på synfaringa i barnehagen at nøkkelen sto i medisinskapet på eitt av bada. Barnehagen har rutiner for at dette ikkje skal skje, og må skjerpe rutinene. Tilsynet observerte og eit velbrukt stallebord med store hol i trekket. Vi viser til forskrift om «miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges». Barnehagen ville fjerne stallebordet omgåande.

Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.

Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av uteleikeplassen kvart kvartal. I tillegg har barnehagen ekstern årleg kontroll av leikeapparata. Barnehagen har planar om oppgradering av uteleikeplassen i løpet av inneverande barnehageår. Dette er i skrivande stund utført.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

- §1 «Formål» – alle som vart intervjuar viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.
- §4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjuar viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.
- §17 «Styrer» Gnist barnehager Myklebust har styrar i 100% stilling der heile stillinga er administrativ. Styrar har godkjent utdanning.
- §18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i faste stillingar har godkjent utdanning. Pedagognormen er i samsvar med rettleiande norm, dvs 1 pedagogisk leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Totalt blir det 8 årsverk pedagogiske leiarar. På grunn av permisjonar, er 1,6 årsverk på dispensasjon frå kravet om barnehagelærerutdanning. Grunnbemanning viser ca 7 barn per tilsett.

Gnist barnehager Myklebust er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Gnist barnehager Myklebust er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjuar stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Ho opplevde gjensidige tilittsforhold. Ho merka glød og engasjement blant personalet, og dette merka ho og når ho møtte dei utanom barnehagetida.

Troll-myra barnehage:

Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.

Andre forhold:

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:
 Årsplan
 Troll-myra barnehage arbeider etter årsplan 2014/15 og langtidsplan 2013-2016
 Visjonen til barnehagen er: Hjerte <3 for barna
 Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Planane er gode og har med alle område som er forventa frå tilsynsmyndigheita. Barnehagen gjer og eit godt arbeid med å evaluere det pedagogiske innhaldet. Det var godt samsvar mellom planar og det som vart sagt i intervjuar.
3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov
4. Internkontroll: Vi viser til forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges».
Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.
 Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen saman med vaktmester og verneombod

annan kvar måned. I tillegg har barnehagen til no hatt ekstern kontroll av leikeapparata ca. annakvart år.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

- §1 «Formål» – alle som vart intervjuet viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.
- §4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjuet viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.
- §17 «Styrer» Troll-myra barnehage har 100 % styrarstilling som er delt likt mellom Troll-myra og Troll-lia barnehage (50% på kvar) I tillegg har eigarane assisterande styrarfunksjon i kvar si 100% stilling.
Styrar har godkjent utdanning. Eigarane/styrarassistentane har ikkje godkjent utdanning. Dette er ei ordning som vart «særgodkjend» ved oppstart av Troll-myra barnehage i 2006.
Ordninga er evaluert av barnehagane og dei rapporterer at den fungerer godt.
- §18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i faste stillingar har godkjent utdanning. Pedagognormen er over rettleiande norm, dvs 1 ped. leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Per d.d er det to pedagogiske leiarar som er ute i fødselspermisjon. Om ein ikkje får kvalifiserte søkjarar, må barnehagen søkje om dispensasjon frå utdanningskravet.
Grunnbemanning er 6 barn over 3 år og 3 barn under tre år pr årsverk.

Ved tilsynet 09.04.2015 vart det ikkje avdekka avvik eller merknad i forhold til det lovverket som tilsynet hadde fokus på.

Troll-myra barnehage er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Troll-myra barnehage er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldreprerentanten som vart intervjuet stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Dette gjorde at foreldre følte seg trygge på å ha barna i barnehagen. Barna viste trivsel og glede i barnehagekvardagen. Ho var særskildt godt nøgd med at barna fekk oppleve mykje turar og uteliv.

Troll-lia barnehage

Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.

Andre forhold:

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:

Årsplan

Troll-lia barnehage arbeider etter årsplan 2014/15 og langtidsplan 2013-2016

Visjonen til barnehagen er: Hjerte <3 for barna

Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Planane er gode og har med alle område som er forventet frå tilsynsmyndigheita. Barnehagen gjer og eit godt arbeid med å evaluere det

pedagogiske innhaldet. Det var godt samsvar mellom planar og det som vart sagt i intervju.

3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov
4. Internkontroll: Vi viser til forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges».

Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.

Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen ca to gongar per år. I tillegg har barnehagen hatt ekstern kontroll av leikeapparata ca. annakvart år. Det er nettopp utført slik ekstern kontroll. Barnehagen har gode rutiner for lukking av avvik.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

- §1 «Formål» – alle som vart intervju viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.
- §4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervju viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.
- §17 «Styrer» Troll-lia barnehage har 100 % styrarstilling som er delt likt mellom Troll-myra og Troll-lia barnehage (50% på kvar) I tillegg har eigarane assisterande styrarfunksjon i kvar si 100% stilling.
Styrar har godkjent utdanning. Eigarane/styrarassistentane har ikkje godkjent utdanning. Dette er ei ordning som vart «særgodkjend» ved oppstart av Troll-myra barnehage i 2006.
Ordninga er evaluert av barnehagane og dei rapporterer at den fungerer godt.
- §18 «Barnehagens øvrige personale»
Barnehagen har to pedagogar som har dispensasjon frå utdanningskravet. Desse held på med førskulelærerutdanning. I tillegg har ein av dei fast tilsette pedagogane gått ut i fødselspermisjon. Resten av pedagogane har godkjent utdanning.
Pedagognormen er over rettleiande norm, dvs 1 ped.
leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år.

Grunnbemanning er 6 barn over 3 år og 3 barn under tre år pr årsverk.

Ved tilsynet 03.06.2015 vart det ikkje avdekka avvik eller merknad i forhold til det lovverket som tilsynet hadde fokus på.

Troll-lia barnehage er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Troll-lia barnehage er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldreprerentanten som vart intervju stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Ho var særst godt nøgd med at barnehagen hadde så variert og kupert uteområde.

Oppsummering/Vurdering og konklusjon:

Drifta i private barnehagar er i samsvar med lovverket, og kommunen overheld slik sitt ansvar i høve barnehagelova § 8 og 16 når det gjeld at kommunen skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane vert drive i samsvar med gjeldande lovverk. Kommunen som tilsynsmynde tek sikte på å gjennomføre eit varsla tilsynsbesøk ca. anna kvart år eller tredje kvart år i både kommunale og private barnehagar. Innimellom kan kommunen og velje dokumenttilsyn i stadenfor å møte opp i barnehagen.

Konsekvensar for folkehelse: Gode barnehagar er bra for folkehelsa

Konsekvensar for beredskap: Positivt for beredskap at barnehagen har gode rutiner

Konsekvensar for drift: Ingen

Fosnavåg, 10.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

4 a).

Skjema til bruk i arbeidet med kommunen sitt tilsyn av ikkje-kommunale barnehagar.

TILSYN IBARNEHAGE

EIGAR.....

STYRAR.....

Tlf:.....Mail.....

Skjema kan nyttast ved tilsynet og brukast som grunnlag for tilsynsrapport.

Barnehagen fyller ut på førehand så mykje som råd, og returnerer til kommunen ei veke før tilsyn.

Skjema vert gjennomgått i barnehagen saman med styrar og som felles oppsummering etter tilsyn.

Tidspunkt for tilsynsbesøk:

Besøket var varsla i brev dagsett:

Til stades frå barnehagen:

Styrar:

Pedagogisk leiar/førskulelærer(tillitsvald):.....

Fagarbeidar/assistent(tillitsvald):.....

Foreldrerepresentant.....

Eigar sin representant:.....

Til stades frå eigen kommune:.....

Til stades frå anna kommune.....



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

1. BARNEHAGEN SITT SAMARBEIDSUTVAL

Opplysningar etter Lov om barnehagar § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval

Har barnehagen samarbeidsutval?

Ja / Nei

Gi opplysningar om barnehagen sitt samarbeidsutval, med leiar som første namn:

	Namn	Representerer: (eigar/personale/foreldre)
Leiar:		
Medlemmar:		

A. Samarbeid med foreldre/føresette

Kva for saker vert tekne opp i samarbeidsutvalet?

.....

.....

.....

Kva for saker vert tekne opp i foreldrerådet?

.....

.....

.....

Korleis er samarbeidet mellom foreldre og barnehage lagt til rette? Kva for ordningar/rutinar har barnehagen?

.....

.....

.....

Har barnehagen system for avviksmeldingar ved skriftlege klager frå foreldra? Ja / Nei

Korleis vert uformelle (ikkje skriftlege) klager frå foreldre handsama? (småting i kvardagen)

.....

.....

.....



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

1. BARNEHAGEN SITT INNHOLD

Tema sjåast i samband med § 2 i Lov om barnehagar, barnehagen sitt innhald, om barn sin rett til medverknad §4, samt rammeplanen og barnehagen sin årsplan.

A. Årsplan og utviklingsarbeid

	Ja	Nei
Er barnehagen sin årsplan sendt tilsynsmynde?		
Er årsplan fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval?		
Har foreldre teke del i/medverka i utviklinga av årsplan?		
Har foreldre fått utdelt årsplanen?		
Er barnehagen sine satsingsområde og profil tydelege?		
Er det nedfelt planar for overgang barnehage- skule i årsplan?		
Arbeider barnehagen med særskilde prosjekt?		

Dersom ja – kva for prosjekt?

.....

.....

.....

Årsplan for barnehagen må vere tilgjengeleg ved tilsynet.

Rammeplanen gir retningslinjer for barnehagen sitt innhald og oppgåver. **Noter ein kommentar** om innhaldet i årsplanen sett i lys av rammeplanen, for eksempel plan for evaluering, utfordringar i årsplanarbeidet, særskilte tilhøve rundt prosessen, andre ting..



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

B. Samarbeid med andre instansar

Har barnehagen kontakt og samarbeid med andre instansar? Ja / Nei

Dersom ja – kva for?

.....

.....

.....

.....

C. Brukarundersøking og vurderingsarbeid

Vert det gjennomført brukarundersøking? Ja / Nei

Dersom ja – korleis vert den utført, kor ofte, og kva for resultat er komne fram ?

.....

.....

.....

.....

D. Medverknad

Korleis vert borna sin rett til medverknad teken i vare? Har de konkretisert i årsplan korleis de vil arbeid med å leggje til rette for barn sin rett til medverknad?

.....

.....

.....

.....

E. Vurdering av eiga verksemd

Vurderer barnehagen si verksemd? Ja / Nei

Korleis?

.....

.....

.....

.....



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

2. VEDTEKTER

Sjå til at barnehagen har vedtekter og at desse inneheld avgjerder i samsvar med Lov om barnehagar § 7

Oversikt over barnehagen si organisering og drift.

Sjå til at kommunen har oppdaterte vedtekter for barnehagen.

